



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 37

(2006–2007)

Om lov om endringar i friskolelova

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	7	8.2.6	Skolar som er etablerte og drivne på internasjonalt grunnlag	33
2	Bakgrunnen for lovforslaget	8	8.2.7	Grendeskolar	35
2.1	Behovet for ny lov	8	8.2.8	Skolar for funksjonshemma	36
2.2	Behovet for avklaring mellom friskolelova og fagskolelova	8	8.2.9	Opplæring i kombinasjon med toppidrett	37
2.3	Forslag til andre lovendringar	9	8.3	Dei eksisterande frittstående skolane	38
3	Høringa	10	8.3.1	Høringsforslaget frå departementet .	38
3.1	Høringsutsendinga	10	8.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane	38
3.2	Innkomne høringsfråsegner	10	8.3.3	Vurderingar og forslag frå departementet	39
4	Oversikt over Noregs folke- rettslege plikter	13	8.4	Godkjenningsordninga	39
4.1	Konvensjonar som sikrar barns rettar, rett til utdanning m.m.	13	8.4.1	Departementet si vurdering av søknader om godkjenning etter lova	39
4.2	Internasjonale plikter på institusjonsnivå	16	8.4.2	Tidsfrist for oppstart og nedlegging av skoleverksemda	41
5	Oversikt over grunnopplæringa i Noreg	17	8.4.3	Flytting av skoleverksemda	43
5.1	Offentleg og privat grunnopplæring	17	8.4.4	Undervisningsspråk og krav om at dokument som gjeld skolane, skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk	43
5.2	Val av privat skole	17	8.4.5	Forsøk	44
6	Tittelen på lova	19	9	Vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar	46
6.1	Gjeldande rett	19	9.1	Gjeldande rett	46
6.2	Høringsforslaget frå departementet .	19	9.2	Høringsforslaget frå departementet .	46
6.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	19	9.3	Synspunkta frå høringsinstansane	47
6.4	Vurderingar og forslag frå departementet	20	9.4	Vurderingar og forslag frå departementet	48
7	Verkeområdet til lova	21	10	Krav til drifta av skolane	50
7.1	Gjeldande rett	21	10.1	Gjeldande rett	50
7.2	Høringsforslaget frå departementet	21	10.2	Forbodet mot å drive anna verksemd	50
7.3	Synspunkta frå høringsinstansane ..	21	10.2.1	Høringsforslaget frå departementet .	50
7.4	Vurderingar og forslag frå departementet	22	10.2.2	Synspunkt frå høringsinstansane	51
8	Godkjenning med rett til tilskot ..	25	10.2.3	Vurderingar og forslag frå departementet	52
8.1	Gjeldande rett	25	10.3	Registreringsplikta	52
8.2	Krav til grunnlag	25	10.3.1	Høringsforslaget frå departementet .	52
8.2.1	Innleiing	25	10.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane	53
8.2.2	Skolar som blir etablerte og drivne på religiøst grunnlag	26	10.3.3	Vurderingar og forslag frå departementet	54
8.2.3	Skolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning	27	10.4	Minimumskrav til elevtal	55
8.2.4	Norske skolar i utlandet	30	10.4.1	Høringsforslaget frå departementet .	55
8.2.5	Skolar som skal fylle eit kvantitativt undervisningsbehov	32	10.4.2	Synspunkt frå høringsinstansane	56
			10.4.3	Vurderingar og forslag frå departementet	58

11	Krav til læreplanar og elevvurdering	60	15.2	Høringsforslaget frå departementet .	75
11.1	Gjeldande rett	60	15.3	Synspunkta frå høringsinstansane	76
11.2	Høringsforslaget frå departementet .	60	15.4	Vurderingar og forslag frå departementet	76
11.3	Synspunkt frå høringsinstansane	61	16	Tilsyn og sanksjonar	77
11.4	Vurderingar og forslag frå departementet	62	16.1	Gjeldande rett	77
12	Inntak av vaksne	64	16.2	Høringsforslaget frå departementet .	77
12.1	Gjeldande rett	64	16.3	Synspunkta frå høringsinstansane	78
12.2	Høringsforslaget frå departementet .	64	16.4	Vurderingar og forslag frå departementet	79
12.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	64	17	Andre forslag til endringar	81
12.4	Vurderingar og forslag frå departementet	65	17.1	Formålsføresegna i lova	81
13	Organisering av elevar i grupper	67	17.1.1	Gjeldande rett	81
13.1	Gjeldande rett	67	17.1.2	Høringsforslaget frå departementet .	81
13.2	Høringsforslaget frå departementet .	67	17.1.3	Synspunkta frå høringsinstansane	81
13.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	68	17.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet	81
13.4	Vurderingar og forslag frå departementet	68	17.2	Krav til skoleanlegg og skolemiljø	81
14	Offentleg tilskot og skolepengar .	69	17.2.1	Gjeldande rett	81
14.1	Offentleg tilskot til skolar og skolepengar	69	17.2.2	Høringsforslaget frå departementet .	82
14.1.1	Gjeldande rett	69	17.2.3	Synspunkta frå høringsinstansane	82
14.1.2	Om særskilde budsjettvedtak	69	17.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet	82
14.2	Høringsforslaget frå departementet .	69	17.3	Særskild språkopplæring for elevar i utlandet	83
14.2.1	Synspunkta frå høringsinstansane ...	70	17.3.1	Gjeldande rett	83
14.2.2	Vurderingar og forslag frå departementet	70	17.3.2	Høringsforslaget frå departementet .	83
14.3	Krav til korleis skolane bruker offentlege tilskot og skolepengar	71	17.3.3	Synspunkta frå høringsinstansane	83
14.3.1	Gjeldande rett	71	17.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet	84
14.3.2	Høringsforslaget frå departementet .	71	17.4	Helsetilsyn	84
14.3.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	71	17.4.1	Gjeldande rett	84
14.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet	72	17.4.2	Høringsforslaget frå departementet .	84
14.4	Tilskot til skyss og innlosjering i utlandet	73	17.4.3	Synspunkta frå høringsinstansane	84
14.4.1	Gjeldande rett	73	17.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet	84
14.4.2	Høringsforslaget frå departementet .	73	17.5	Bortvising som følge av manglande betaling av skolepengar m.m.	84
14.4.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	73	17.5.1	Gjeldande rett	84
14.4.4	Departementets vurderingar og forslag	73	17.5.2	Høringsforslaget frå departementet .	85
14.5	Tilskot til skolepengar og komplette- rande undervisning	74	17.5.3	Synspunkta frå høringsinstansane	85
14.5.1	Gjeldande rett	74	17.5.4	Vurderingar og forslag frå departementet	86
14.5.2	Høringsforslaget frå departementet .	74	17.6	Klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring	86
14.5.3	Synspunkta frå høringsinstansane ...	74	17.6.1	Gjeldande rett	86
14.5.4	Vurderingar og forslag frå departementet	74	17.6.2	Høringsforslaget frå departementet .	86
15	Krav til rekneskapsføring m.m. ..	75	17.6.3	Synspunkta frå høringsinstansane	86
15.1	Gjeldande rett	75	17.6.4	Vurderingar og forslag frå departementet	86
			17.7	Tilsetjing av undervisningspersonale	86
			17.7.1	Gjeldande rett	86

17.7.2	Høringsforslaget frå departementet .	87	18	Økonomiske og administrative	
17.7.3	Synspunkta frå høringsinstansane	87		konsekvensar av lovforslaget	89
17.7.4	Vurderingar og forslag frå departe-		19	Merknader til dei enkelte føre-	
	mentet	87		segnene i lovforslaget	90
17.8	Oppgåvene for styret	87		Forslag til lov om endringar i	
17.8.1	Gjeldande rett	87		friskolelova	97
17.8.2	Høringsforslaget frå departementet .	87			
17.8.3	Synspunkta frå høringsinstansane	87			
17.8.4	Vurderingar og forslag frå departe-				
	mentet	88			



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 37

(2006–2007)

Om lov om endringer i friskolelova

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 23. mars 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kunnskapsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova).

I Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) *Om lov om endringer i friskoleloven og fagskoleloven* la departementet m.a. fram forslag til mellombels endringar i friskolelova for å stoppe veksten av friskolar inntil ny lov er på plass. For å leggje grunnlaget for ei god og heilskapleg utgreiing fram mot ny privatskolelov, var det nødvendig med ein generell stans i godkjenninga av nye skolar i ein tidsavgrensa periode. Forslaga til mellombels lovendringar vart vedtekne, og tredde i kraft 9. juni 2006. I samsvar med det som vart varsla i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) legg departementet med dette fram forslag til heilskaplege lovendringar i samsvar med regjeringa sitt syn på private skolar slik dette vart presentert i den politiske plattformen for fleirtalsregjeringa (Soria Moria-erklæringa). Det går fram av erklæringa at

«Regjeringen vil gjennomgå regelverk og støtteordninger for private skoler for å stramme inn utbredelsen av private skoler som ikke utgjør et religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlige skolen.»

Forslaga i proposisjonen omfattar endringar på desse områda:

- Tittelen på lova (kapittel 6)
- Verkeområdet til lova (kapittel 7)
- Godkjenning med rett til tilskot (kapittel 8)
- Vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar (kapittel 9)
- Krav til drifta av skolane (kapittel 10)
- Krav til læreplanar og elevvurdering (kapittel 11)
- Inntak av vaksne (kapittel 12)
- Organisering av elevar i grupper (kapittel 13)
- Offentleg tilskot og skolepengar (kapittel 14)
- Krav til rekneskapsføring m.m. (kapittel 15)
- Tilsyn og sanksjonar (kapittel 16)

Andre, mindre forslag til lovendringar er samla i kapittel 17 i proposisjonen.

I kapittel 4 i proposisjonen er det gitt ei oversikt over Noregs folkerettslege plikter, medan det i kapittel 5 er gitt ei oversikt over grunnopplæringa i Noreg. I kapittel 18 er det gjort greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovforslaget.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Behovet for ny lov

Den offentlege fellesskolen har lenge vore ein grunnpilar i det norske samfunnet. Fellesskolen har det siste hundreåret utvikla seg frå 7-årig folkeskole, gjennom 9-årig grunnskole og fram til innføringa av 10-årig grunnskole med ei senka alder for skolestart frå sju til seks år frå og med hausten 1997. Den offentlege fellesskolen har historisk sett hatt avgjerande betydning for utviklinga av eit demokratisk og produktivt velferdssamfunn. Fellesskolen, med lik rett til opplæring for alle – uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn, evner og anlegg, religiøs eller kulturell bakgrunn og geografi – har medverka til å sikre eit felles kunnskaps-, verdi- og kulturgrunnlag i befolkninga. Satsinga på fellesskolen har vore viktig.

Fellesskoletanken har tradisjonelt vore knytt til den obligatoriske grunnskolen. Innføring av rett til tre års vidaregåande opplæring for unge har likevel i praksis samla det store fleirtalet av norske elevar i eit arbeids- og læringsfellesskap gjennom 13-årig opplæring. Lovgrunnlaget for grunnskole og vidaregåande opplæring er samla i ei felles opplæringslov. I Kunnskapsløftet er det fastsett felles læreplanar for gjennomgåande fag i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. Dermed har ein dei siste tiåra sett klare spor av fellesskoletenkinga også innanfor utviklinga av den vidaregåande opplæringa.

Skolar i privat eige har, i motsetning til i mange andre land, stått for ein svært avgrensa del av det samla skoletilbodet i Noreg. For det mindretal som har ønskt at barna deira skal gå i ein annan skole, har lovgivinga lenge – og under brei politisk semje – opna for godkjenning og statstilskot til private skolar som utgjer eit religiøst/etisk eller pedagogisk alternativ til den offentlege skolen. I denne samanheng viser departementet til den tidlegare privatskolelova.

Friskolelova, som erstatta privatskolelova med verknad frå 1. oktober 2003, skilde seg frå den oppheva privatskolelova på avgjerande måtar. Ei viktig prinsipiell endring var at kravet om eit bestemt formål, for eksempel religiøst eller faglig-pedagogisk alternativ, vart fjerna. Dei skolane som tilfredsstilte minstekrava til innhald og kvalitet, fekk med friskolelova rett til offentlig godkjenning og statstil-

skot. Friskolelova førte til at ei rekkje private skolar, som ikkje ville ha oppfylt krava om formål i den tidlegare privatskolelova, vart godkjende. Dersom Stortinget ikkje hadde vedteke forslaget i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006), kunne ein i 2006 ha fått ein vekst på rundt 22 000 elevplassar i dei frittstående skolane, eller nesten ei dobling frå nivået i dag. Innanfor vidaregåande opplæring kunne veksten ha blitt 150 prosent.

Som varsla i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) er det i proposisjonen lagt fram forslag til lov som byggjer på hovudprinsippa i den tidlegare privatskolelova. Forslaget til ny privatskolelov representerer ei grunnleggjande kursendring i høve til friskolelova av 2003.

Siktemålet med lovforslaget er å leggje til rette for at foreldre skal ha høve til å velje private skolar for barna sine på grunnlag av sine overtydingar. I proposisjonen er det foreslått å lovfeste krav om at nye skolar skal drive verksemda på eit særskilt grunnlag. Eit av dei særskilde grunnlaga som er foreslått, er religiøst grunnlag; eit anna grunnlag er anerkjend pedagogisk retning. I tillegg opnar lovforslaget for godkjenning på visse andre særskilde grunnlag.

Den tidlegare privatskolelova opna som nemnt for godkjenning av skolar som var etablerte som eit fagleg-pedagogisk alternativ til den offentlege skolen. Montessoriskolar og steinerskolar er mellom dei skolane som er godkjende som fagleg-pedagogiske alternativ. Som følge av Kunnskapsløftet vil offentlege grunnskolar i prinsippet kunne gi opplæring i samsvar med eksempelvis montessori-pedagogikken. På denne bakgrunn meiner departementet at det i ei ny privatskolelov vil vere unaturleg å gi desse skolane nemninga *alternativ* skolar. I proposisjonen er det derfor foreslått at den tidlegare brukte omgrepet *fagleg-pedagogisk alternativ* blir erstatta med omgrepet *anerkjend pedagogisk retning*.

2.2 Behovet for avklaring mellom friskolelova og fagskolelova

I Innst. O. nr.1 (2004–2005) om endringar i friskolelova peikte kyrkje, utdannings- og forskingsko-

miteen på at det kan skape uklarleik at utdanningar som etter objektive kriterium ligg på same nivå, kan bli godkjende etter to ulike lover. Mellom anna på bakgrunn av dette bad komiteen departementet leggje fram ei eiga sak om avklaring av finansieringsordninga for alle godkjende fagskolar og med avklaring av forholdet mellom vidaregåande skolar og fagskolar i samsvar med merknadene frå komiteen om desse to forholda. Komiteen bad departementet vurdere om all yrkesretta utdanning utover vidaregåande opplæring bør forankrast i fagskolelova, og uttalte at ein på den måten vil få eit ryddig og oversiktleg system for både tilbydarar og studentar.

I kapittel 9 i proposisjonen legg departementet fram forslag til opprydding i forholdet mellom friskolelova kap. 6A og lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskolelova).

2.3 Forslag til andre lovendringar

Departementet skal føre tilsyn med frittstående skolar, jf. friskolelova § 7-2. Dette myndet er delegert til fylkesmannen. Formålet med tilsynet er å kontrollere at skolen driv verksemda i samsvar med lova, forskrifter gitt med heimel i lova og føresetnadene for godkjenninga. Dette inneber mellom anna at departementet skal føre tilsyn med at inn-taket av elevar har vore i samsvar med lova, at dei elevane som er tekne inn ved skolen, får eit opplæringstilbod som er i samsvar med regelverket med omsyn til både kvalitet og kvantitet, og at eventuelle skolepengar er i samsvar med regelverket. Dessutan er det eit sjølvstendig omsyn å sjå til at skolen får utbetalt statstilskot som er i samsvar med lov og forskrift, og at offentlege tilskot og skolepengar blir brukte i samsvar med lova.

I kapitla 10, 15 og 17 i proposisjonen foreslår departementet fleire lovendringar som har som formål å gjere tilsynet meir effektivt. I tillegg er det foreslått fleire presiseringar i lova som har som formål å auke det brukarvennlege. Departementet legg også fram forslag til enkelte andre lovendringsar.

3 Høringa

3.1 Høringsutsendinga

Høringsbrev med forslag til lovendringar vart sendt 10. oktober 2006. Fristen til å komme med merknader var 2. januar 2007.

Høringsbrevet vart sendt til desse instansane:

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen NAVO
Barneombudet
Datatilsynet
Departementa
Det norske maskinistforbund
Dysleksiforbundet
Elevorganisasjonane
Faglege råd
Fellesorganisasjonen for barnevernpedagoger, sosionomer og vernepleiere
Fiskebåtrederne forbund
Folkehøgskolerådet
Forbrukarombudet
Forbrukarrådet
Foreldreutvalet for grunnskolen – FUG
Forsvarets skolesenter
Forum for tekniske fagskoler
Fraktfartøyenes Landsforening
Frittstående skolar
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon – FFO
Fylkeskommunane
Fylkesmennene
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon – HSH
Kommunane
Kristne Friskolers Forbund – KFF
KS
Kunsthøgskolar
Landslaget for udelt og fådelt skole – LUFS
Landsorganisasjonen i Norge – LO
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
Likestillingsombudet
Lærerorganisasjonane
Maritimt Utdanningsforum
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – NOKUT
Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring – NAFO
Nettverket for private høyskoler
Norges Bondelag

Norges bonde- og småbrukarlag
Norges fiskarlag
Norges helse- og sosialforbund
Norges ingeniørorganisasjon – NITO
Norges rederiforbund
Norges sjøoffisersforbund
Norsk forbund for fjernundervisning
Norsk foreldrelag for funksjonshemmede
Norsk Kulturskoleråd
Norsk Montessori Forbund
Norsk Psykologforening
Norsk Skolelederforbund
Norsk Studentunion
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund – NFFL
Norske maskinentreprenørers forbund
Norske sivilingeniørers landsforbund
Næringslivets Hovedorganisasjon – NHO
Private høgskolar
Revisorforeningen
Riksrevisjonen
Rådet for fagopplæring i arbeidslivet
Sametinget
Samordna opptak
Sivilombudsmannen
Sjøfartsdirektoratet
SOS Rasisme
Statens lånekasse for utdanning
Statens råd for funksjonshemma
Steinerskolene i Norge
Studentorganisasjonane
Unio
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon – UHO
Universitet og høgskolar
Universitets- og høgskolerådet
Utlendingsdirektoratet - UDI
Vitskaplege høgskolar
VOX – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet
Voksenopplæringsforbundet – VOFO
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund – YS

3.2 Innkomne høringsfråsegner

Følgjande instansar har komme med realitetsfråsegner i høringa:
Justis- og politidepartementet

Barneombudet
Datatilsynet
Forbrukarombudet
Forbrukarrådet
Statistisk sentralbyrå

Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Finnmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Fylkesmannen i Østfold

Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylke
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune

Bergen kommune
Bjerkreim kommune
Frogn kommune
Klepp kommune
Klæbu kommune
Kristiansand kommune
Ryfylke IKS (kommunane Suldal, Strand, Hjelmeland, Finnøy og Forsand)
Råde kommune
Sarpsborg kommune
Snåsa kommune
Time kommune
Tromsø kommune
Tønsberg kommune
Våler kommune

Høgskolen i Agder
Høgskolen i Nord-Trøndelag
Høgskolen i Oslo
Universitet for miljø- og biovitenskap
Universitetet i Stavanger

Forum for Kunstfaglig utdanning
Nettverk for private høyskoler
Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning

Norsk Nettskole AS
Norske Utenlandsskolars Forening

Foreldreutvalet for grunnskolen – FUG

Association of Norwegian Students Abroad – ANSA
Eleveorganisasjonen
Landslaget for nærmiljøskulen – LUFSS
Studentens Landsforbund

Statens råd for funksjonshemma

Musikernes fellesorganisasjon – MFO
Norsk Lærerakademi
Skolenes landsforbund
Utdanningsforbundet

Kristne Friskolers Forbund – KFF
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund – NFFL
Norsk Montessoriforbund
Steinerskoleforbundet

Folkehøgskolerådet

Abelia, i samarbeid med Forum for Fagskoler, Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF), Akademiet Norge, Sonans privatgymnas og Treider Privatskole. Heretter nemnt som Abelia m.fl.

Arbeidsgiverforeningen NAVO
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon – HSH
KS
Landsorganisasjonen i Norge – LO
Norges Bondelag
Næringslivets Hovedorganisasjon – NHO
Unio
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund – YS

Aglo videregående skole
Ansgar Bibelskole
Bibelskolen Bildøy Bergen
Bibelskolen i Grimstad
Bjerkely skole
Bjørkedal Nærskule
Bjorkly skole
Brandal friskulelag
Dalane kristne skole
Danielsen Intensivgymnas
Danielsen Ungdomsskole Bergen
Danielsen ungdomsskole Sotra
Danielsen videregående skole
Designinstituttet
Drottningborg videregående skole

Fjellhaug Bibelskole A/S
Fjellheim Bibelskole, Tromsø
Gjennestad Gartnerskole
Granly skole
Halden Friskole
Handverksskolen
Heimly Kristne Grunnskole
Hopen videregående skole
Hop videregående skole
Jærtun Lutherske Friskule
Katolske skoler i Norge
Kristelig Gymnasium
Kristen Videregående Skole – Lyngdal
Kristen Videregående skole Trøndelag
Krokeide vidaregåande skole
Kunstskolen i Rogaland
Levende Ord Grunnskole
Lukas Stiftelsens videregående skole
Luna friskole
Menigheten Samfundet og Samfundets skoler
Moe skole
Natur videregående skole
Norges Byggskele
Nordkalotten Bibel- og Misjonssenter
Norsk Fotterapeutskole
Oslo Sanitetsforenings Hjelpepleierskole
Regnbuen Bibelskole
Romsdal Ungdomsskole
Ryenberget skole
Sandnes Lutherske Grunnskole
Seiersborg videregående skole AS
Skauen kristelige skole
Sygna vidaregåande skule
Tomasskolen
Tomb videregående skole og landbruksstudier
Tryggheim skular
Vensmoen Hjelpepleierskole
Vinterlandbruksskolen i Ryfylke
Vinterlandbruksskolen på Jæren
Øvrebø videregående skole
Øya videregående skole

Den norske skole Costa Blanca
Den Norske Skole Gran Canaria
Den Norske Skolen i Rojales
Den Skandinaviske skolen i Brussel

Det Norske Misjonsselskap – NMS
Normisjon
Norsk Luthersk Misjonssamband – NLM

Blå Kors Norge
Landsforeningen for hjerte- og lungesyke – LHL
Norges Astma- og Allergiforbund

Den Norske Opera
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité

Folkekulturforbundet
Centro Asistencial Noruego
FAU ved Den norske skole Costa Blanca
Knut Handeland
Loland Behandlingssenter
NESO
Norsk Gartnerforbund
Nærbø Bondelag
Oslo International School
Rogaland Bondelag
Rusfri – Kristenfolkets Edruskapsråd
Stavanger-regionen Næringsutvikling
Stiftelsen KRAFT

Følgjande instansar har oppgitt i høringssvar at dei ikkje har merknader til realiteten i høringsutkastet:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Barne- og likestillingsdepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Kultur- og kyrkjedepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

Utlendingsdirektoratet

Fylkesmannen i Aust-Agder

Universitets- og høyskolerådet
Universitetet for miljø- og biovitenskap

Handelshøyskolen BI

Departementet vil elles vise til at enkelte av høringsinstansane også har kommentert forhold som ikkje er tekne opp i høringsbrevet. Desse merknadene vil berre unntaksvis bli kommenterte i proposisjonen.

4 Oversikt over Noregs folkerettslege plikter

4.1 Konvensjonar som sikrar barns rettar, rett til utdanning m.m.

I det følgjande vil departementet gjere greie for dei av Noregs folkerettslege plikter som er relevante for dei lovendingane som er foreslått i proposisjonen.

Folkeretten stiller fleire krav til Noreg, og både foreldre og barn har rettar etter folkeretten. Det grunnleggjande utgangspunktet er at barn har rett til utdanning. Denne retten er supplert med ein rett til å velje ei utdanning som er i samsvar med religionen til barnet eller foreldra. Barnets rett er vis-à-vis staten og foreldra, medan foreldras rett er vis-à-vis staten og barnet. Folkeretten gir ingen rettar til andre enn foreldra og barna. Verken organisasjonar eller trussamfunn har noko folkerettsleg grunnlagt krav på å drive utdanning for barn. Med andre ord er ikkje folkeretten relevant for vurderinga av om ein privat skole som ønskjer å starte opp, uavhengig av om han har godkjenning eller ikkje, skal få lov til det.

Departementet vil vise til at dei avtalane som er gjorde til norsk rett ved lov 21. mai 1999 nr. 30 Om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven), er av særleg betydning innanfor folkeretten. Det følgjer av menneskerettslova § 2 at desse avtalane er gjorde til norsk rett:

- Europarådets konvensjon 4. november 1950 om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter (EMK)
- De forente nasjoners internasjonale konvensjon 16. desember 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter (ØSK)
- De forente nasjoners internasjonale konvensjon 16. desember 1966 om sivile og politiske rettigheter (SP)
- De forente nasjoners internasjonale konvensjon 20. november 1989 om barnets rettigheter (BKK)

Dei ovannemnde konvensjonane er gitt forrang framfor norsk lov ved motstrid, jf. menneskerettslova § 3. Det er gjort grundig greie for konvensjonane og stillinga deira i norsk rett i NOU 1993:18 *Lovgivning om menneskerettigheter* og Ot.prp. nr. 3

(1998–1999) *Om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven)*. Sjølv om menneskerettslova sine konvensjonar står i ei særstilling, kan også andre folkerettslege avtalar ha betydning for spørsmål om utdanning og privatskolar. Konvensjonar som ikkje er gjorde til norsk lov, er like fullt bindande for Noreg, og organisering av utdanning i strid med dei vil føre til at Noreg bryt sine folkerettslege plikter.

Det er særleg EMK, ØSK og SP som er relevante for organiseringa av den privatåtte og den offentlegåtte utdanninga i Noreg. Barnekonvensjonen er relevant for den nærmare vurderinga av rettene til barnet overfor staten og foreldra. Alle konvensjonane slår fast grunnpilaren – barn har rett til utdanning.

Departementet vil først gjere greie for den rett foreldra har til å velje utdanning for og på vegner av barna. EMK-protokoll 1 artikkel 2 fastset at

«Ingen skal bli nektet retten til utdanning. Funksjoner staten påtar seg i utdanning og undervisning, skal den utøve med respekt for foreldres rett til å sikre slik utdanning og undervisning i samsvar med deres egen religiøse og filosofiske overbevisning.»

Ei tilsvarende regulering finn ein att i ØSK-artikkel 13 nr. 3, SP artikkel 18 og barnekonvensjonen artikkel 28.

Etter departementet si oppfatning avgrensar plikta etter EMK-protokoll 1 artikkel 2 seg truleg til at staten må tillate etablering av skolar som sikrar utdanning i samsvar med foreldra si filosofiske eller religiøse overtyding, dersom staten ikkje sjølv gir slik utdanning. Plikta strekkjer seg ikkje til at staten må medverke, økonomisk eller på annan måte, til at så skjer. Dette følgjer av praksis i konvensjonsorgana og er alminneleg akseptert, sjå Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) om endringer i friskolelova og fagskolelova side 19 flg. med vidare tilvisingar. Heller ikkje dei andre konvensjonane pålegg staten nokon ytterlegare plikter, sjå same stad.

Staten er altså truleg forplikta til å tillate etablering av skolar på eit bestemt grunnlag – filosofisk eller religiøst. Skolar som ikkje er funderte på eit bestemt grunnlag, men som skil seg frå dei offentlege skolane på annan måte, er staten derimot ikkje

forplikta til å tillate. Staten står truleg fritt i høve til folkeretten med omsyn til om han ønskjer å tillate reint private skolar. Det er mogleg at ØSK gir rettar utover det som følgjer av EMK og SP. Men det er i alle høve klart at Noreg oppfyller sine folkerettslege plikter ved at private skolar kan godkjenast etter § 2-12 i Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-12. Det er slått fast i føreseigna at ho skal forståast i samsvar med Noregs folkerettslege plikter, og dermed er det sikra at Noreg oppfyller folkeretten. Statstilskotet til skolar som er funderte på religion eller anerkjende pedagogiske retningar, er ei ytterlegare underbygging av det reelle høvet foreldra har til val, utover Noregs folkerettslege plikter.

Dersom Noreg vel å gi støtte til privat skole-drift, stiller folkeretten krav om at det skjer på ein ikkje-diskriminerande måte. Dette følgjer mellom anna av EMK- artikkel 14 samanhalden med protokoll 1 artikkel 2. Det er klart at ikkje-diskrimineringsplikta ikkje gjeld forskjellsbehandling mellom offentlege og private skolar, og staten har også vidt rom for å vurdere kva for private skolar som bør få støtte og ikkje bør få, sjå om dette Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) side 20 flg.

Dei foreslåtte grunnlaga for statstøtte – religiøst eller anerkjend pedagogisk retning – er ikkje diskriminerande, sjå kapittel 8 i proposisjonen. Grunnlaga opnar for støtte til alle religiøse skolar, utan omsyn til kva for ein religion skolen er fundert på, og for støtte til alle skolar som er bygde på eit anerkjent pedagogisk grunnlag. Det kan likevel stillast spørsmål ved om anerkjenninga av somme pedagogiske skolar framfor andre kan vere diskriminerande. Etter departementet si oppfatning kan dette ikkje komme i strid med ikkje-diskrimineringsplikta i EMK.

For det første er det tvilsamt om særskilde pedagogiske skolar i det heile teke fell under det vern EMK gir til foreldra si «filosofiske overtyding». I den grad pedagogiske skolar korresponderer med ei så sterk filosofisk overtyding hos foreldra at ho er verna av EMK, vil det ofte vere slik at skolen si pedagogiske retning er anerkjend; eit eksempel her kan vere steinerskolane, som i tillegg til å vere ei pedagogisk retning også er ei åndsretning. Skolar som ikkje korresponderer med foreldra si «religiøse eller filosofiske overtyding» vil ikkje nyte eit vern mot diskriminering etter EMK.

For det andre er forvaltninga etter alminneleg norsk forvaltningsrett forplikta til å behandle like skolar likt. Likebehandlingskravet medfører mellom anna at to skolar som er funderte på like aner-

kjende pedagogisk retningar, som utgangspunkt må behandlast likt, uavhengig av om dei fell under folkeretten sitt vern. Ein kan dermed føresetje at den nærmare praktiseringa av vilkåret «anerkjend pedagogisk retning» samsvarer med folkeretten.

Ein kan såleis slå fast at dei lovforslaga som er fremja i proposisjonen, går vesentleg lenger i å leggje til rette for at foreldre har høve til val på grunnlag av sine overtydingar, enn dei krav folkeretten stiller til statane.

Noreg er forplikta ikkje berre til å respektere foreldra sine val, men også til å sikre at barnet sine rettar blir oppfylte. Staten har ansvar for å sjå til at ikkje berre offentlege skolar, men også private skolar, respekterer rettane til barnet. Barn har eit særleg behov for vern i og med at barnet er prisgitt det vaksne bestemmer, anten «dei vaksne» er foreldra, skolen eller staten.

På enkelte område oppstår det situasjonar der oppfatningane i vaksenverda går ut over barnet sine interesser. Det vern barnet har etter folkeretten, kan grovt sett delast i tre på bakgrunn av kva interesser som kolliderer. I somme tilfelle vil barnet ha behov for vern mot statlege handlingar i strid med folkeretten. I andre tilfelle vil barnet ha behov for vern mot handlingar av foreldra i strid med folkeretten. I desse tilfella korresponderer som regel den rett barnet har, med statens plikt – det er staten som må verne barnet sin rett overfor foreldra eller andre. I tillegg kan det tenkjast at barnet treng vern mot handlingar av staten og foreldra. Dette kan for eksempel vere barnet sin rett til å følgje eigen religion på tvers av statens og foreldra sine interesser.

Det er særleg fire konvensjonar som er relevante for dei folkerettslege rettane barnet har når det gjeld utdanning. Det er

- FNs kvinneskikingskonvensjon, gjord til norsk rett ved likestillingslova § 1b
- FNs rasediskrimineringskonvensjon, gjord til norsk rett ved diskrimineringslova § 2
- FNs barnekonvensjon, inkorporert med forrang framfor norsk rett i menneskerettslova § 2
- UNESCO-konvensjonen 14. desember 1960 mot diskriminering i undervisning

Utgangspunktet i folkeretten som vernar barnet, er at vaksne i vedtak som vedkjem barnet, må ta utgangspunkt i det som er til beste for barnet. Dette er mellom anna slått fast i barnekonvensjonen artikkel 2 første ledd, som lyder:

«Ved alle handlingar som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myn-

digheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Prinsippet om barnets beste er i norsk rett komme til uttrykk mellom anna i barnevernlova § 4-1. Staten er forplikta til å leggje vekt på omsynet til barnets beste når det blir vurdert kva for private skolar som skal tillatast, og som skal få statsstøtte.

Statane er vidare forplikta til å sikre vern og omsorg som er nødvendig for trivselen til barnet, jf. artikkel 2 andre ledd.

I dei tilfelle der det er konflikt mellom foreldra og barnet sine interesser, er utgangspunktet at det som er til beste for barnet må avvegast mot ansvaret og pliktene til foreldra. I barnekonvensjonen er foreldra sin rett kommen til uttrykk i artikkel 5:

«Partene skal respektere det ansvar og de rettigheter og forpliktelser som foreldre, eventuelt slektninger eller medlemmer av lokalsamfunnet ifølge stedlig skikk, verger eller andre med juridisk ansvar for barnet har, for å gi det veiledning og støtte, tilpasset dets gradvise utvikling av evner og anlegg, under barnets utøvelse av rettighetene anerkjent i denne konvensjonen.»

Barnet sin rett til utdanning og omsynet til barnets beste kan enkelte gonger komme i konflikt med foreldra sine oppfatningar. Det grunnleggjande utgangspunktet, som er slått fast av Den europeiske menneskerettsdomstolen, er at foreldra si overtyding må vike dersom ho kjem i konflikt med den fundamentale rett barnet har til utdanning, jf. mellom anna Campbell og Cosans mot Storbritannia (1982) avsnitt 36 og avgjerda i kommisjonen i Bernard mot Luxemburg (1993) side 73.

Iblant vil også avveging av kva som er til beste for barnet føre til avgrensing i den aktivitet staten kan tillate i private skolar. I tillegg til den generelle avgrensinga som følgjer av prinsippet, stiller folkeretten ei rekkje enkeltkrav om utdanning av barn.

Religionsfridommen er ein grunnleggjande rett som er verna av fleire konvensjonar, og som også følgjer av Grunnlova § 2 om religionsfridom. Den rett barnet har til sjølv å bestemme, aukar med alder og utvikling. Ein femtenårings overtyding vil vere klarare formulert og sannsynlegvis djupare fundert enn ein seksårings. Likevel, sjølv eit lite barns klart formulerte overtyding kan ikkje overkjørast av vaksne. UNESCO-konvensjonen slår fast i artikkel 5 1.b at

«Ingen person eller gruppe av personer skal tvinges til å motta religiøs opplæring som ikke er i samsvar med deres overbevisning.»

Barnekonvensjonen slår i artikkel 12 nummer 1 fast at Noreg skal garantere

«[...] et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»

Konvensjonen kneset altså at barnet har rett til å ytre seg om forhold som vedkjem barnet, og at det skal bli lagt vekt på synspunkta til barnet. Dette prinsippet er i norsk rett mellom anna konkretisert til at barnet har rett etter barnevernlova § 6-3 til å bli informert om og å uttale seg om forhold som vedkjem barnet, og at det skal leggjast vekt på barnet sitt syn.

Barnekonvensjonen kneset fridom for barnet til å ytre seg i artikkel 13, fridom til tanke, samvit og religion i artikkel 14 og organisasjonsfridom i artikkel 15. Dei ulike rettane kjem til uttrykk i norsk rett fleire stader. Barnet har for eksempel rett til å melde seg ut av organisasjonar frå fylte 15 år, jf. barnelova § 32, og ut av trussamfunn frå same alder, jf. lov om trdomssamfunn § 3.

Det er vidare avgrensa i kva grad skolane kan disiplinere elevar ved hjelp av fysisk straff, fridomstap eller andre refsingsmetodar. Mellom anna kan ikkje disiplinering skje på ein måte som kan krenkje menneskeverdet til barnet, jf. barnekonvensjonen artikkel 28 andre ledd.

UNESCO-konvensjonen stiller krav om at verksemda til undervisningsinstitusjonar ikkje skal vere diskriminerande – utdanningsinstitusjonar kan ikkje forskjellsbehandle elevane i opptak eller undervisning på grunnlag av mellom anna rase, kjønn, språk eller religion. Konvensjonen regulerer nærmare, i unntaksføresegner, høvet til å danne skolar med bestemt religiøst innhald.

Særlege krav til korleis skolar behandlar jenter, følgjer av kvinnekjønnsdiskrimineringskonvensjonen artikkel 10. Føresegna slår mellom anna fast at jenter skal ha tilgjenge til same fagkrets og same høve til å delta aktivt i idrett og fysisk fostring som gutar, jf. bokstav b) og g). Vidare stiller føresegna krav om at Noreg set inn eigna tiltak for å avskaffe kva stereotyp førestelling som helst om menns og kvinners roller, mellom anna ved felles undervisning, ved revisjon av lærebøker, undervisningsplanar og metodar, jf. bokstav c).

Når staten vurderer godkjenning av og tilskot til private skolar, må det leggjast vekt på både det generelle utgangspunktet om barnets beste og dei meir konkrete krava. Staten må stille klare krav, og sørgje for at krava kan handhevast effektivt overfor

private skolar, slik at Noregs folkerettslege plikter blir etterlevde. Reglane om tilsyn med private skolar er nærmare behandla i kapittel 16.

4.2 Internasjonale plikter på institusjonsnivå

I den norske bindingslista til General Agreement on Trade in Services (GATS-avtalen) står det at private kan få godkjenning for å gi særskild eller parallell utdanning som supplement til den offentlege skolen. Det er opna for høve til, ikkje rett til, etablering, ettersom ein har brukt ordlyden

«[...] kan gis godkjenning.»

I bindingslista er det også teke atterhald om at statsstøtte berre kan givast til godkjende institusjonar.

Eit grunnleggjande trekk ved GATS-avtalen er at ulike tenesteytarar innanfor ein sektor som avtalen omfattar, ikkje skal forskjellsbehandlast. Dette inneber at det skal stillast dei same vilkåra for rett til etablering og drift av ein privat skole i Noreg

overfor alle tenesteytarar, nasjonale som utanlandske. Kva slags vilkår Noreg ønskjer å stille, er elles noko den norske staten sjølv bestemmer, så lenge den nasjonale reguleringa ikkje inneber unødvendige hindringar for handel med tenesta, for eksempel reglar som er meir byrdefulle enn nødvendige for å sikre kvaliteten av tenesta, eller ei regulering som kan oppfattast som konkurransevriande.

Etter dette kan ein slå fast at både graden av tilgjenge for private skolar til å etablere seg, og vilkåra for slik etablering, ligg innanfor den rett den norske stat har til sjølv å bestemme. Noregs plikter etter GATS-avtalen inneber likevel at utanlandske aktørar ikkje skal behandlast dårlegare enn tilsvarende norske. Dette betyr at dei same krava til innhald og kvalitet vil bli stilte til nasjonale og eventuelle utanlandske aktørar som søker om godkjenning etter lova.

Forslaga til lovendringar i proposisjonen er også vurderte mot andre internasjonale avtalar som Noreg har inngått, mellom desse EØS-avtalen. Etter departementet si vurdering ligg forslaga godt innanfor ramma av Noregs samla plikter.

5 Oversikt over grunnopplæringa i Noreg

5.1 Offentleg og privat grunnopplæring

Omgrepet *grunnopplæring* omfattar grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

Det er plikt til grunnskoleopplæring, og rett til offentleg grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd første punktum. Plikta til grunnskoleopplæring kan oppfyllest på fire forskjellige måtar:

- Offentleg grunnskole (regulert i opplæringslova)
- Frittstående grunnskole (regulert i friskolelova)
- Privat grunnskole (regulert i opplæringslova § 2-12)
- Privat heimeopplæring (regulert i opplæringslova § 2-13)

Den private opplæringa skal tilsvare den som blir gitt i den offentlege grunnskolen, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd andre punktum. Grunnskolar som er i privat eige, skal vere godkjende av departementet. I motsetning til frittstående grunnskolar har verken private grunnskolar eller føresette som gir barna sine grunnskoleopplæring, rett til offentleg tilskot til drifta.

Unge har etter søknad rett til offentleg vidaregåande opplæring som fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå, jf. opplæringslova §§ 3-1 første ledd første punktum og 3-3 første ledd. Det er ikkje krav om at vidaregåande skolar skal vere godkjende av offentleg myndigheit. For dette skoleslaget er det dermed fri etableringsrett. Vi har følgjande typar vidaregåande skolar:

- Offentlege (regulert i opplæringslova)
- Frittstående (regulert i friskolelova)
- Private (ikkje regulert i utdanningslovgivinga)

Det er berre dei to førstnemnde som har såkalla eksamensrett, det vil seie at dei kan skrive ut vitnemål/kompetansebevis, under dette fastsette standpunktarakterar. Elevar ved private vidaregåande skolar må ta eksamen som privatistar.

I motsetning til dei frittstående vidaregåande skolane har ikkje private vidaregåande skolar rett til offentleg tilskot.

Når det gjeld opplæring spesielt organisert for vaksne, viser departementet til opplæringslova kapittel 4A.

5.2 Val av privat skole

Når foreldre og elevar vel ein privat skole, inngår dei ein privatrettsleg avtale. Den eine parten – skolen – forpliktar seg til å utføre ei teneste som den andre parten – foreldre og elev – forpliktar seg til å betale for.

Staten godkjenner enkelte private skolar med rett til statstilskot etter friskolelova. Godkjenninga inneber at det er stilt krav til korleis verksemda blir driven. Dersom skolen ikkje blir driven i samsvar med krava, har staten ulike sanksjonsmiddel – den alvorlegaste sanksjonen er å trekkje tilbake godkjenninga. Etter gjeldande forvaltningspraksis blir denne sanksjonen nytta berre ved kvalifisert brot på regelverket, det vil seie gjentaksbrot, fleire brot eller alvorlege brot.

Staten fører tilsyn med verksemda etter friskolelova, jf. § 7-2. Formålet med tilsynet er å kontrollere at elevane får eit kvalitativt godt skoletilbod, under dette å kontrollere at statstilskotet og eventuelle skolepengar kjem elevane til gode.

Godkjenning etter friskolelova er ikkje tidsavgrensa, og skolen er ikkje forplikta til å drive verksemda innanfor ein gitt tidsperiode. Det er dermed etter lova ikkje noko til hinder for at skolen kan leggje ned verksemda når han sjølv ønskjer, også midt i skoleåret.

Konsekvensane for elevane i ein situasjon der private skolar blir nedlagde, blir ulike, avhengig av kva skoleslag det gjeld:

Dersom ein grunnskole blir lagd ned, skal heimkommunen sørgje for at elevar i opplæringspliktig alder straks får eit offentleg tilbod ved nærskolen, jf. opplæringslova §§ 2-1 og 8-1. Dersom ein vidaregåande skole blir lagd ned, kan elevane på lik linje med andre elevar søkje om inntak i ein offentleg vidaregåande skole innanfor den søk-

nadsfristen som gjeld, jf. opplæringslova § 3-1, eventuelt søkje om inntak i ein annan privat vidaregåande skole. Det finst ingen særordningar for elevar i private skolar sjølv om skolen blir lagd ned midt i eit skoleår. Elevar ved vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, jf. kap. 6A, har

ikkje rett til å fullføre opplæringa ved ein offentleg skole. Det er heller ikkje sikkert at andre private skolar tilbyr tilsvarande yrkesretta opplæring.

Foreldre og elevar bør vere merksame på dette når dei vel skole. Ved ei skolenedlegging kan dei berre rette eventuelle krav mot skolen i samsvar med den privatrettslege avtalen.

6 Tittelen på lova

6.1 Gjeldande rett

Omgrepa *frittstående skole* og *friskole* kom inn i terminologien med friskolelova av 2003. Det følger av friskolelova § 1-2 andre ledd at

«Frittstående skolar er skolar som er i privat eige, og som blir godkjende etter denne lova..»

I Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova heiter det:

«Omgrepet frittstående skolar er nytt i forhold til gjeldande lov og vil etter forslaget vise til skolar som er i privat eige og godkjende etter lov om frittstående skolar. Skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12, skal framleis kallast private grunnskolar, mellom anna fordi desse skolane ikkje er offentleg finansierte og kan drive verksemda si på kommersielt grunnlag. Skolar som berre er godkjende for studiefinansiering, er heller ikkje omfatta av lovforslaget.»

Tidlegare lovtitlar som har vore brukte på dette området, er

- Lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskolar og private skolar som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova)
- Lov 6. mars 1970 nr. 4 om tilskudd til private skoler (utan offisiell korttittel)

Skolar som var godkjende etter desse lovene, vart kalla private skolar.

6.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet å endre tittelen på lova frå lov om frittstående skolar (friskolelova) til lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). Departementet grunngav forslaget slik:

«Begrepet «frittstående skole» gir ikke allmennheten en umiddelbar informasjon om at disse skolene er i privat eie, noe som kan være uheldig. Etter departementets vurdering er også benevnelsen frittstående skole et verdiløst begrep, som kan gi en uheldig og utilsiktet

assosiasjon om at de frittstående skolene er frie og at de offentlige skolene således er ufrie.

Gjeldende begrepsmessige skille mellom private skoler som ikke mottar lovhjemlet statstilskudd og de frittstående skolene som har mottatt slikt tilskudd, kan være en fordel i mange sammenhenger dersom det gjennomføres konsekvent. Det har vist seg at mange ikke har kjennskap til dette begrepsmessige skillet. Vi viser til at frittstående skoler i mange sammenhenger også blir kalt private skoler. Departementet foreslår derfor at en går bort fra begrepet «frittstående skoler», og at også disse skolene benevnes som private skoler. Dette innebærer at også lovens tittel må endres.

Etter departementets vurdering gir ikke den tittelen man brukte på loven første gang – lov om tilskudd til private skoler – lenger dekkende informasjon om hva loven handler om. Loven skal også etter lovendringen omhandle tilskudd og bruken av tilskuddet, men den skal også regulere forholdet mellom bl.a. skolen og elevene/foreldrene og forholdet mellom skolen og de ansatte, herunder inneholde regler om elevenes rettigheter, skolens personale, styrings- og rådsorgan, skolepenger mv. På denne bakgrunn foreslår vi at den nåværende offisielle tittelen på loven og den offisielle korttittelen – lov om frittstående skolar (friskolelova) – endres til lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). Skolene vil da bli kalt private skoler. Med ordene «med rett til statstilskot» blir det tydelig at tilskuddet er statlig og at det er lovhjemlet.

Som følge av dette forslaget er det også foreslått endringer i lovens §§ 1–1, 1–2, 2–1 til 2–3, 3–1, 3–7, 3–8, 6–1 og 6–3.»

6.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Dei høringsinstansane som uttaler seg, er delte i synet på forslaget om endring av lovtittelen, under dette nemningane på dei skolane lova omhandlar.

Av dei kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn som har uttalt seg, støttar eit fleirtal forslaget. Desse, og dei andre høringsinstansane som støttar forslaget, legg i hovudsak vekt på følgjande grunngiving:

- Alt i dag blir mange frittstående skolar av allmenta omtalte som privatskolar. For å sikre samsvar med allmenn omgrepsbruk og omgrepsbruken i lova bør derfor lovtittelen endrast som foreslått.
- Omgrepet *frittstående skolar* er eit misvisande omgrep som gir uttrykk for at skolane står fritt og er uavhengige av statleg regulering og finansiering. Omgrepet gir heller ikkje uttrykk for at skolane er i privat eige. Ved å endre lovtittelen som foreslått kjem det tydelegare fram at skolane er i privat eige, samtidig som det blir presisert at skolane er mottakarar av statstilskot og ikkje er uavhengige av statlege midlar.
- Nemninga *private skolar* er i større grad sjølvforklarande. Den foreslåtte endringa av lovtittelen vil i seg sjølv gi godt uttrykk for verkeområdet til lova og den reelle situasjonen for skolane, og gi god informasjon til elevane.

Av dei friskolane og friskoleorganisasjonane som har uttalt seg, er eit fleirtal usamde i forslaget. Desse, og dei andre høringsinstansane som er usamde i forslaget, legg i hovudsak vekt på følgjande:

- Friskolar og friskolelova er godt innarbeidde omgrep. Det er liten grunn til å endre namnet på lova sidan det er få eller ingen tungtvegande grunnar som taler for endring.
- Namnebyttet vil medføre at det blir eit uklart skilje mellom private skolar godkjende etter privatskolelova, private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12 og private vidaregåande skolar som ikkje er godkjende etter ei utdanningslov. Dette vil skape unødvendig uklarleik.
- Private skolar er eit verdiladd omgrep som gir assosiasjonar til profittjagande, kommersielle skolar. Omgrepet er ikkje dekkjande for friskoleverksemda i dag, særleg med tanke på forbodet mot å ta ut utbytte og drive kommersiell verksemd.

6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har merkt seg at høringsinstansane er delte i synet på om tittelen på lova bør endrast. Til dei synspunkta som er komne fram i høringsrunden, har departementet følgjande kommentarar:

Lov om private skolar med rett til statstilskot gjer det, i motsetning til den noverande tittelen,

tydeleg overfor elevar og foreldre at det er snakk om skolar i privat eige. Tittelen vil også belyse det faktum at dette er skolar som er godkjende etter krava i lova og får statstilskot, ikkje private skolar som opererer på kommersiell basis.

Gjeldande omgrepsbruk kan vere ein fordel med tanke på å skilje skolar i privat eige som ikkje får lovheimla statstilskot frå skolar i privat eige som får slikt tilskot. Dette vil likevel berre vere tilfelle der omgrepsbruken er konsekvent. Fleire høringsinstansar legg vekt på at mange frittstående skolar allment blir omtalte som privatskolar. Gjeldande omgrepsbruk kan i slike tilfelle verke uklare.

Departementet vil peike på at omgrepa *frittstående skole* og *friskole* kom inn i terminologien så seint som med friskolelova av 2003. Fram til dette tidspunktet vart skolane kalla private skolar. Omsynet til å halde fast ved innarbeidde omgrep vil på bakgrunn av den korte tida omgrepa har vore i bruk, ikkje vege like tungt som langvarig, veletablert omgrepsbruk.

Nemninga *frittstående skole*, forkorta *friskole*, er etter departementet si oppfatning eit verdiladd omgrep, som kan gi uheldige og utilsikta assosiasjonar i retning av at friskolane er frie – i motsetning til dei offentlege skolane som såleis er ufrie. Departementet har i denne samanheng også merkt seg at direktøren i Språkrådet, Sylfest Lomheim, har uttalt dette om spørsmålet til Avisenes Nyhetsbyrå:

«[...] Jeg har selv stusset over navnet fordi det indikerer at disse skolene er frie og uavhengige av staten. Det er de jo ikke. De er jo avhengige av støtten de får fra staten.»

Etter departementet si vurdering gir ikkje den tittelen ein brukte på lova første gong – lov om tilskot til private skolar – lenger dekkjande informasjon om kva lova handlar om. Lova skal også etter lovendringa omhandle tilskot og bruken av tilskotet, men ho skal mellom anna også regulere forholdet mellom skolen og elevane/foreldra og forholdet mellom skolen og dei tilsette, under dette innehalde reglar om rettane til elevane, personalet ved skolen, styrings- og rådsorgan, skolepengar m.m.

Departementet fremjar etter dette forslag om at tittelen på lova blir endra til *lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)*. Som følge av dette fremjar departementet også forslag om endringer i §§ 1-1, 1-2, 2-1, 2-2, 2-3, 3-1, 3-7, 3-8, 6-1 og 6-3 i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

7 Verkeområdet til lova

7.1 Gjeldande rett

Verkeområdet til lova er regulert i friskolelova § 1-2. Det følgjer av § 1-2 at lova gjeld godkjenning med rett til offentlig tilskot av frittstående grunnskolar og frittstående skolar som gir vidaregåande opplæring. Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av folkehøgskolelova eller vaksenopplæringslova, eller skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12, mellom desse skolar som er drivne av politiske grupper eller parti på partipolitisk grunnlag. Det går fram av forarbeida til føresegna at lova heller ikkje gjeld skolar som blir godkjende etter fagskolelova, jf. merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova.

Opplæringa etter friskolelova skal hovudsakleg gå føre seg på skolen. Formålet med § 2-4 om godkjenning av undervisningsrom m.m. er mellom anna å sikre at skolens fysiske miljø fremjar helse, trivsel og læring. Friskolelova opnar såleis ikkje for fjernundervisning, under dette undervisning som er desentralisert, nettbasert eller går føre seg per brev. Ei opplæring som er i samsvar med regelverket inneber at skolen mellom anna skal hjelpe elevane med å utvikle sosial kompetanse og kjensle av tilhør og fellesskap, og førebu elevane til ulike former for deltaking i samfunns- og arbeidsliv som byggjer på demokratiske verdiar og ideal. Realiseringa av desse måla føreset at elevane får opplæring i eit sosialt fellesskap og læringsfellesskap. Det inneber eit læringsmiljø som gir rikt høve til samarbeid, dialog, meningsbrytingar og trening av sosialt ansvar, der elevane får inngå i forpliktande fellesskap og delta i demokratiske prosessar. Elles viser departementet til at den daglege leiaren etter § 4-1 andre ledd skal vere fysisk tilgjengeleg for mellom andre elevane. Vidare vil departementet vise til at § 1-2 om verkeområdet for lova er ei rein vidareføring av privatskolelova § 2, der brevskolar uttrykkeleg var unnatekne frå verkeområdet, jf. merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003). Desse momenta ligg til grunn for at departementet har innfortolka at lova ikkje opnar for fjernundervisning, sjølv om dette ikkje går eksplisitt fram.

Friskolelova skal medverke til at det kan drivast private skolar, slik at foreldre og elevane kan

velje andre skolar enn dei offentlege, for eksempel religiøse skolar eller skolar som er oppretta av fagleg-pedagogiske grunnar, jf. § 1-1 første ledd. Friskolelova opnar ikkje for at dei frittstående skolorne kan kjøpe heile eller delar av opplæringstilbodet av andre aktørar, for eksempel ved at skolen dekkjer skolepengar for elevane ved andre private eller offentlege skolar i Noreg eller i utlandet. Dette ville vere å omgå formålsføresegna og andre føresegner i friskolelova. Det går ikkje eksplisitt fram at friskolelova ikkje opnar for kjøp av opplæringstenester.

7.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at det frå enkelte hald er reist spørsmål ved departementet si lovforståing når det gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. På denne bakgrunn foreslo departementet at det i § 1-2 blir presisert at lova ikkje gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. Etter forslaget omfattar omgrepet *fjernundervisning* også desentralisert undervisning, nettbasert undervisning og undervisning som går føre seg per brev.

Departementet foreslo vidare i høringsutkastet at det blir presisert i § 1-2 at lova ikkje gjeld skolar som er omfatta av fagskolelova, og viser i denne samanheng også til kapittel 9 i proposisjonen.

7.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ingen merknader til høringsforslaget. *Buskerud fylkeskommune* uttaler mellom anna:

«Fylkeskommunen støtter departementets forslag om å presisere at loven ikke gjelder fjernundervisning og kjøp av opplæringstjenester og desentralisert undervisning. Avklaringen i forhold til fagskolene er også viktig.»

Også *Oslo kommune* støttar departementet si grunngiving, men uttaler:

«Oslo kommune mener at gjeldende lov ivaretar dette hensynet tilstrekkelig. Det vises til beskrivelse av gjeldende rett i høringsnotatets § 1–2.»

Alle dei andre kommunane som uttaler seg, støttar eller har ingen merknader til forslaget. Eit fleirtal av fylkesmennene støttar departementet sitt forslag til presisering. *Fylkesmannen i Finnmark* uttaler likevel:

«I følge § 7-1 i forskriftene til opplæringsloven kan det gis alternative opplæringsformer for opplæring i samisk når opplæringen ikke kan gis av eget undervisningspersonale ved skolen. Eksempel på alternative former for opplæring nevnes fjernundervisning. [] Elever ved frittstående skoler har samme rett til å få opplæring i samisk som elever ved offentlige skoler, jf forslaget til ny lov § 2-1, daværende UFD sine retningslinjer og rundskriv UDir-Tilskudd-9-2005. Dersom departementets forslag om ikke å tillate fjernundervisning eller kjøp av tjeneste for opplæring i samisk, kan dette gå ut over retten elevene har til opplæring i samisk.»

Utdanningsforbundet støttar forslaget i høringa, og uttaler:

«Utdanningsforbundet støttar forslaget om ei presisering i privatskulelova § 1-2 om at lova ikkje gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. Sidan det er stilt spørsmål ved lovtolkinga til departementet på dette området, er det naudsynt med ei slik presisering.

Skulane skal hjelpe elevane til å utvikle sosial kompetanse, kjensle av å høyre til eit fellesskap, og førebu elevane til ulike former for deltaking i samfunns- og arbeidsliv som bygger på demokratiske verdiar og ideal. Det er ein føresetnad for å realisere desse måla at elevane er i eit læringsmiljø som er prega av samarbeid, dialog og meningsbrytning, der elevane tek del i eit forpliktande fellesskap og i demokratiske prosessar.»

Eit klart fleirtal av friskoleorganisasjonane og friskolane har ingen merknader til forslaget. Dei som uttaler seg, er likevel i hovudsak negative til høringsforslaget. *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*, *Norsk Lærerakademi*, *Norsk Luthersk Misjonssamband* og *Det Norske Misjonsselskap* er alle negative til forslaget, og ønskjer i staden å endre lova slik at det blir opna for fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. KFF uttaler mellom anna:

«I stedet for å hindre fleksible løsninger, bør loven endres slik at det på permanent basis åpnes for å godkjenne fleksible skoleløsninger ved utenlandsskoler knyttet til bistandsrelatert virksomhet.»

Når det gjeld kjøp av elevutveksling utanlands, uttaler KFF at høringsforslaget vil øydeleggje for den vellykka utvekslingsordninga ved Danielsens videregående skole, utan at noko negativt er påvist ved innhaldet i ordninga. *Danielsen videregående skole* sluttar seg til dette i høringsfråsegna, og meiner at lova må opne for unntak, slik at utvekslingsordninga får halde fram.

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) og *Abelia mfl.* er imot presiseringsforslaget og vil i staden ha lova endra. *Abelia mfl.* uttaler mellom anna:

«Det tidligere skarpe skillet mellom tradisjonell klasseromsundervisning og fjernundervisning er i ferd med å viskes ut. Ellers er det sterkt ønskelig at befolkningen besitter digital kompetanse (jfr. Stortingsmelding nr. 17 (2005-2006)). På bakgrunn av dette ser vi liten grunn til å utelukke fjernundervisning i lovens virkeområde.»

Norsk Nettskole AS forstår det slik at forslaget ikkje vil gjelde for ny § 6-4 om kompletterande undervisning for elevar i utlandet og forskrift om dette. Dei meiner likevel at forslaget kan vere uheldig for elevar som ikkje har tilgjenge til likeverdig opplæring der dei er busette, for elevar som manglar kvalifiserte lærarar i eitt eller fleire fag, for utvikling av nettbaserte opplæringstenester og læremiddel og for fagleg samarbeid mellom norske private grunnskolar i utlandet og nettbaserte skoletilbod i Noreg.

Andre organisasjonar som støttar forslaget, er *Skolenes landsforbund* og *KS*. *Skolenes landsforbund* uttaler:

«Skolenes landsforbund støtter den viktige presiseringen i § 1–2 siste ledd om fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester.»

7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at friskolelova i dag ikkje opnar for fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester, jf. gjennomgangen av gjeldande rett i kapittel 7.1. Departementet har likevel sett at det har skjedd brot på regelverket. For at elevane skal sikrast opplæring i samsvar med regelverket, og for å gjere eit effektivt tilsyn med det rettssubjektet som har fått godkjenning etter lova mogleg, er det derfor etter departementet si oppfatning viktig at lova blir presisert for å redusere risikoen for eventuell rettsvillfaring.

Departementet har merkt seg at eit klart fleirtal av høringsinstansane ikkje har merknader til, eller støttar, forslaget om å lovfeste ei presisering i § 1-2 tredje ledd slik at det går klart fram at lova ikkje gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringsstenester, og tilsvarende når det gjeld høringsforslaget om at det blir presisert i § 1-2 andre ledd at lova ikkje gjeld skolar som er omfatta av fagskolelova. Departementet viser også her til kapittel 9.

Presiseringa når det gjeld fjernundervisning vil etter forslaget også omfatte desentralisert undervisning, nettbasert undervisning og undervisning som går føre seg per brev. Departementet ser at det ved for eksempel langvarig sjukdom kan vere nødvendig å gi opplæring andre stader enn på skolen, for eksempel i heimen til eleven. Forslaget til presisering i § 1-2 tredje ledd vil ikkje vere til hinder for at slik undervisning blir gitt, for eksempel basert på Internett.

Departementet viser til at kjøp av opplæringsstenester omfattar kjøp av heile eller delar av opplæringstilbodet frå andre aktørar, for eksempel ved å betale skolepengane for elevane ved andre private eller offentlege skolar i Noreg eller i utlandet. Skolen er ansvarleg for opplæringa, under dette at opplæringa er i samsvar med den læreplanen skolen har fått godkjent etter § 2-3. På same måten som etter gjeldande rett vil føreseigna ikkje vere til hinder for eksternt samarbeid og annan praksis som er føresett gjennomført i den godkjende læreplanen. Føreseigna er heller ikkje til hinder for nødvendig samarbeid mellom grunnskolar og vidaregåande skolar og mellom vidaregåande skolar og universitet/høgskolar, for eksempel programfag til val på ungdomstrinnet og prosjekt til fordjuping på vidaregåande trinn.

Departementet har merkt seg at Oslo kommune i høringsfråsegna gir uttrykk for at gjeldande lov allereie tek vare på det omsyn forslaget til § 1-2 tredje ledd eksplisitt vil verne. Som fleire høringsinstansar ser departementet likevel eit behov for presisering av lova på dette området, for at skolane og nye søkjarar ikkje skal vere i tvil om at lova ikkje opnar for fjernundervisning og kjøp av opplæringsstenester.

Til fråsegna frå Norsk Nettskole AS vil departementet først uttale at forslaget ikkje vil omfatte elevar som får tilskot til kompletterande undervisning etter § 6-4 i høringsforslaget. Det må vidare seiast at kvar enkelt skole er ansvarleg for å gi elevane opplæring i samsvar med den godkjende læreplanen, og å sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene hos den enkelte, jf. § 3-4.

Til fråsegna frå mellom andre Abelia mfl. vil departementet nemne at det eksisterer ei eiga tilskotsordning for fjernundervisning. Verksemdar som driv fjernundervisning, kan søkje godkjenning etter vaksenopplæringslova og få tilskot etter reglane der.

Til fråsegna frå Fylkesmannen i Finnmark vil departementet uttale at det legg til grunn at skolar som blir godkjende med samisk som undervisningsspråk, vil tilsetje undervisningspersonale med slik kompetanse. Det er ikkje gitt reglar i gjeldande friskolelov eller i lovutkastet som svarer til kapittel 6 i opplæringslova om samisk opplæring. Dersom ein skole som har norsk som undervisningsspråk, likevel ønskjer å tilby elevar opplæring i samisk, er lova ikkje til hinder for det, føresett at læreplanen er godkjend etter § 2-3. Tilskot til slik opplæring blir gitt etter særskilt budsjettvedtak. Dersom skolen oppfyller kriteria for slikt tilskot, er § 1-2 tredje ledd ikkje til hinder for at slik opplæring blir gitt i form av fjernundervisning.

Til fråsegnene frå Kristne Friskolers Forbund og Danielsen vidaregåande skole om ordninga med utvekslingsopphald vil departementet vise til at regelverket ikkje er til hinder for at elevar framleis kan gjennomføre vidaregåande opplæring i utlandet – men da med ei anna finansiering enn ved å bruke statstilskot etter friskolelova (privatskolelova). Departementet viser her til tilskotsordninga til delvis dekning av skolepengar, som er heimla i § 6-5 og kapittel 9 i forskrift til friskolelova. Elevar som oppfyller vilkåra for støtte i Statens lånekasse for utdanning, har etter kapittel 9 i forskrifta krav på tilskot til delvis dekning av skolepengar ved mellom andre utanlandske skolar som ikkje får norsk statstilskot etter friskolelova. Denne forskrifta blir foreslått vidareført med heimel i utdanningsstøtteleova, jf. kapittel 14.4.

Til merkningen om ulik regulering av offentlege og private skolar vil departementet for ordens skyld presisere at når fylkeskommunar og Oslo kommune formidlar opplæringstilbod for elevar i utlandet, er heller ikkje dette tilbod som blir gitt med heimel i opplæringslova, jf. opplæringslova § 1-1 om verkeområdet.

Departementet har merkt seg at fleire høringsinstansar foreslår, med til dels ulik grunngeving, å endre friskolelova slik at det blir opna for å kjøpe opplæringsstenester og fjernundervisning. Til dette vil departementet seiast at forslaget ikkje inneber endring i gjeldande rett, men berre er ei presisering, slik at rettstilstanden går klart fram av ordlyden i § 1-2 tredje ledd. Når det gjeld fjernundervisning, vil departementet mellom anna peike på at skolen skal hjelpe elevane med å utvikle sosial

kompetanse, kjensle av tilhør og fellesskap, og førebu dei til ulike former for deltaking i samfunns- og arbeidsliv som byggjer på demokratiske verdiar og ideal. Realisering av desse måla føreset at elevane får opplæring i eit sosialt fellesskap og læringsfellesskap. Det betyr eit læringsmiljø som gir rikt høve til samarbeid, dialog, meiningsbrytingar og trening av sosialt ansvar, der elevane får inngå i forpliktande fellesskap og delta i demokratiske prosessar.

I tillegg må det nemnast at nivået på statstilskottet etter lova mellom anna er basert på den føresetnad at opplæringa hovudsakleg skal gå føre seg på skolen, jf. §§ 6-1 og 2-4 og økonomiforskrift til friskolelova kapittel 6.

Departementet vil peike på at dersom ein skulle tillate at statstilskottet etter lova kunne brukast til å kjøpe opplæringstenester og til fjernundervisning, ville det reise ei rekkje problemstillingar, og det ville vere nødvendig å endre fleire føresegner i lova. Departementet vil her særleg peike på formålsføresegna i § 1-1, § 2-4 om krav til skoleanlegg og skolemiljø, og til §§ 4-1 og 4-2 om krav til personalet i skolen. Departementet viser elles til gjennomgangen av gjeldande rett i kapittel 7.1.

Departementet er dessutan av den oppfatning at det ikkje er ønskeleg at private skolar skal kjøpe opplæringstenester av andre offentlege eller private skolar og aktørar med statlege driftsmidlar. I eit slikt tilfelle ville ein mellom anna risikere at den godkjende skolen berre vart eit tomt skal som har som einaste reelle formål å kjøpe opplæringstenester for å få utbetalt statstilskott etter lova, under dette oppnå minimum 15 elevar, ev. 10 elevar, jf. forslaget i kapittel 10.4. Departementet vil understreke betydninga av at den godkjende opplæringa blir gitt av det rettssubjektet som har fått godkjenninga etter lova, og viser her også til den grundige saksbehandlinga som ligg til grunn for godkjenninga.

Det må også nemnast at fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester i høg grad vil skape vanskar for det tilsynet departementet skal utføre etter § 7-2.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i § 1-2 i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8 Godkjenning med rett til tilskot

8.1 Gjeldande rett

Dette kapitlet gjeld alle skolar med unntak av vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar. Desse skolane er omtalte i kapittel 9.

Høvet til å godkjenne nye frittståande skolar vart mellombels oppheva med verknad frå 9. juni 2006, og det er berre godkjende skolar som var i drift 13. desember 2005 som har rett til tilskot og til å drive verksemda etter friskolelova, jf. §§ 2-1 og 2-2. Departementet kan «i særlege tilfelle» gjere unntak frå desse føresegnene. I kapittel 4.3 i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) er det presisert at det her berre er tale om ein smal unntaksheimel for heilt spesielle tilfelle, og at høvet til godkjenning berre gjeld dersom etableringa av skolen ikkje vil medføre vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen/vertsfylket. Det er fastsett at vertskommunen/vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka. Ved allereie godkjende frittståande skolar som var i drift 13. desember 2005, kan departementet godkjenne driftsendingar. Departementet har lagt til grunn at vertskommunen/vertsfylket har rett til å klage over eit vedtak om godkjenning av ein ny skole etter friskolelova eller eit vedtak om driftsendingar ved ein eksisterande frittståande skole.

Lova opnar ikkje lenger for at det kan givast løyve til tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk, jf. § 1-5. Frittståande skolar som tidlegare har fått løyve til å drive tidsavgrensa forsøk, vil ikkje få løyve til forlengd forsøksperiode.

Fram til 9. juni 2006 var hovudregelen at frittståande skolar som oppfylte dei krava som følgjer av lova, hadde rett til godkjenning og tilskot frå staten. Retten til godkjenning var avhengig av at godkjenninga ikkje fekk vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen eller vertsfylket. Det var likevel slik at enkelte typar skolar ikkje hadde rett til godkjenning, men kunne godkjennast av departementet med rett til tilskot etter ei samla vurdering. Dette gjaldt norske frittståande skolar i utlandet, internasjonale frittståande skolar i Noreg og særskilde skolar for funksjonshemma. Med unntak av vedtak som gjaldt norske skolar i utlan-

det, skulle vertskommunen/vertsfylket gi fråsegn før departementet gjorde vedtak i saka. Etter § 1-5 kunne departementet etter søknad frå ein frittståande skole gi løyve til at det vart gjort avvik frå lova og forskriftene til lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

I godkjenninga av den enkelte skolen er det blitt stilt vilkår om at flytting av ein grunnskole til ein annan kommune eller flytting av ein vidaregåande skole til eit anna fylke føreset ny søknad. Dette har samband med at skolar ikkje kan godkjennast dersom det medfører vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen/vertsfylket, og at vertskommunen/vertsfylket har uttalerett.

Om ikkje anna er fastsett i godkjenninga av den enkelte skolen, avgjer skolen sjølv når han vil starte opp skoleverksemda, og om han ønskjer å ta ein pause i verksemda etter friskolelova. Ved opphør av skoledrifta etter friskolelova kan departementet krevje tilbakeført attståande midlar som skriv seg frå det offentlege tilskotet, jf. § 7-2 fjerde ledd.

Med unntak av dei internasjonale grunnskolane skal dei frittståande grunnskolane gi opplæring på norsk eller samisk, jf. § 2-1 andre ledd tredje punktum. Det er ikkje fastsett tilsvarende krav for dei frittståande vidaregåande skolane i § 2-2.

Det er ikkje fastsett krav i friskolelova om kva språk skolen sine dokument, for eksempel læreplanar, inntaksreglement, referat frå styremøte og rekneskap skal ligge føre på.

Departementet har heimel for å forskriftsfeste fristar for søknad om godkjenning av ein frittståande skole, jf. §§ 2-1 siste ledd og 2-2 siste ledd. Slik forskrift er gitt i § 12-1 i forskrifta til friskolelova.

8.2 Krav til grunnlag

8.2.1 Innleiing

8.2.1.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at det i den tidlegare privatskolelova, som vart erstatta av friskolelova, vart det stilt krav om at ein skole måtte ha eit bestemt formål, for eksempel religiøst, fagleg-pedagogisk, norsk skole i utlandet eller

dekkje eit kvantitativt behov. Da kravet om formål vart fjerna med friskolelova – for grunnskolane frå 1. oktober 2003 og for dei vidaregåande skolane frå 1. desember 2004, førte det til ein ukontrollert vekst i talet på nye skolar. For å få til den ønskete innstramminga i friskolepolitikken, jf. kapittel 2.1, foreslo departementet i høringsbrevet at det i § 2-1 blir innført tilleggskrav til grunnskolar og vidaregåande skolar for å få godkjenning med rett til statstilskot etter lova.

I høringsbrevet viste departementet til at formålet med dei private skolane etter lova primært er å drive skole, det vil seie at dei på vegner av det offentlege skal sørgje for at elevane får oppfylt sin rett og si plikt til grunnskoleopplæring og sin rett til vidaregåande opplæring. Formålet med skolane er såleis ikkje primært å gi opplæring til ei bestemt tru eller å gi kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi, men det særskilde grunnlaget for skolen kan gjere det ønskeleg for det offentlege å vurdere å yte tilskot til skolen. I høringsbrevet presiserte departementet at skolane heller ikkje skal gi behandling. Departementet foreslo derfor i høringsbrevet at dei tidlegare brukte omgrepa *grunnar* og *formål* i privatskolelova blir erstatta av omgrepet *grunnlag*, det vil seie at skolane i tillegg til å gi elevane jamgod opplæring, jf. § 2-3, må dokumentere at dei skal ha/har eit særskilt grunnlag.

8.2.1.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget om at skolane må ha eit særskilt grunnlag for å få godkjenning med rett til statstilskot etter lova.

Fleirtalet av dei fylkeskommunar og kommunar som uttaler seg, er i hovudsak positive til forslaget og den gjennomgåande endringa.

Utdanningsforbundet støttar intensjonen i forslaget, og uttaler at

«Det er naudsynt med ei innstramming av friskulepolitikken og innføring av tilleggskrav for å få godkjenning etter lova med rett til tilskot. Formålet med dei private skulane etter lova må primært vere å drive skule, ikkje å gi opplæring til ei bestemt tru eller gi kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi. Vi støttar forslaget om å nytte omgrepet «grunnlag» i staden for omgrepa «grunnar» og «formål» som vart brukt i den tidlegare privatskulelova.»

Barneombodet er også positivt til lovforslaget, og stiller seg bak den beskrivinga departementet gav av posisjonen til privatskolane/friskolane i Noreg. Ombodet uttaler at

«Vi er i prinsippet enige i regjeringens målsetting slik den fremkommer i Soria Moria-erklæringen.»

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Oslo kommune er blant dei som er negative til forslaget og uttrykkjer at dei er tilfreds med gjeldande friskolelov. Oslo kommune uttaler mellom anna:

«Oslo kommune er ikke enig i at det fremmes en lov med begrensninger i mulighetene til å etablere nye friskoler».

8.2.1.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Hovudformålet med dei foreslåtte endringane om krav til særskilt grunnlag for å få godkjenning med rett til statstilskot etter lova, er å avgrense veksten av private skolar som ikkje utgjer eit religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlege skolen, jf. kapittel 2.1. Departementet har merkt seg at fleirtalet av høringsinstansane støttar eller ikkje har merknader til forslaget om at skolane må ha eit særskilt grunnlag for å få godkjenning med rett til tilskot etter lova. Departementet går på denne bakgrunn inn for at lova blir endra i samsvar med høringsforslaget, slik at private skolar som utgjer eit supplement til den offentlege skolen i kraft av å representere eit særskilt grunnlag, skal givast høve til å få godkjenning med rett til statstilskot.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringer i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

Nedanfor følgjer vurderingar og forslag frå departementet om kva for grunnlag skolane må ha for å bli godkjende.

8.2.2 Skolar som blir etablerte og drivne på religiøst grunnlag

8.2.2.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at i den offentlege grunnskolen er kristendoms-, religions- og livssynskunnskap eit ordinært skolefag, og at undervisninga i faget ikkje skal vere forkynnande. Departementet viste også til at det er fastsett at

«Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna».

Det ovannemnde følgjer av opplæringslova § 2-4 andre og tredje ledd.

I *Religion og etikk*, fellesfag i studieførebuande utdanningsprogram, går det fram at dette både er eit kunnskapsfag og eit holdningsdannande fag. Heller ikkje dette faget skal være forkynnande.

I høringsbrevet gav departementet uttrykk for at det ønskjer at foreldre og elevvar framleis skal kunne velje skolar som er etablerte på religiøst grunnlag. Dette er i samsvar med den politiske plattformen for fleirtalsregjeringa (Soria Moria-erklæringa), jf. kapittel 1. Dersom dette skal vere reelt mogleg for alle som ønskjer det, må staten yte tilskot til denne typen skolar. Departementet foreslo derfor i høringsbrevet at lova skal opne for grunnskolar og vidaregåande skolar som blir etablerte og drivne på eit reelt religiøst grunnlag. Kravet om eit reelt religiøst grunnlag inneber at den enkelte skolen må synleggjere verdigrunnlaget i mellom anna stiftelsesdokumentet og i dei læreplanane skolen skal følgje på det enkelte trinnet.

8.2.2.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget om at lova skal opne for skolar som blir etablerte og drivne på eit reelt religiøst grunnlag.

Eit klart fleirtal av dei høringsinstansane som uttaler seg, er positive til forslaget. *Norsk Lærerkademi* og *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*, som støttar forslaget, meiner at det i forarbeida til lovendinga må takast med at forkynning er tillate mellom anna i kristendomsundervisninga i ein friskole driven på kristent grunnlag, og uttaler vidare:

«Departementet bør også gjøre det klart at selv om formål ikke er tatt med som godkjenningssgrunnlag slik det var i den gamle privatskoleloven, så er det fortsatt mulig for en skole drevet på religiøst grunnlag å ha et religiøst formål med opprettelsen av skolen.»

Moe skole uttaler at skolen reknar med at forslaget ikkje inneber avgrensing når det gjeld trusopp- læring og forkynning.

Ansgar Bibelskole uttaler at

«Vi har merket oss at religiøst formål ikke lenger er grunnlag for godkjenning og støtte, slik det var i den gamle privatskoleloven. Men vi oppfatter det ikke som noen saklig endring når departementet foreslår å bytte ut begrepet formål med begrepet grunnlag. Regjeringserklæringen er tydelig på at skoler som drives på et religiøst grunnlag skal godkjennes og at staten skal yte tilskudd til denne typen skoler.»

8.2.2.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Som vist til i kapittel 8.2.2.1 foreslo departementet i høringsbrevet at lova skal opne for grunnskolar og vidaregåande skolar som blir etablerte og drivne på religiøst grunnlag, slik at foreldre og elevvar framleis skal ha reelt høve til å velje slike private skolar. Departementet har merkt seg at enkelte av dei kristne frittstående skolane som uttaler seg, er usikre på om kravet i lovforslaget om religiøst *grunnlag*, ikkje religiøst *formål* som i den tidlegare privatskolelova, inneber ei avgrensing når det gjeld trusopp- læring og forkynning.

Departementet vil i denne samanheng presisere at skolen sitt hovudformål er å sørge for at elevane får oppfylt sin rett og si plikt til grunnskoleopplæring og sin rett til vidaregåande opplæring. Dette betyr likevel ikkje at skolar som er etablerte på religiøst grunnlag, ikkje kan gi trusopp- læring. Formålet med å etablere og drive skolar på religiøst grunnlag vil nettopp vere at slike skolar skal gi barn og unge eit skoletilbod der trua er ein naturleg del av verdigrunnlaget, og der dette er synleggjort i stiftelsesdokumenta og i dei læreplanane skolen skal følgje. Læreplanane for skolen må ikkje komme i konflikt med formålsparagrafen i lova, jf. § 1-1. Private skolar som er etablerte og blir drivne på religiøst grunnlag, har høve til å gjennomføre opplæringa i samsvar med sitt syn og si overtydning, så lenge det blir informert om andre syn og norsk lovgiving på området.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.2.3 Skolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning

8.2.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Det følger av opplæringsloven § 8–1 første ledd at elever i grunnskolen har rett til:

«å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til». Foreldrene kan søke om at barnet/ungdommen får gå på en annen skole enn nærskolen. Søknaden avgjøres av hjemkommunen. Elever i den vidaregåande skolen har ikkje lovheimlet rett til inntak ved en bestemt skole, jf. opplæringsloven § 3–1. Enkelte fylkeskommuner praktiserer fritt skolevalg, det vil si et inntak som i stor grad er basert på karakterer.

De frittstående skolene skal ha hele landet som inntaksområde og skal stå åpne for alle

som fyller vilkårene for inntak i offentlige skoler, jf. friskoleloven § 3–1.

Kunnskapsløftet gir i større grad enn tidligere skolene frihet til å organisere opplæringen. Siden læreplanen i liten grad beskriver innhold, er skolens handlingsrom økt betraktelig med tanke på utvalg og konkretisering av innhold og valg av arbeidsmåter for at elevene skal nå kompetansemålene i fagene. Dette gir et langt større spillerom for skolene til å legge til rette for alternative opplærings- og organiseringsformer så lenge kompetansemålene nås, [...].

Den tidligere privatskoleloven åpnet for godkjenning av skoler som var etablert som et *faglig-pedagogisk alternativ* til den offentlige skolen. Som følge av Kunnskapsløftet vil de offentlige grunnskolene nå i prinsippet kunne gi opplæring i henhold til for eksempel montessoripedagogikken, det vil si at de følger Kunnskapsløftet, bruker Maria Montessoris psykologiske forståelse av barnets utvikling, herunder virkemidlene, har montessorimateriell og et undervisningspersonale med tilleggsgutdanning i montessoripedagogikk. Dersom foreldre ønsker at barna sine skal få opplæring i henhold til denne pedagogikken og de skal få realisert dette ønsket, er de avhengig av at denne pedagogikken tilbys:

- ved den offentlige nærskolen, jf. opplæringsloven § 8–1 første ledd.
- ved en annen offentlig skole og kommunen imøtekommer søknaden, jf. opplæringsloven § 8-1 annet ledd.
- ved en privat grunnskole, jf. opplæringsloven § 2-12.
- ved en skole som er godkjent etter friskoleloven/privatskoleloven.

Et femte alternativ er privat hjemmeundervisning, det vil si at de foresatte selv underviser sine egne barn hjemme, i denne pedagogikken. Dette alternativet er lite realistisk for de fleste. Det samme er de tre første strekpunktene. Mange offentlige grunnskoler har elementer av montessoripedagogikken i sin undervisning, men tilbyr ikke denne pedagogiske retningen i sin helhet. Per i dag finnes det bare frittstående montessoriskoler. Det er altså ingen montessoriskoler som er godkjent etter opplæringsloven § 2-12. Dersom en skulle endre friskoleloven slik at den ikke lenger åpnet for godkjenning av montessoriskoler, er det lite sannsynlig at det ville være stor etterspørsel etter private montessoriskoler fordi skolepengene ville bli for høye for de aller fleste.

Når det gjelder steinerpedagogikken er det lite trolig at den i sin helhet kan tilbys innenfor rammene av Kunnskapsløftet.

Regjeringen ønsker at foreldre og elever fortsatt skal kunne velge skoler som utgjør et faglig-pedagogisk alternativ (slik begrepet ble brukt i den tidligere privatskoleloven), jf. regjeringserklæringen. Dersom denne muligheten skal være reell, må denne typen skoler kunne godkjennes med rett til statstilskudd også i fremtiden. I og med at blant annet montessoripedagogikken trolig kan gjennomføres innenfor Kunnskapsløftet, vil det etter departementets vurdering være unaturlig å betegne disse skolene som «alternative» skoler. Etter departementets vurdering bør derfor det tidligere brukte begrepet «faglig-pedagogisk alternativ» erstattes med begrepet «anerkjent pedagogisk retning». I dette begrepet ligger det bl.a. at pedagogikken ikke nødvendigvis er annerledes enn den som tilbys i den offentlige skolen, men at den må representere en sammenhengende idé og et verdigrunnlag som normalt ikke realiseres i den offentlige skolen fordi det kreves særskilt tilrettelegging av kompetansemålene i Kunnskapsløftet og/eller fordi de har en sammenhengende idé som «binder» opplæringen metodisk.

Med «pedagogisk retning» menes at skolen skal følge et helhetlig pedagogisk opplegg; en organisering, en metode og tilhørende læreplaner. I begrepet «anerkjent» ligger det at pedagogikken er utprøvd, utførlig beskrevet i litteraturen, velrenommert og relativt utbredt. Departementet mener at skoler som skal drive sin virksomhet etter privatskoleloven på grunnlag av en anerkjent pedagogisk retning må ha et undervisningspersonale, som i tillegg til godkjent lærerutdanning eller godkjente alternative kompetansekrav, jf. § 4–2, har en tilstrekkelig spesialkompetanse til å gjennomføre den anerkjente pedagogiske retningen, for eksempel steinerhøyskole eller videreutdanning innen montessoripedagogikk.

En nasjonal modell/tradisjon, for eksempel en fransk eller spansk læreplan, vil etter dette ikke være en anerkjent pedagogisk retning, mens steineriskoler, montessoriskoler og såkalte «jenaplanskoler» og «daltonskoler» vil falle innenfor definisjonen, forutsatt at skolene tilsetter undervisningspersonell med spesialkompetanse.

Departementet foreslår at privatskoleloven skal åpne for grunnskoler og videregående skoler som etableres og drives på grunnlag av en *anerkjent pedagogisk retning*.

8.2.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Dei fleste høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget om at lova skal opne for skolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning.

Utdanningsforbundet er blant dei høringsinstansane som støttar forslaget, og uttaler:

«I tillegg til at skular skal kunne godkjennast på religiøst grunnlag, må det og vere opning for godkjenning med rett til tilskot til det som i den gamle privatskulelova vart kalla pedagogiske alternativ. Sjølv om Kunnskapsløftet gir skulane større handlingsrom når det gjeld opplærings- og organiseringsformer, kan ikkje foreldre som ønskjer det, få tilbod om pedagogiske alternativ i sin heilskap, utan å søkje elevane inn på skular som er etablerte som eit fagleg-pedagogisk alternativ.

Departementet foreslår at ein i den nye lova skal nytte omgrepet «anerkjent pedagogisk retning» i staden for «fagleg-pedagogisk alternativ». I omgrepet legg departementet at opplæringa må representere ein samanhengande idé og eit verdigrunnlag som normalt ikkje kan realiserast i den offentlege skulen. Pedagogikken skal vere utprøvd, utførleg beskriven i litteraturen, velrenommert og relativt utbreidd, og skulen må følgje eit heilskapleg pedagogisk opplegg.

Utdanningsforbundet ser at veikskapen i dette forslaget kan vere at det berre er særskilte pedagogiske retningar som har eksistert i ei årrekke, som kan godkjennast. Eventuelle nyutviklingar av pedagogiske alternativ kan få problem med å bli godkjent, og lova kan bli for lite utviklingsorientert. Likevel vil andre løysingar bli så vanskelege å avgrense i høve til dei pedagogiske moglegheitene og utviklinga i den offentlege skulen, at Utdanningsforbundet støttar forslaget om å nytte omgrepet «anerkjent pedagogisk retning». Forsøksheimelen i lova kan også gje moglegheit for å leggje til rette for utvikling i dei private skulane.

Vi er einig i at undervisningspersonalet i desse skulane, i tillegg til godkjent lærarutdanning eller godkjente alternative kompetansekrav, må ha ein tilstrekkeleg spesialkompetanse til å kunne gjennomføre den anerkjente pedagogiske retninga. Vi sluttar oss også til at ein nasjonal modell eller tradisjon som til dømes ein fransk eller spansk læreplan, ikkje kan vere ei anerkjent pedagogisk retning.»

Steinerskoleforbundet er kritisk til nemninga *anerkjend pedagogisk retning* og foreslår å behalde *faglig-pedagogisk alternativ*, eventuelt å innføre omgrepet *Helhetlig begrunnet faglig pedagogisk alternativ*. Forbundet grunngr dette slik:

«Folkeretten stiller krav om at økonomisk støtte til slik undervisning skal gies på et ikke-diskriminerende grunnlag. Det er etter vårt syn derfor svært problematisk med begrepet «anerkjent» i tilknytning til godkjenning. Det

samme begrepet knyttes ikke til skoler etablert på religiøst grunnlag, og det synes derfor underlig at det skal gjøres en anerkjennelsesvurdering av foreldres pedagogisk-filosofiske overbevisning, når det ikke gjøres av deres religiøse overbevisning. Høringsbrevets forsøk på å forklare bruken av «anerkjent» er etter vårt syn ikke holdbar. At pedagogikken må være «utprøvd, utførlig beskrevet i litteraturen, velrenommert og relativt utbredt», kan vise seg effektivt for å hindre at nye impulser i kulturlivet kan danne nye skoleformer.

Departementet ser ut til å ville godta det som allerede finnes, men hindre nyskapning. For en fornyelsespedagogikk som i sin tid oppsto utenfor den offentlige skoleporten, og som slett ikke var velrenommert og utførlig beskrevet i litteraturen, fremstår dette som et tilbakeskritt. Endringen av begrepene fra «Faglig pedagogisk alternativ» til «Anerkjent pedagogisk retning» synes altså motivert av to hensyn:

- Å vanskeliggjøre at nye aktører slipper til.
- Å synliggjøre den offentlige skolens metodefrihet.

Lovverket bør etter vårt syn ikke hindre framtidige tilskudd til norsk skoleutvikling. Vi mener derfor at begrepet «anerkjent» bør unngås, og at uttrykket «Faglig pedagogisk alternativ» bedre dekker saksforholdet. For å ivareta ønsket om å synliggjøre metodefriheten i offentlig skole, foreslår vi derfor at den nye loven på dette punkt bruker betegnelsen «Helhetlig begrunnet faglig pedagogisk alternativ.»

Næringslovets Hovedorganisasjon (NHO) og *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)* meiner at forslaget vil gjere pedagogisk utvikling vanskeleg. HSH uttaler i denne samanheng mellom anna:

«Lovforslaget åpner for at skoler kan etableres og drives på grunnlag av en anerkjent pedagogisk retning. Det er noe uklart hva man mener med dette. Av høringsnotatet kan det synes som om departementet kun vil godkjenne allerede etablerte pedagogiske retninger/alternativ. Dette vil i så fall være svært uheldig for samfunnsutviklingen. Etter HSHs syn er det viktig at lovverket ikke er til hinder for utvikling av nye pedagogiske retninger, nye metodikker mv innenfor skoleverket. Det er ikke nødvendigvis slik at dagens løsninger vil være de beste i fremtiden.»

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) kommenter også forslaget:

«Departementet synes å skille begreper slik at enkelte pedagogiske modeller, tradisjoner eller læreplaner skal falle utenom det som skal ligge

i begrepet «anerkjent pedagogisk retning», mens derimot «steinerskoler, montessoriskoler og såkalte «jenaplanskoler» og «daltonskoler» vil falle innenfor definisjonen» Og departementets konklusjon blir dermed at «privatskoleloven skal åpne for grunnskoler og videregående skoler som etableres og drives på grunnlag av en anerkjent pedagogisk retning.»

NFFL uttaler videre:

«Pedagogikk defineres som læren om oppdragelse og undervisning. Som en øvelse kan det være nyttig å bruke internett og diverse leksikoner for å kartlegge hvordan begrepet «pedagogisk retning» benyttes i faglig sammenheng. Begrepet inngår bl.a. i diverse lærebøker for ulike yrkesgrupper, ikke bare i lærerutdanningen. Vanlige begreper som går igjen er for eksempel Atferdspedagogisk retning, Humanistisk pedagogisk retning, Kognitiv pedagogisk retning, Aktivitetspedagogisk retning, Helhetlig pedagogisk retning osv. Alle disse retningene må trygt kunne betegnes som anerkjente, i det at de inngår i læreplaner for ulike fag- og profesjonsutdanninger i Norge.

Høringsnotatet velger å fremheve 4 pedagogiske retninger som særlig godt egnet til å oppfylle departementets kriterier for å oppnå statlig godkjenning. Men hvorfor er for eksempel ikke sosialpedagogiske eller konsekvenspedagogiske retninger nevnt? Og hva med nyere pedagogiske retninger og læringsteorier der bruk av ikt-verktøy i samhandling og kommunikasjon står sentralt?»

8.2.3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at lova skal opne for grunnskolar og vidaregåande skolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av *ei anerkjend pedagogisk retning*.

Departementet vil presisere at med omgrepet *anerkjend* er meint at skolens pedagogiske verksemd er utprøvd, relativt utbreidd og utførleg beskriven i faglitteraturen.

Departementet vil uttale at omgrepet *pedagogisk retning* inneber at det skal vere ein heilskapleg samanheng i skolens pedagogiske verksemd. Det betyr at opplæringa i skolen byggjer på eit samanhengande idé- og verdigrunnlag, og at dette legg bestemte føringar for ulike sider ved skolens pedagogiske praksis, som fagleg innhald, organisering og metode. Skolane må derfor ha læreplanar som synleggjer kva konsekvensar dette idé- og verdigrunnlaget har for opplæringa, for eksempel korleis det påverkar fagleg innhald og/eller bind opplæringa metodisk.

I samsvar med høringsbrevet foreslår departementet at skolar som skal drive verksemda etter

lova på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning, må ha eit undervisningspersonale som i tillegg til godkjend lærarutdanning eller godkjende alternative kompetansekrav har tilstrekkeleg spesialkompetanse knytt til den anerkjende pedagogiske retninga, for eksempel steinerhøgskole eller vidareutdanning innan montessoripedagogikk.

Departementet har merkt seg at enkelte høringsinstansar meiner forslaget vil gjere pedagogisk utvikling vanskeleg fordi det synest som om departementet berre vil godkjenne allereie etablerte pedagogiske retningar, og at dette i så fall vil vere uheldig for samfunnsutviklinga. Departementet vil i den samanheng vise til at bakgrunnen for dei foreslåtte endringane er at regjeringa vil satse på kvalitet og mangfald i ein offentlig fellesskole og prioritere statlege midlar til utvikling av den offentlege skolen. Departementet viser vidare til at forslaget om å atterinnføre ein forsøksheimel i lova, jf. § 2-5 i lovutkastet, vil gjere det mogleg å legge til rette for utvikling også i dei private skolane.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.2.4 Norske skolar i utlandet

8.2.4.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet at lova skal opne for godkjenning av norske grunnskolar i utlandet. Etter forslaget omfattar omgrepet utlandet Svalbard. Departementet foreslo vidare at lova ikkje skal opne for godkjenning av nye norske vidaregåande skolar i utlandet.

I høringsutkastet uttalte departementet:

«Opplæringsloven gjelder i Norge med unntak av Svalbard. Unntaket for Svalbard følger av § 2 i svalbardloven. For øvrig vises det til forskrifter 6. desember 1981 nr. 3380 om grunnskole og videregående skole på Svalbard. Nordmenn som bosetter seg i utlandet, vil ikke ha rett og plikt til grunnskoleopplæring eller rett til videregående opplæring etter norsk lov. Ved kortvarige utenlandsopphold vil grunnskoleplikten være i behold.

Friskoleloven gjelder både for frittstående skoler i Norge og i utlandet. Flere norske skoler i utlandet mottar tilskudd etter friskoleloven.

Departementet mener primært at norske statsborgere som velger å flytte utenlands må benytte de velferdsordningene som finnes i det landet de flytter til, f.eks. helse- og sosialtjenester, barnehager, skole mv. Dette er ikke bare et kostnadsspørsmål, men også et integrerings-

spørsmål. Departementet mener likevel at det kan være rimelig at barn i opplæringspliktig alder som oppholder seg i utlandet i visse tilfeller fortsatt får et norsk grunnskoletilbud. Dette vil kunne gjøre både utenlandsoppholdet og hjemkomsten enklere for disse barna. Det må da stilles krav om at de norske skolene i utlandet følger den læreplanen som gjelder for offentlige norske skoler.

Departementet mener at disse hensynene ikke gjør seg gjeldende i samme grad når det gjelder videregående opplæring. Dette dreier seg om ungdom i alderen 16 til 19 år som det må forventes at i langt større grad kan nyttiggjøre seg nasjonale eller internasjonale tilbud i det landet de bor i. Det vises her også til at det er bred politisk enighet om at det er positivt at norsk ungdom reiser ut og tar videregående opplæring i utlandet. En utenlandsk eller internasjonal videregående utdanning kan også være til stor nytte dersom eleven ønsker å ta høyere utdanning i utlandet. Dersom disse elevene ønsker å fullføre den videregående opplæringen i Norge, kan de få godskrevet den opplæringen de har fullført og bestått i utlandet, jf. forskrift til opplæringsloven § 1-12 første ledd.»

8.2.4.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Fleirtalet av høringsinstansane uttaler seg ikkje om forslaget om at lova ikkje skal opne for godkjenning av nye norske vidaregåande skolar i utlandet. Av dei høringsinstansane som har uttalt seg til dette forslaget, er dei fleste imot.

Innvendingane til forslaget kjem frå mellom andre *Aust-Agder fylkeskommune*, *Oslo kommune*, *Centro Asistencial Noruego* (Bærum kommunes bo- og behandlingssenter i Altea), *Norsk Lærarakademi*, *Utdanningsforbundet*, *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)*, *Norges Astma- og Allergiforbund*, *Norske Utenlandsskolers Forening*, *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*, *Den norske skole Costa Blanca*, *FAU ved Den norske skole Costa Blanca*, *Den Norske Skole Gran Canaria*, *Den Norske Skolen i Rojales* og *Den skandinaviske skolen i Brussel*. Desse høringsinstansane meiner at vidaregåande skolar i utlandet framleis må få godkjenning.

Norske Utenlandsskolers Forening uttaler at forslaget er eit av dei hovudpunkt som har skapt mest uro mellom dei skolane i utlandet som har vidaregåande skole i dag, og seier i denne samanheng at

«Norske arbeidstakere, i både privat og offentlig tjeneste, som sendes til utlandet for å bidra til å ivareta norske interesser politisk, økono-

misk, militært og kulturelt vil ofte ha forholdsvis korte opphold. Vi vet at mange av disse kun vil ønske å flytte hvis de kan oppleve kontinuitet i sine barns skolegang. Flere av skolene i utlandet har blitt opprettet nettopp for å tilfredsstille slike behov.

Andre departementer er opptatt av at Norge markedsfører seg i utlandet og utnytter det potensialet som globalisering og internasjonalisering kan ha for norske interesser og norsk næringsliv. Vi kan anta at antallet utsendte medarbeidere fra Norge bare vil øke i tiden fremover.

Familier som flytter av helsemessige årsaker har ofte barn som har vært mye syke og mistet mye undervisning av den grunn. Utfordringene for dem er store når det gjelder å ta igjen skolegang og undervisning som har blitt skadelidende under deres sykdomsperioder. Å skulle etablere seg i et nytt skolesystem med et annet morsmål vil sannsynligvis være for utfordrende.»

Norsk Lærarakademi og Kristne Friskolers Forbund (KFF) gir uttrykk for at den norske staten, ut frå både historiske, moralske og politiske vurderingar, har eit spesielt ansvar for å sikre norsk skolegang for barn av norsk personell i land der det blir drive bistandsrelatert verksemd:

«I disse landene er sjelden internasjonale skoler noe alternativ. Dette krever at utenlandsskolene knyttet til bistandsmiljøer må gis særskilte vilkår slik at skolene kan fylle sin funksjon. Mulighet for fleksible ordninger er nøkkelen til om disse skolene makter å ivareta sin oppgave overfor barn i en meget utsatt situasjon.»

Utdanningsforbundet er også kritisk til forslaget, og uttaler at

«Det må takast omsyn til tilhøva i det landet der ein søker om etablering av private skular, både når det gjeld infrastruktur, avstandar og kvaliteten på opplæringa. Ein må også ta omsyn til at elevane ofte har korte opphald i utlandet og skal tilbake til det norske opplæringssystemet og vere i stand til å fullføre opplæringsløpet i Noreg utan forseinking eller fråfall. Fleire av dei utanlandske skulane har elevar som er i utlandet av helsemessige grunnar.

Når ein opnar for støtte til internasjonale skular i Noreg, mellom anna for å rekruttere utanlandsk arbeidskraft til norske bedrifter, må det vere rett at også nordmenn som for ein kortare periode har tilsetjingsforhold i utanlandske verksemdar eller er på oppdrag for norske styresmakta eller organisasjonar, kan få eit opplæringstilbod for bama sine ved ein privat skule i utlandet, dersom forholda ligg til rette for det. Utdanningsforbundet meiner derfor at privats-

kulelova bør opne for at bam og unge som held til i utlandet, kan få eit tilbod om grunnskule eller vidaregåande opplæring ved ein skule godkjent etter privatskulelova.»

Norges Astma- og Allergiforbund meiner at elevar med kronisk sjukdom vil bli ramma på ein negativ måte som verken kan sameinast med Regjeringa sin politikk eller med intensjonane med NAV-reforma. Vidare seier forbundet at elevar med kronisk sjukdom står overfor mange utfordringar som funksjonsfriske ikkje opplever. Forbundet viser til at utdanning ved offentleg godkjende norske skolar i utlandet som Den Norske Skole på Gran Canaria gjennom fleire år har medverka til at elevar med kronisk sjukdom likevel har gjennomført vidaregåande utdanning, og uttaler at

«[...] for mange pasienter med alvorlig astma, allergi og eksem er det særdeles viktig å kunne ta sin utdanning under andre klimatiske forhold, da klima har betydelig innvirkning på deres fysiske helse.»

8.2.4.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet er av den oppfatning at norske statsborgarar som vel å flytte utanlands, primært må nytte dei velferdsordningane som finst i det landet dei flytter til. Departementet meiner likevel at det kan vere rimeleg at barn i opplæringspliktig alder som oppheld seg i utlandet, i visse tilfelle framleis får eit norsk grunnskuletilbod. Dette kan gjere både utanlandsopphaldet og heimkomsten enklare for desse barna. På denne bakgrunn og i samsvar med høringsforslaget foreslår departementet at lova skal opne for godkjenning av norske grunnskolar i utlandet. Skolane må følge den læreplanen som til kvar tid gjeld for offentlege norske skolar.

Når det gjeld ungdom i alderen 16 til 19 år, må det forventast at denne aldersgruppa i langt større grad kan nyttiggjere seg nasjonale eller internasjonale tilbod i det landet dei bur i. Departementet viser til vurderingane i høringsbrevet, jf. kapittel 8.2.4.1. Departementet foreslår derfor, i samsvar med høringsforslaget, at lova ikkje skal opne for godkjenning av nye norske vidaregåande skolar i utlandet. Departementet viser også til at eit klart fleirtal av høringsinstansane ikkje har innvendingar mot dette forslaget. Når det gjeld dei eksisterande vidaregåande tilboda i utlandet, viser departementet til kapittel 8.3.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.2.5 Skolar som skal fylle eit kvantitativt undervisningsbehov

8.2.5.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet at lova ikkje skal opne for godkjenning av skolar som er grunnlagt med at det er eit generelt kvantitativt behov, og grunnlag dette slik:

«Den tidligere privatskoleloven åpnet for godkjenning av skoler som skulle «fylle eit kvantitativt undervisningsbehov.» Begrepet «behov» skulle knyttes til manglende undervisningskapasitet i de offentlige skolene, enten ved at utdanningstilbudet manglet helt, eller ved at utdanningstilbudet ikke fullt ut dekket etterspørselen etter utdanning. Det var kun videregående skoler som kunne godkjennes etter § 3 bokstav d, og det ble stilt krav om at skolene skulle følge offentlig godkjente læreplaner. I vurderingen av om en skole skulle få godkjenning etter bokstav d ble det som regel lagt stor vekt på vertsfylkets uttalelse om behovet. Ved søknader om godkjenning av yrkesfaglige studieretninger med avsluttende opplæring i bedrift ble det også lagt vekt på om det ville være mulig å skaffe læreplass.

I Ot.prp. nr. 32 (1994–95) om endringer i privatskoleloven foreslo departementet å fjerne § 3 bokstav d i privatskoleloven, men likevel slik at de skolene som allerede var godkjent etter dette alternativet fortsatt skulle få statstilskudd. Lovforslaget var begrunnet i R94, dvs. innføringen av en rett for ungdom til videregående opplæring. Dessuten ble det vist til at fylkeskommunene også skulle gi tilbud til voksne, jf. minimumsdimensjoneringen på 375 %. I tillegg ble det vist til Innst. O. nr. VII (1969–70) hvor det heter at «Argumentasjonen for å gi offentlig støtte til private skoler som fyller et kvantitativt undervisningsbehov vil svekkes etter hvert som det offentlige skoleverket på vedkommende område blir utbygd.»

Flertallet på Stortinget gikk imot forslaget. I Innst. O. nr. 62 (1994–95) om endringer i privatskoleloven uttalte flertallet i kirke-, utdannings- og forskningskomitéen bl.a. følgende: «Fleirtallet meiner ein heimel i lova gir desse skulane eit nødvendig rettsgrunnlag, og at dette fell bort om ein stryk lovregelen. Fleirtallet vil ikkje tilrå å endre § 3.» Komitéens mindretall støttet forslaget og pekte bl.a. på at en opprettholdelse av § 3 bokstav d kunne føre til etablering av nye private skoler på kvantitativt grunnlag.

Ungdom har rett til offentlig videregående opplæring. Ungdomsretten omfatter rett til inntak til ett av tre alternative utdanningsprogram på videregående trinn 1 og til to års videregående opplæring innenfor utdanningsprogram-

met, jf. opplæringsloven § 3–1. Siden Stortinget behandlet ovennevnte forslag er det også innført en rett for voksne som er født før 01.01.1978 og som ikke tidligere har fullført videregående opplæring til offentlig videregående opplæring. I tillegg skal fylkeskommunen gi tilbud til ungdom og voksne uten rett, jf. opplæringsloven § 13–3 annet ledd. Departementet mener derfor at det som hovedregel ikke foreligger et behov for private videregående skoler som driver opplæring etter læreplaner som er identiske med den de offentlige skolene følger. Departementet er likevel opptatt av å finne en særskilt løsning for såkalte toppidrettsgymnas innenfor privatskoleloven, [...]».

8.2.5.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Berre eit lite mindretal av høringsinstansane har uttalt seg om dette punktet i høringsnotatet.

Tønsberg kommune og *Norges Byggscole* meiner at lova skal opne for skolar grunngitt med det er eit kvantitativt behov for skolane.

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) har følgjande merknad:

«Argumentasjonen om at fylkeskommunen i dag har et overordnet ansvar for å oppfylle alle rettigheter er et dårlig og rent politisk argument, og konsekvenser vil lett bli at det samlede tilbudet særlig til voksne og ungdom som trenger alternative løsninger vil svekkes vesentlig.»

8.2.5.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Til merknaden frå Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) vil departementet presisere at med skolar som utgjer eit kvantitativt behov, er meint skolar som følgjer læreplanar som er identiske med dei planane dei offentlege skolane følgjer. Slike skolar er såleis ikkje eit alternativ til dei offentlege skolane. Departementet meiner at det som hovudregel ikkje ligg føre noko behov for private videregående skolar som skal fylle eit kvantitativt undervisningsbehov. Departementet viser til vurderingane i høringsforslaget, jf. kapittel 8.2.5.1.

Departementet foreslår i samsvar med høringsbrevet at lova ikkje skal opne for godkjenning av skolar som er grunngitt med at det ligg føre eit generelt kvantitativt behov.

8.2.6 Skolar som er etablerte og drivne på internasjonalt grunnlag

8.2.6.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Den tidligere privatskoleloven åpnet ikke for godkjenning av internasjonale skoler, og adgangen til å godkjenne denne typen skoler med rett til lovhjemlet tilskudd ble innført i forbindelse med friskoleloven. Det vises her særlig til punkt 4.1.4 i Ot.prp. nr. 33 (2002-2003) om friskoleloven.

For å gjøre rekrutteringen av nødvendig utenlandsk arbeidskraft enklere for blant annet norsk næringsliv og universiteter og høyskoler, foreslår departementet at privatskoleloven skal åpne for tilskudd til internasjonale grunnskoler og videregående skoler i Norge. Disse skolene vil også kunne være et aktuelt tilbud for norske elever som har gått på tilsvarende skoler i utlandet og være til stor nytte for elever med planer om videre studier i utlandet.

Internasjonale skoler skal ha et annet undervisningsspråk enn norsk eller samisk. I punkt 4.1.4 i Ot.prp. nr. 33 (2002-2003) om friskoleloven fremgår det bl.a. at også de internasjonale skolene skal stå åpne for alle, jf. § 3–1. Dette betyr:

«[...] at det språket undervisninga skal skje på, må vere eit språk som flest mogleg av innbyggjarane meistar, og skolen kan heller ikkje stille krav om eit visst kunnskapsnivå i dette språket. Engelsk er det einaste obligatoriske framandspråket i norsk grunnskole, og dermed er språket godt eigna til å realisere prinsippet om opne skolar. I tillegg vil undervisning på engelsk også oppfylle nokre av dei måla i engelsk som den offentlege læreplanen fastset. Etter det departementet kjenner til, har dei fleste internasjonale skolane engelsk som undervisningsspråk. Undervisning på engelsk vil derfor vere formålstenleg for elevar som har fått delar av si opplæring ved ein internasjonal skole i utlandet, eller elevar som tek sikte på å halde fram skolegangen sin ved ein slik skole i utlandet. Sjølv om engelsk er det vanlegaste språket ved dei internasjonale skolane i dag, ser departementet at det kan oppstå behov for skolar som har eit anna undervisningsspråk. Departementet vil derfor foreslå at lova opnar for godkjenning av skolar med ulike undervisningsspråk.»

Private skoler skal drive sin virksomhet etter godkjente læreplaner, jf. § 2–3. Undervisningsspråket ved internasjonale skoler må være et fremmedspråk som flest mulig av innbyggerne i Norge mestrer. Hvilket undervisningsspråk en skole skal bruke, må godkjennes i forbindelse med læreplanen. Departementet foreslår ingen endringer når det gjelder de internasjonale skolenes undervisningsspråk.

Departementet foreslår at det innføres et krav om at de internasjonale skolene skal drive

sin virksomhet etter internasjonale læreplaner, f.eks. læreplanene til International Baccalaureate Organization (IBO), samt at skolene er sertifisert av den organisasjonen som har utarbeidet planene, ev. at skolene har en tidsplan for slik sertifisering. Det er rimelig at de frittstående internasjonale skolene som per i dag ikke følger en internasjonal læreplan og/eller ikke har nevnte sertifisering, får en rimelig tidsfrist til å tilpasse seg de nye kravene. Departementet foreslår at det gis en frist på 3 år fra lovens ikrafttreden.

Privatskoleloven skal ikke åpne for skoler som har en internasjonal læreplan som er utarbeidet på et religiøst grunnlag, jf. ovennevnte begrunnelse for å åpne for denne typen skoler.

Flere fylkeskommuner tilbyr videregående opplæring i henhold til læreplaner utarbeidet av IBO. Slik departementet ser det er ikke opplæringsloven i seg selv til hinder for at fylkeskommunene tilbyr IB, men IB en ikke formelt en del av den offentlige tilbudsstrukturen, jf. forskrift til opplæringsloven § 1–3. Departementet mener at det er positivt at også fylkeskommunene har et internasjonalt tilbud på videregående skoles nivå, og vil derfor vurdere hvordan dette tilbudet kan forskriftsfestes på en hensiktsmessig måte. Departementet ber uansett om fylkeskommunenes syn på forslaget om at det skal åpnes for tilskudd til internasjonale videregående skoler etter privatskoleloven.»

8.2.6.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Departementet bad spesielt om fylkeskommunane sitt syn på forslaget om at det skal opnast for godkjenning av internasjonale vidaregåande skolar etter lova. Berre eit mindretal av fylkeskommunane har uttalt seg om dette spørsmålet. *Oslo kommune* støttar forslaget fullt ut, medan *Nord-Trøndelag fylkeskommune* og *Østfold fylkeskommune* anbefaler at det ikkje blir opna for godkjenning av private internasjonale skolar på vidaregåande nivå. *Skolenes landsforbund* er ikkje samd i at det blir opna for godkjenning av nye private skolar berre med det som grunnlag at dei følgjer ein anerkjend internasjonal plan.

Mellom andre høringsinstansar som har uttalt seg, er *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*. Forbundet støttar ikkje forslaget, og seier at

«[...] dette ikke bør inn i friskoleloven etter den form og de godkjenningsgrunnlag som nå er gitt. Vil staten støtte dette, bør det gjøres via særskilte budsjettvedtak.»

Også *Norsk Lærerakademi* har kommentert forslaget, og uttaler:

«Norsk Lærerakademi er usikker på om slike skoler bør legges inn under friskoleloven. Dette av økonomiske, juridiske og pedagogiske grunner. Vi vil derfor tilrå at denne saken får en grundigere utredning og at støtte eventuelt kan gis via særskilte budsjettvedtak.»

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL), som støttar forslaget frå departementet, meiner likevel at den foreslåtte overgangsordninga for desse skolane bør vere på fem år frå lova trer i kraft. Dette blir grunnlagt med at sertifisering av for eksempel læreplanane til International Baccalaureate Organization (IBO) er ein lang prosess. Forbundet uttaler vidare at

«[...] skolene skal forberede seg svært godt og ikke rushe inn i en sertifisering, men hvis departementet setter for kort tidsfrist, kan vi risikere å få skoler som enten ikke består sertifiseringsinspeksjonen eller som så vidt kommer igjennom.»

8.2.6.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høringsbrevet, jf. kapittel 8.2.6.1, og foreslår at lova skal opne for godkjenning av internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg. Dette inneber at det blir innført krav om at desse skolane skal drive verksemda etter internasjonale læreplanar, ikkje etter nasjonale læreplanar. Vidare foreslår departementet at skolane skal sertifiserast av den organisasjonen som har utarbeidd læreplanen. Departementet foreslår i samsvar med høringsforslaget at lova skal opne for godkjenning av internasjonale skolar med ulike undervisningsspråk, men at undervisningsspråket må vere eit framandspråk som flest mogleg av innbyggjarane i Noreg meistarar.

Departementet har merkt seg at Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) meiner at den foreslåtte overgangsordninga for desse skolane bør vere på fem år frå lova trer i kraft, ikkje tre år som foreslått i høringsbrevet. Departementet vil i denne samanheng understreke at det er tilstrekkeleg at skolen har søkt om sertifisering innan tre år etter at lova har tredd i kraft. Det er med andre ord ikkje påkravd at sertifiseringa er gitt innan den nemnde tidsfristen. Som ledd i førebuinga kan skolen ta i bruk internasjonale planar før sertifisering er gitt. Etter departementet si vurdering bør såleis ein frist på tre år vere tilstrekkeleg med omsyn til dei førebuingane som er nødvendige for at skolen skal kunne fremje søknad om sertifisering.

I samsvar med høringsforslaget foreslår departementet at dei eksisterande internasjonale sko-

lane som ikkje fyller dei ovannemnde krava, får ein frist på tre år frå lova trer i kraft til å tilpasse seg dei nye krava. Overgangsføreseigna vil bli fastsett i forskrift, jf. lovforslaget § 2-3 andre ledd.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.2.7 Grendeskolar

8.2.7.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at den tidlegare privatskolelova ikkje opna for godkjenning av grendeskolar, og at høvet til å godkjenne denne typen skolar med rett til tilskot vart innført i samband med friskolelova. Grendeskolorane vart særskilt omtalte i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006). Vidare viste departementet til at

«Det er kommunene og fylkeskommunene som har ansvaret for den offentlige skolestrukturen, jf. opplæringsloven §§ 13–1 til 13–3. Ved nedlegging av en skole må kommunene følge forvaltningsloven. Det er kommunen som har myndighet til å treffe de endelige avgjørelsene, dersom den holder seg innenfor det regelverket som gjelder på området. Departementet kan ikke gi kommunene pålegg om hvordan skolestrukturen i kommunene skal være.

Etter departementets vurdering er det viktig å videreføre prinsippet om at det er kommunene som har ansvaret for den offentlige skolestrukturen. Det er ikke ønskelig at staten gir økonomisk støtte til å holde liv i et lokalt tilbud som kommunen ønsker å legge ned. Et slikt grunnlag ville også kunne gi kommunen et insittament til å legge ned den kommunale grendeskolen. Departementet ønsker derfor ikke at privatskoleloven skal åpne for tilskudd til grendeskoler som ett eget grunnlag. Departementet mener at foreldre og elever som ønsker et privat tilbud på et lite sted må søke om godkjenning på de samme grunnlagene som andre.»

8.2.7.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget om at lova ikkje skal opne for godkjenning av grendeskolar som eit eige grunnlag.

Av dei som støttar høringsforslaget, er *Norsk Lærarakademi*, som uttaler:

«Vi mener at opprettelse av grendeskoler som friskoler innen de andre godkjenningsgrunnlagene er en løsning for de foreldre som vil det. Lar man grendeskoler utgjøre en selvstendig

basis ved siden av et religiøst eller et alternativt pedagogisk grunnlag, blir disse skolene like med de offentlige og de blir opprettet ved å overprøve lokalpolitisk lovlig fattede vedtak.»

Unio er også positiv til forslaget, og uttaler mellom anna at

«Det er viktig å halde fast ved prinsippet om at det er kommunane som har ansvaret for den offentlege skulestrukturen. Unio er derfor einig i at det ikkje er rett å opne for at grendeskular skal vere eit eige grunnlag for tilskot etter privatskulelova.»

Landslaget for nærmiljøskulen (LUFs) er kritisk til forslaget, og uttaler mellom anna at

«Folk flest ynskjer helst ein offentleg skule. Derfor fører so mange lokalsamfunn årelang strid mot eigen kommune for å få halde på skule i nærmiljøet. Alle veit kva som står på spel. I regelen grip folk til friskuletanken berre som siste utveg. Dei kjenner seg pressa ut or offentleg skule.[]

[...]Heilt ukritisk ramsar ein opp at kommunane har ansvaret for den offentlege skulen – at dei avgjer skulestrukturen o.s.v. Utan vidare dokumentasjon og drøfting hevdar departementet at «Dersom privatskoleloven åpner for godkjenning av grendeskoler som ett eget grunnlag, vil det kunne gi kommunen et insittament til å legge ned den kommunale grendeskolen». LUFs fester lita tru til ein slik argumentasjon. Vi kan ikkje sjå at skulenedlegginga i Noreg har vore større, den tid friskulelova har vore i drift. Raseringa av nærmiljøskular har tvert om vore nokso jamnt høg – i snitt 38 skular i året – sidan 1986, då kommunane overtok ansvaret.»

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) uttaler:

«En skole i et lokalmiljø representerer langt flere verdier enn kun de undervisningsfaglige. Skolen er også den sentrale møteplassen for kultur- og fritidsaktiviteter. Skole og barnehage kan ofte være avgjørende for utviklingen i et nærmiljø.

NFFL er derfor uenig i at spørsmålet om grendeskoler kun dreier seg om offentlig skolestruktur. Saken må vurderes i et langt videre samfunnsperspektiv, der foreldrenes brukerrettigheter må settes foran den offentlige skoleeierens interesser og prioriteringer.»

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) meiner at grendeskolar må få godkjenning etter individuelt skjønn, og uttaler at

«Det er mange små skoler som har blitt lagt ned av kommunene, av helt andre grunner enn

hva som tjener barna og lokalmiljøet. Den sittende regjering verdsetter fellesskap høyt. Det er bra. Da mener vi det må være mulig for foreldre å få en mulighet til å bevare fellesskapet i ei grend ved å ha en lokal skole der. Vi mener det finnes verdier som ikke kan måles i penger. Et lite grendesamfunn vil kunne ha vansker med å påvirke et kommunestyre til å bevare en liten skole, eller få bygget en skole i ei ny grend. Vi mener foreldreretten bør få en sjanse. Foreldre kan jo søke om å opprette en skole med pedagogisk alternativ, selv om den reelle grunnen i noen tilfeller vil være en annen. Loven bør tilpasses behovet, og ikke omvendt, at en ut fra behov finner et grunnlag i loven for å etablere seg.»

8.2.7.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har merkt seg innvendingane til høringsforslaget frå Landslaget for nærmiljøskulen (LUFS), Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) og Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL). Departementet meiner likevel at ein ikkje kan forvente å ha dei same tilboda i grise-grendte strøk som i sentrale strøk når det gjeld skoletettleik. Høve til å opprette private skolar kan etter departement si vurdering ikkje aleine grunn-givast med at det er langt til nærmaste offentlege skole. Departementet viser til at det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for den offentlege skolestrukturen. Departementet kan ikkje gi pålegg om korleis skolestrukturen i kommunane og fylkeskommunane skal vere. Ei ordning med godkjenning av grendeskolar som eige grunnlag vil kunne fungere som oppfordring til kommunane om å leggje ned kommunale grendeskolar. Det kan reelt sett føre til privatisering av skolar i utkantane av kommunane og opne for godkjenning av private skolar med dei same læreplanane som for offentlege skolar, noko departementet ikkje ønskjer, jf. kapittel 2.1.

Ut frå dette, og i samsvar med vurderingane i høringsbrevet, foreslår departementet at lova ikkje skal opne for godkjenning av grendeskolar som eit eige grunnlag.

8.2.8 Skolar for funksjonshemma

8.2.8.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet ingen realitetsendringar når det gjeld dei eksisterande særskilde skolane for funksjonshemma, og uttalte:

«De særskilte frittstående grunnskolenes og videregående skolene for funksjonshemmede mottar et særskilt tilskudd etter friskoleloven,

jf. friskoleloven § 6–6. Dette tilskuddet er langt høyere enn det de øvrige friskolene med paralleller i den offentlige skolen mottar. Det er en rekke forhold rundt disse skolene som bør vurderes nærmere, blant annet forholdet mellom denne typen private «spesialskoler» og den offentlige skolen, tilskuddsordningen, ivaretagelse av den enkelte elevs behov, forholdet mellom behandling og opplæring, bruken av begrepet «funksjonshemmet» mv. Departementet har mottatt merknader fra Riksrevisjonen om tilskuddsforvaltningen på dette området, og det foreligger en rapport fra ECON som også reiser en rekke problemstillinger omkring tilskuddsforvaltningen. Departementet ønsker derfor å foreta en særskilt vurdering av disse skolene og legge frem en egen sak om disse skolene for Stortinget våren 2008.

Departementet foreslår derfor at det ikke foretas endringer på dette området før Stortinget har behandlet denne saken, men slik at det i denne perioden ikke kan godkjennes nye særskilte skoler for funksjonshemmede eller godkjennes en økning av elevtallet ved de eksisterende skolene som utløser tilskudd etter friskoleloven § 6-6.»

8.2.8.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ingen merknader til høringsforslaget.

Mellom dei instansane som støttar forslaget, er *Landsorganisasjonen i Norge (LO)*, som uttaler at

«[...] organisasjonen er av den oppfatning at spørsmålet om å godkjenne nye særskilte skoler bør avvente til egen sak er lagt fram for Stortinget våren 2008.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF), *Aglo videregående skole*, *Seiersborg videregående skole*, *Norsk Lærerakademi* og *Gjennestad Gartnerskole* gir uttrykk for at dei eksisterande skolane for funksjonshemma må kunne få godkjent nye tilbod og utvida elevtal.

Utdanningsforbundet støttar ikkje forslaget, medan *Rusfri – Kristenfolkets Edruskapsråd* og *Øvrebo videregående skole* uttaler at det er beklagelig at departementet skaper uro og utryggje for desse skolane, og viser til at skolane skal greiast ut på ny i ei eiga stortingsbehandling i 2008.

8.2.8.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høringsnotatet om at det er ei rekkje forhold rundt dei særskilde skolane for funksjonshemma som må vurderast nærmare, og at det derfor bør leggjast fram ei eiga sak om desse skolane for Stortinget. I samsvar

med høringsforslaget foreslår departementet at det ikkje blir godkjent nye særskilde skolar for funksjonshemma før Stortinget har behandla denne saka. For å få ei tilstrekkeleg grundig utgreiing om desse skolane, ser departementet at det er nødvendig med noko lengre tid til utgreiinga enn signalisert i høringsnotatet. Departementet vil på denne bakgrunn komme tilbake med ei eiga sak for Stortinget om dei særskilde skolane for funksjonshemma våren 2009.

Departementet har merkt seg at enkelte høringsinstansar beklagar at departementet skaper uro og utryggje for desse skolane. Til dette vil departementet uttale at dei eksisterande skolane etter forslaget skal få halde fram å drive verksemda med rett til tilskot etter lova. Departementet vil også vise til at skolar for funksjonshemma er foreslått som eit eige grunnlag. På grunn av at departementet no er i ein utgreiingsfase, ser departementet det ikkje som formålstenleg å opne for godkjenning av nye særskilde skolar for funksjonshemma før Stortinget har behandla saka. Elles viser departementet til § 2-1 første ledd første punktum i lovutkastet.

Departementet legg etter dette fram forslag om endringar i §§ 2-1 andre ledd og 8-1 første ledd i samsvar med høringsutkastet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.2.9 Opplæring i kombinasjon med toppidrett

8.2.9.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget uttrykte departementet dette omkring opplæring i kombinasjon med toppidrett:

«Departementet legger til grunn at søkningen til de såkalte toppidrettsgymnasene er god, men skolene er ujevnt fordelt i landet. Dersom det åpnes for flere private toppidrettstilbud etter privatskoleloven, vil dette bidra til at flere ungdommer får mulighet til å kombinere videregående opplæring med idrett på høyt nivå flere steder i landet. Departementet foreslår derfor at privatskoleloven skal åpne for godkjenning av skoler som ønsker å tilby utdanningsprogram som legger særskilt til rette for toppidrett på videregående skoles nivå. Med toppidrettstilbud menes i denne sammenheng Utdanningsprogram idrettsfag hvor det valgfrie programfaget toppidrett 1, 2 og 3 er obligatorisk for elevene, alternativt Utdanningsprogram allmenne, økonomiske og administrative fag m/tillegg av minimum 5 uketimer (å 45 min.) toppidrett etter egen plan. I tillegg må skolen kunne dokumentere at den legger særskilt til rette for toppidrettssatsning, bl.a. når

det gjelder organisering av skolehverdagen, skole- og treningsanlegg og spisskompetanse innenfor de/den idretten skolen tilbyr. Dette betyr at blant annet de valgfrie programfagene breddeidrett, friluftsliv og lederutvikling i Utdanningsprogram idrettsfag vil falle utenfor toppidrettsdefinisjonen ovenfor.

Departementet foreslår ikke at privatskoleloven skal åpne for godkjenning til *toppidrett på grunnskolenivå*. Det er ikke et offentlig ansvar å legge særskilt til rette for toppidrett for barn i grunnskolealder. Det er ikke utarbeidet en offentlig læreplan på dette området og det er heller ikke ønskelig.»

8.2.9.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til dette punktet i høringsforslaget.

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) og *Den Norske Opera* er i hovudsak positive til forslaget, men er imot at berre toppidrettsgymnas skal få etablere seg grunnlagt i eit kvantitativt behov, og uttaler at det også finst andre område der denne typen skoletilbod kan vere ønskelege. Dei respektive høringsinstansane trekkjer eksempelvis fram tilbod innan kunst og kultur, realfag og dessutan dans og musikk på høgt nivå.

Abelia m.fl. er også positive til at det blir lagt til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, men anbefalar at det blir opna for konsentrerte satsingar også utover toppidretten:

«Samtidig mener vi det er paradoksalt at toppidrett pekes ut som det ene området der elite-tenkning godtas. Vi tror utdannings-Norge også kunne hatt et begrenset tilbud som legger til rette for en elitesatsing innenfor for eksempel realfag.»

Skolens landsforbund, *Østfold fylkekommune*, *Sør-Trøndelag fylkeskommune* og *Vest-Agder fylkeskommune* er imot forslaget om at lova skal opne for godkjenning av skolar som ønskjer å tilby utdanningsprogram som legg særskilt til rette for toppidrett på vidaregåande skolenivå. Desse høringsinstansane meiner at offentlege vidaregåande skolar bør kunne dekkje dette behovet.

Utdanningsforbundet er også negativt til forslaget, og uttaler at

«Utdanningsforbundet viser til at også offentlege skular har tilbod som kombinerer toppidrett og vidaregåande opplæring innafor utdanningsprogram for idrettsfag. Fleire av desse skulane har samarbeid med olympiatoppen

eller særforbund for ulike idrettar. Vi går derfor imot at privatskulelova skal opne for toppidrettsskular.»

Oslo kommune tilføyer i si fråsegn at

«[...] det kan være grunner for å starte med kombinasjon skole-toppidrett på ungdomsskolenivå.»

8.2.9.3 Vurderingar og forslag frå departementet

I samsvar med høringsforslaget foreslår departementet at lova skal opne for godkjenning av skolar som ønskjer å tilby utdanningsprogram som legg særskilt til rette for toppidrett på vidaregåande skolenivå. Bakgrunnen for forslaget er at departementet ønskjer å medverke til at fleire ungdommar får høve til å kombinere vidaregåande opplæring med toppidrett, og at dette skal vere mogleg på fleire stader i landet enn det er i dag.

Departementet har merkt seg at enkelte høringsinstansar framhevar at det er viktig at for eksempel kunstutdanning på høgt nivå må få same anerkjenning som toppidrett. Til dette vil departementet understreke at det er ei klar målsetjing at det innanfor alle utdanningsprogram skal vere god kvalitet i opplæringa, men departementet ønskjer ikkje at lova skal opne for utdanning for eksempel innanfor musikk, dans, drama på eit nivå over vidaregåande opplæring, jf. kapittel 9.

Når det gjeld grunnskoleopplæring kombinert med toppidrett, viser departementet til at det ikkje er eit offentleg ansvar å leggje særskilt til rette for toppidrett for barn i grunnskolealder, at det ikkje er utarbeidd ein offentleg læreplan på dette området, og at dette heller ikkje er ønskeleg.

Departementet legg etter dette fram forslag om endringer i § 2-1 andre ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.3 Dei eksisterande frittstående skolane

8.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet å lovfeste at alle skolar som var i drift etter friskolelova fram til lovendringa, som hovudregel får halde fram å drive verksemda med rett til tilskot etter lova. Departementet grunn gav dette slik:

«De foreslåtte kravene til typer av skoler, for eksempel religiøst grunnlag eller anerkjent pedagogisk retning, vil da bare gjelde nye skoler. Dersom en ikke lovfester en slik særskilt

ordning for de skolene som ikke vil oppfylle de nye kravene til type skole, er det ikke usannsynlig at disse skolene må legges ned. Etter departementets vurdering vil det være urimelig i forhold til elevene ved disse skolene og i forhold til skolene. De skolene som ikke oppfyller de nye kravene til type skole, skal også kunne få godkjent nødvendige driftsendringer. Med nødvendige driftsendringer menes endringer i læreplanen som følge av endringer i den offentlige læreplanen eller i strukturen for den offentlige 13-årige grunnopplæringen. Dette innebærer at loven etter forslaget ikke vil åpne for driftsendringer i form av økt elevtall, nye trinn og nye utdanningsprogram for de aktuelle skolene.

Departementet vil på bakgrunn av høringen vurdere særskilt om også de vidaregåande tilbudene i utlandet skal kunne drives vidare med rett til tilskudd etter privatskoleloven eller om disse tilbudene skal få en rimelig overgangsordning med hensyn til avvikling etter privatskoleloven. Det vises til vurderingene i punkt 8.2.4 hvor departementet bl.a. har lagt til grunn at det er positivt at norsk ungdom reiser ut og tar utenlandsk eller internasjonal vidaregåande opplæring og at de kan ha stor nytte av dette senere.»

8.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Få høringsinstansar har uttalt seg om forslaget.

Justis- og politidepartementet har merknad til dette punktet, og uttaler at

«[...] etter vår mening bør de foreslåtte kriteriene for godkjenning av privatskoler også gis virkning for etablerte privatskoler slik at allerede etablerte privatskoler som ikke kan godkjennes etter de nye kriteriene, taper statstilskuddet etter utløpet av en romslig overgangsperiode, sml. Høringsnotatet side 24 punkt 8.2.4 og lovforslaget § 2-1 syvende ledd. I motsatt fall vil man etablere en permanent særordning for en bestemt gruppe privatskoler.»

Barneombudet uttaler på si side at

«Det virker rimelig at eksisterende frittstående skoler bør kunne videreføres og at dette lovfestes. Barneombudet vil i hovedsak begrunne dette med hensynet til kontinuiteten for de barna som er elever ved disse skolene. Vi vil imidlertid vise til våre kommentarer til pkt 8.2.2 over, der vi påpeker mulige negative sider ved lukkede religiøse miljøer som kan være en hindring for barnas utvikling og frie meningsdannelse.»

Når det gjeld dei eksisterande vidaregåande tilboda i utlandet, heiter det i høringsnotatet at departementet skal vurdere særskilt om desse skal

kunne drivast vidare med rett til tilskot etter privat-skolelova, eller om desse tilboda skal få ei overgangsordning for avvikling. Fleirtalet av høringsinstansane har ikkje merknader til dette spørsmålet. Dei høringsinstansane som uttaler seg om dette punktet, meiner at det framleis må givast løyve til å drive vidaregåande skolar i utlandet. Departementet viser i denne samanheng til høringsfråsegnene om norske skolar i utlandet i kapittel 8.2.4.2.

8.3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår å lovfeste at skolar som er i drift etter lova 31. desember 2007, får halde fram å drive verksemda med rett til statstilskot etter lova sjølv om dei ikkje oppfyller dei foreslåtte krava til grunnlag. Forslaget omfattar likevel berre skolar som var i drift etter lova 13. desember 2005 eller som er innvilga unntak etter gjeldande §§ 2-1 andre ledd eller 2-2 andre ledd. Dei foreslåtte krava til grunnlag, jf. kapittel 8.2, vil etter forslaget da berre gjelde nye skolar. Departementet meiner det vil vere urimeleg for elevane ved dei etablerte skolane og for skolane dersom skolane måtte leggjast ned å grunn av denne endringa i lova.

Departementet foreslår vidare at dei av skolane som ikkje oppfyller dei nye krava til grunnlag, skal kunne få godkjent nødvendige driftsendringar, det vil seie endringar i læreplanen som følgje av endringar i den offentlege læreplanen eller i strukturen for den offentlege 13-årige grunnopplæringa. Dette inneber at lova ikkje vil opne for godkjenning av driftsendringar i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram for skolar som ikkje oppfyller dei foreslåtte krava til grunnlag.

Departementet har merkt seg fråsegna frå Justis- og politidepartementet om at det vil bli etablert ei særordning for ei bestemt gruppe privatskolar dersom allereie etablerte privatskolar som ikkje kan godkjennast etter dei nye kriteria, får halde fram å drive verksemda med rett til tilskot. Til dette vil departementet uttale at forslaget hovudsakleg er grunnlagt med omsynet til kontinuiteten for elevane ved desse skolane og omsynet til dei som har etablert skolane.

På bakgrunn av kommentarane frå dei høringsinstansane som har uttalt seg, går departementet inn for at også dei eksisterande vidaregåande tilboda i utlandet skal kunne drivast vidare med rett til statstilskot etter lova. Dette inneber at alle eksisterande tilbod som ikkje oppfyller dei foreslåtte krava til grunnlag blir behandla likt.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i § 2-1 femte ledd som i det vesentlegaste

er i samsvar med høringsutkastet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.4 Godkjenningsordninga

8.4.1 Departementet si vurdering av søknader om godkjenning etter lova

8.4.1.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Departementet foreslår at loven fortsatt skal ha en ordning med individuelle forvaltningsvedtak etter søknad. Ordninger med individuelle vedtak kan bygge på en skjønnsmessig prøving av den aktuelle sak (fritt skjønn) eller være begrenset til å kontrollere at lovens kriterier er oppfylt i den foreliggende sak (lovbundne avgjørelser). Privatskoleloven var et eksempel på den førstnevnte ordningen, mens avgjørelsene etter friskoleloven frem til lovendringen per 9. juni 2006 i hovedsak var lovbundne.

En rett til godkjenning og statstilskudd gir søkeren stor grad av forutberegnelighet. I tillegg er rettighetsbestemmelser (normalt) enklere å praktisere for forvaltningen enn skjønnsmessige avgjørelser. For å gjøre skjønnsmessige avgjørelser enklere å praktisere, kan en overveie å angi nærmere kriterier for den skjønnsmessige avgjørelsen i loven. I det minste bør kriteriene angis i forarbeidene til loven. Skjønnsmessige regler gir forvaltningen mye større grad av frihet enn lovbudne avgjørelser. I tillegg har forvaltningen langt større adgang til å sette vilkår for godkjenningen i samsvar med alminnelige forvaltningsrettslige regler. Skjønnsmessige regler gir også forvaltningen mulighet til å endre praksis (innenfor lovens rammer) fra et gitt tidspunkt.

Departementet foreslår at det etter privat-skoleloven § 2-1 ikke skal foreligge en rett til godkjenning og tilskudd etter loven, men at departementet gis en skjønnsmessig adgang til å godkjenne nye skoler og driftsendringer. Dette var også ordningen etter den tidligere privatskoleloven, dvs. før 1. oktober 2003. Departementet foreslår at den skjønnsmessige vurderingen bl.a. bør bygge på hvilke konsekvenser en godkjenning vil få for den offentlige skolestrukturen, skolefaglige hensyn, behovet for skolen og budsjettmessige hensyn. Når departementet vurderer de skolefaglige hensynene er det relevant å legge vekt på om det er sannsynlig at skolen vil oppfylle de minstekravene som følger av lov og forskrift, for eksempel kravet til jevn god opplæring, og seriøsitet, for eksempel om det er sannsynlig at søkeren har tilstrekkelige ressurser til å starte opp den

aktuelle skolen og om søkeren tidligere har hatt en sentral posisjon ved en skole som tidligere har mistet godkjenningen pga. gjentatte eller alvorlige brudd på loven.

En skjønnsmessig adgang til å godkjenne nye skoler og driftsendringer vil gi departementet adgang til å stille vilkår for godkjenningen i den enkelte sak.

Departementet foreslår at vertskommunen og vertsfylke fortsatt skal høres før det treffes vedtak om godkjenning av en skole. Ved vurderingen av hvilke konsekvenser en godkjenning etter privatskoleloven vil få for den offentlige skolestrukturen, vil det kunne være relevant å legge vekt på uttalelsen fra vertskommunen eller vertsfylket. Skjønnstemaet «vesentlige negative konsekvenser», foreslås ikke videreføre, jf. at det ikke foreslås en rett til godkjenning. Dette innebærer at departementet kan avslå en søknad om godkjenning også der det ikke foreligger vesentlige negative konsekvenser for vertskommunen eller vertsfylket. Videre vises det til at en søknad etter forslaget også kan avslås av andre grunner, jf. ovenfor.

Det har vært reist spørsmål ved om vertskommunen og vertsfylket har rett til å påklage departementets vedtak om godkjenning etter friskoleloven. Departementet foreslår derfor at dette presiseres i privatskoleloven at vertskommunen og vertsfylket har rett til å påklage departementets vedtak.»

8.4.1.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til forslaget om at det ikkje skal liggje føre rett til godkjenning etter lova, men at søknader om godkjenning blir avgjorde etter ei skjønnsmessig vurdering. Mellom dei kommunane som støttar forslaget er *Råde kommune*, som uttaler at

«Forslaget om at det ikke skal foreligge en rett til godkjenning, men at departementet gis skjønnsmessig adgang til å godkjenne nye skoler og driftsendringer, støttes. Begrunnelsen ligger i at en skjønnsmessig vurdering bør bygge på hvilke konsekvenser en godkjenning vil få for den offentlige skolestrukturen, behovet for skolen, budsjettmessige hensyn og skolefaglige hensyn, herunder bl.a. hvorvidt det er sannsynlig at skolen vil kunne oppfylle de minstekravene som følger av lov og forskrift. At departementet foreslår at vertskommunen eller vertsfylket skal ha rett til å uttale seg før vedtak fattes og at disse har klageadgang på departementets vedtak, anses for viktig, sett på bakgrunn av ansvaret for den offentlige skolestrukturen.»

Landsorganisasjonen i Norge (LO) støttar også departementet si vurdering knytt til at det etter lova ikkje skal liggje føre rett til godkjenning og tilskot.

Fleirtalet av dei høringsinstansane som uttaler seg om forslaget, meiner at den foreslåtte lovformuleringa i altfor stor grad overlèt til departementet sitt skjønn å vurdere om ein skole skal godkjennast.

Dei av friskoleorganisasjonane som uttaler seg, uttrykkjer skepsis til forslaget. *Kristne Friskolers Forbund (KFF)* uttaler:

«Stort rom for skjønn gir tilsvarende liten grad av forutsigbarhet for søkere, og muligheten for at likebehandling ikke skjer, er stor.»

Norsk Lærerakademi deler dette standpunktet.

Ein rekkje av dei frittstående skolane har uttalt seg om forslaget, og erklærer at dei er imot det. *Bjerkely skole*, *Sandnes Lutherske Grunnskole*, *Dalane kristne skole*, *Skauen kristelige skole* og *Granly skole* seier at

«Vi er bekymret for at skønnsvurderingen som er tillagt departementet, og vektleggingen av vertskommunens uttalelse, vil føre til stor uforutsigbarhet for søkere som søker om opprettelse av nye skoler. Vi mener at loven bør gi rett til godkjenning og støtte når gitte religiøse eller pedagogisk alternative grunnlagskriterier oppfylles.»

Abelia m.fl. er heilt usamde i at departementet skal ha skjønnsmessig høve til å godkjenne nye skolar og driftsendringer, og anbefaler derfor regjeringa

«[...] å sterkt begrense adgangen til å bruke skjønn for å behandle søknader om å oppnå statstilskudd som privat skole.»

Bjorkly skole er også kritisk til forslaget, og har mellom anna følgjande kommentar:

«Det kan likevel finnes grunner til å omgå denne retten (bruke skjønn). I tilfeller der søkere tidligere ikke har vist seg i stand til å holde seg etter forskriftene. (+ andre kritikkverdige forhold.)»

KS kommenterer også forslaget, og uttaler at skjønnnet må utøvast på ein slik måte at det er mest mogleg føreseieleg både for søkjarane og for kommunane/fylkeskommunane.

8.4.1.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet ønskjer å ha kontroll med veksten av private skolar. På denne bakgrunn foreslo departementet i høringsbrevet at det ikkje skal

vere nokon rett til godkjenning etter lova sjølv om kravet i lova om særskilt grunnlag er oppfylt. I staten skal departementet kunne godkjenne private skolar og driftsendringer etter ei samla vurdering av den enkelte saka.

I høringsbrevet foreslo departementet at vertskommunen og vertsfylket framleis skal kunne hørast før det blir gjort vedtak om godkjenning av ein skole. Fråsegna frå vertskommunen eller vertsfylket skal ikkje vere avgjerande for om ein søknad skal innvilgast eller ikkje, men det vil vere relevant å leggje vekt på ei slik fråsegn i vurderinga av kva konsekvensar ei eventuell godkjenning vil få for den offentlege skolestrukturen.

Departementet har merkt seg at ei rekkje av høringsinstansane er bekymra over at forslaget om skjønsmessig vurdering av søknader om godkjenning vil medføre at utfallet blir svært uføreseieleg for søkjarane. Departementet vil i denne samanheng understreke at skjønnsfridommen for departementet er avgrensa av dei ulovfesta reglane om misbruk av mynde. Dette inneber forbod mot usakleg forskjellsbehandling og vilkårleg utøving av skjønnet. Det er også misbruk av skjønnsmynde dersom det blir teke utanforliggjande omsyn, eller dersom resultatet i saka står fram som grovt eller sterkt urimeleg. Departementet viser også til dei oppgitte kriteria for skjønnet, sjå kapittel 8.4.1.1. Formålet med desse kriteria for skjønnsutøvinga er omsynet til likebehandling.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 første ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.4.2 Tidsfrist for oppstart og nedlegging av skoleverksemda

8.4.2.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Etter gjeldende forvaltningspraksis blir det fastsatt at godkjenningen etter friskoleloven opphører dersom skolevirksomheten ikke starter opp innen 3 skoleår fra godkjenningen ble gitt samt at godkjenningen opphører dersom skolevirksomheten starter opp og deretter legges ned..»

Departementet viste også til at Sverige har ein nokolunde tilsvarende forvaltningspraksis, og siterte i høringsbrevet dette frå ein informasjonsbrosjyre frå Skolverket (Fristående skolor, En information från Skolverket, februar 2003/Dnr 98:3318):

«Om en fristående skola inte startar i enlighet med den starttidspunkt som angetts i beslutet skal detta meddelas till Skolverket. Skolan får då vanligtvis ha godkännandet vilande i ett år under förutsättning att de förhållanden som gällde vid godkännandet inte ändats. Detta meddelas i ett särskilt beslut.»

Departementet uttalte vidare:

«Etter departementets vurdering vil en lovfesting av gjeldende praksis føre til større forutberegnlighet for både kommunene, fylkeskommunene og søkerne. Videre vil en lovfesting føre til likebehandling av skolene, fordi lovbestemmelsen også bør gjøres gjeldende for eldre, «sovende» godkjenninger. Departementet foreslår derfor at det lovfestes i privatskoleloven § 2-1 at godkjenningen med rett til tilskudd bortfaller dersom en ny skole ikke er startet opp innen tre år. Det samme skal gjelde der skolen starter opp og deretter legges ned.»

8.4.2.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Dei fleste høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget om å lovfeste at godkjenninga med rett til tilskot fell bort dersom ein skole ikkje er starta opp innan tre år, og dersom skoledrifta blir avvikla.

Kristiansand kommune støttar forslaget, og uttaler at kommunen

«[...] anbefaler lovforslaget pga kommunens behov for forutsigbarhet.»

Enkelte frittstående skolar og friskoleorganisasjonar har merknader til den delen av forslaget som gjeld nedlegging av skoleverksemd. *Bibelskolen i Grimstad* uttaler at

«Det er uheldig om en godkjent skole mister sin godkjenning med en gang hvis skoledriften opphører et år. En godkjent skole skal etter vår vurdering, kunne starte opp igjen virksomheten etter tidligere godkjente planer etter en pause på ett til to år. Det er arbeidsbesparende både for skolen og offentlige myndigheter å slippe en ny omfattende søkeprosess. Dette punktet er særlig viktig for utenlandsskoler og små bibelskoler.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF) meiner at den delen av paragrafen som omhandlar driftsopphør, må sløyfast, og seier at

«For staten, fylkeskommunen eller kommunene vil det ha liten betydning om en skole innstiller driften et år. For skolene vil det ha stor økonomisk betydning å kunne gjøre det, og for elever vil det være en klar fordel at et tilbud

som er etterspurt, men ikke nok etterspurt til å bli tilbudt hvert år, kan bli holdt i live gjennom å ta et pauseår når det er nødvendig.»

Også *Ansgar Bibelskole* er skeptisk til lovforslaget, og uttaler:

«ABS mener også at tidsfristen for oppstart og nedlegging av skolevirksomhet er for kort. Noen små skoler kan i perioder ha et mindre elevgrunnlag. Også andre årsaker kan ligge til grunn for at enkelte læringstilbud legges ned for et år eller flere.»

Tomb videregående skole og landbruksstudier har følgende spørsmål og kommentar:

«Mister vi godkjenning ved driftsopphør? Med vekslende søkertilgang er det viktig at en skole kan ha pause fra en klasse/linje et år uten at de dermed mister retten til videre drift for denne klassen/linjen.»

Norsk Lærerakademi uttaler:

«Vi vil videre be om at det tas inn i loven en mulighet for å ta pause et år eller to for opptak av elever dersom det kan sannsynliggjøres at opptaksgrunnlaget vil bedres. Dette kan være aktuelt for utenlandsskoler knyttet til bistandsrelatert virksomhet.»

I høringsnotatet bad departementet om høringsinstansene sitt syn på om det bør lovfestast at eigarskifte må godkjennast av departementet. Eit fleirtal av høringsinstansene har ikkje uttalt seg om dette spørsmålet. Enkelte fylkeskommunar og kommunar gir uttrykk for at dei støttar eit slikt forslag.

Ansgar Bibelskole har denne kommentaren:

«ABS er ikke uenig i forslaget om ny godkjenningssøknad ved eierskifte, men har spørsmål til hvordan forslaget skal forstås og praktiseres. Friskolelovens krav om at skolene skulle organiseres som selvstendige juridiske enheter medførte at ABS fra 01.01.06 ble organisert som et ikke-kommersielt aksjeselskap. Aksjene eies 100 % av skolens ene eier. Et eventuelt fremtidig samarbeid med andre kirker og trosamfunn om bibelskoledriften vil normalt innebære at disse kjøper aksjer. Vil ethvert salg av aksjer tolkes som «eierskifte»? Eller settes grensen ved salg av 20, 30 eller muligens 50 % av aksjene? En klargjøring er nødvendig. ABS vil mene at så lenge opprinnelig eier sitter med aksjemajoriteten kan ikke et utvidet økonomiske samarbeid forstås som eierskifte.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) gjekk i høringsfråsegna imot forslaget om å innføre godkjenningsordning ved eigarskifte av den juridiske person som driv skoleverksemda:

«Dette fordi den støtteberettigede godkjenningen er gitt til selskapet – ikke eierne. Vi mener en slik ordning vil være uheldig ut fra et selskapsrettslig ståsted, da dette blant annet kan svekke tilliten til rettssubjektets selvstendighet. Videre bør det ikke sås tvil om at det er selskapet som sådan – og ikke eierne – som er ansvarlige overfor myndighetene. HSH stiller seg også noe undrende til at det foreslås en godkjenningsordning ved eierskifte når det legges opp til at denne type skolevirksomhet kun skal kunne drives i form av en stiftelse, jf punktet om styret nedenfor. Dette fordi en stiftelse er selveiende – den har altså ingen eiere. I så måte synes regelen også å være overflødig.»

8.4.2.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Av omsyn til at kommunane og fylkeskommunane har behov for føreseielege forhold når det gjeld skolestrukturen, foreslår departementet at godkjenninga med rett til statstilskot fell bort dersom skolen ikkje har starta opp innan tre år etter at godkjenning er gitt. Departementet foreslår at godkjenninga til å drive skole etter lova også fell bort i dei tilfelle da skoledrifta etter lova blir avvikla etter at skolen har starta opp. Departementet viser også til at det ikkje er ønskeleg med «sovande» godkjenningar. Dette gjeld også for dei norske skolane i utlandet, og departementet foreslår derfor ikkje at det blir gjort unntak for desse skolane. Forslaga er ei lovfesting av gjeldande forvaltningspraksis.

Departementet har merkt seg fråsegnene frå Kristne Friskolers Forbund, Norsk Lærerakademi og enkelte av dei frittstående skolane. Desse høringsinstansane gir uttrykk for at det er viktig at enkelte tilbod kan leggjast ned for eit år eller fleire utan at skolen dermed mister retten til vidare drift. Departement vil i denne samanheng presisere at ein skole ikkje treng fylle alle dei elevplassane det er gitt godkjenning for. Dersom skolen bestemmer seg for å drive verksemda med eit lågare elevtal enn det er gitt godkjenning for, er dette fullt mogleg. Departementet gjer likevel merksam på forslaget til endring i § 2-2 tredje ledd om minimumskrav til elevtal. At ein vidaregåande skole ikkje har elevar på eit av skolen sine tilbod, blir heller ikkje rekna som driftsopphør. Det er berre i dei tilfella der heile skoledrifta etter lova blir avvikla, at godkjenninga samstundes fell bort etter forslaget, jf. forslag til § 2-1 fjerde ledd, der det heiter at

«Godkjenninga fell bort [...] om drifta etter lova blir nedlagd»

Forslaget inneber at dersom skoledrifta etter lova blir nedlagd, og det rettssubjektet som tidle-

gare hadde godkjenning til å drive skole, ønskjer å starte skoledrift igjen, må vedkommande rettssubjekt søkje om ny godkjenning.

Departementet har merkt seg at det med rette råder ei viss usikkerheit hos enkelte høringsinstansar om omgrepet *eigarskifte*, som vart omtalt i punkt 8.3.3 i høringsbrevet. Departementet ser at omgrepet er uheldig i den samanheng der det er brukt i høringsbrevet, og viser mellom anna til fråsegna frå Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH). Departementet vil derfor presisere dette:

Godkjenning til å drive skole etter lova skal givast til eit registrert rettssubjekt, i praksis som regel ein stiftelse, ei foreining eller eit aksjeselskap, jf. lovutkastet § 2-2 andre ledd om at skolen må vere registrert i Einingsregisteret eller i tilsvarende register. «Skoleeigaren» er følgeleg det rettssubjektet som har søkt og fått godkjenning til å drive skole etter lova. Dette rettssubjektet treng elles ikkje sjølv eige lokale og utstyr til skoledrifta.

Dersom det rettssubjektet som har godkjenning til å drive skole, ikkje lenger skal drive denne skoleverksemda, eller rettssubjektet skal avviklast, inneber det at den godkjende skoledrifta etter lova stansar, jf. ovanfor om opphør av skoledrifta. Dersom eit anna rettssubjekt ønskjer å drive skoleverksemda vidare, må dette rettssubjektet søkje om ny godkjenning.

I eit aksjeselskap kan det, ved sal av aksjane i selskapet, gjennomførast eigarskifte i den juridiske personen (selskapet) som driv skoleverksemda. Dette har likevel inga betydning for godkjenninga etter lova, idet det er selskapet som har godkjenninga, ikkje aksjeeigarane. Godkjenninga med rett til tilskot etter lova er gitt til selskapet, ikkje til eigarane. Ein stiftelse eller ei foreining kan ikkje skifte eigar, fordi både stiftelsar og foreiningar er eigarløse.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 fjerde ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.4.3 Flytting av skoleverksemda

8.4.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Når det gjeld flytting av skoleverksemda, uttalte departementet dette i høringsforslaget:

«Etter gjeldende forvaltningspraksis stilles det i godkjenningssbrevene til skolene vilkår om at det skal sendes ny søknad dersom en grunnskole ønsker å flytte virksomheten til en annen kommune eller en videregående skole ønsker å flytte virksomheten til et annet fylke. Etter

departementets vurdering er det like relevant for kommuner og fylkeskommuner å kunne uttale seg når en allerede godkjent skole ønsker å etablere seg i kommunen eller fylket, som det er for dem å uttale seg under den opprinnelige søknadsprosessen om en ny etablering.

For å understreke vekten av og for å synliggjøre kravet om at det i forkant av en flytting må søkes om godkjenning, foreslår departementet at dette presiseres i privatskoleloven § 2–1.»

8.4.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Dei aller fleste høringsinstansane har ikkje merknader til eller støttar høringsforslaget om å presisere i lova at det i framkant av ei flytting av skoleverksemda til ein annan kommune eller eit anna fylke må søkjast om godkjenning.

Rogaland fylkeskommune, Oslo kommune og Kristiansand kommune er mellom dei av høringsinstansane som uttaler at det bør vere relevant at kommunar og fylkeskommunar får høve til å uttale seg når ein allereie godkjend skole ønskjer å etablere seg i kommunen.

8.4.3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet å lovfeste at det må søkjast om godkjenning dersom ein grunnskole flytter verksemda til ein annan kommune eller ein vidaregåande skole flytter verksemda til ein annan fylkeskommune. Forslaget til lovendring inneber lovfesting av gjeldande forvaltningspraksis.

Etter departementet si vurdering vil det ved behandlinga av søknaden vere relevant å leggje vekt på fråsegna frå den nye vertskommunen eller det nye vertsfylket også når ein allereie godkjend skole ønskjer å etablere skoleverksemda i ein annan kommune eller eit anna fylke.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i § 2-1 første ledd andre og tredje punktum i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.4.4 Undervisningsspråk og krav om at dokument som gjeld skolane, skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk

8.4.4.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet

«[...] at kravet om norsk eller samisk som undervisningsspråk i grunnskoler videreføres. Departementet foreslår at dette kravet også

gjøres gjeldende for videregående skoler, jf. forslag til §§ 2–1 og 6A–2. Kravet om norsk eller samisk som undervisningsspråk skal likevel ikke gjelde for internasjonale skoler i Norge. Det vises her til punkt 8.2.6 og departementets vurderinger og forslag i punkt 4.1.4 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskoleloven.

Skoler som mottar tilskudd etter privatskoleloven skal være åpne for alle, jf. § 3–1, og i tilknytning til omtalen av internasjonale skoler i punkt 4.1.4 i Ot. prp. nr. 33 (2002–2003) om friskoleloven, er det uttalt at skolene for eksempel ikke kan stille krav om et visst kunnskapsnivå i engelsk. Flere internasjonale skoler har inntaksreglement, ordensreglement, læreplaner, regnskap mv. som bare foreligger på engelsk, selv om skolen er norsk. Videre er det flere norske skoler i utlandet som oversender dokumentasjon til staten på for eksempel spansk uten norsk oversettelse. Begrunnet i hensynet til at skolene faktisk skal være tilgjengelig for alle elever og foreldre og hensynet til effektiv saksbehandling og muligheten for tilsyn, foreslår departementet at det lovfestes at alle dokumenter som er viktig for skolevirksomheten også skal være tilgjengelig på norsk eller samisk.»

8.4.4.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Dei aller fleste høringsinstansane har ikkje merknader til eller støttar forslaget frå departementet. *Utdanningsforbundet* uttaler:

«Utdanningsforbundet støttar at norsk eller samisk skal vere undervisningsspråk både ved private grunnskular og videregående skular. Vi er einig i at dette kravet ikkje skal gjelde for internasjonale skular i Noreg. Vi støttar lovfesting av eit krav om at alle dokument som er viktige for skuleverksemda, skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk. Det vil gjere kravet om at alle skular skal vere tilgjengelege for alle elevar og foreldre, meir reelt. Omsynet til effektiv sakshandsaming og moglegheit for tilsyn er og ei viktig grunngeving for kravet om at dokument skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk.»

8.4.4.3 Vurderingar og forslag frå departementet

I samsvar med høringsforslaget foreslår departementet at opplæringa i grunnskolar og i videregående skolar skal vere på norsk eller samisk, men at dette kravet ikkje skal gjelde for internasjonale skolar i Noreg. Undervisningsspråket på dei internasjonale skolane skal likevel vere eit framandspråk som flest mogleg av innbyggjarane i Noreg beherskar, og dei internasjonale skolane kan ikkje stille krav til elevane om eit visst kunnskapsnivå i

det språket undervisninga skal skje på. Dette har samanheng med at alle skolar som driv verksemda etter lova, skal stå opne for alle, jf. § 3-1 første ledd. Departementet viser her også til kapittel 4.1.4 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova, der det heiter:

«Engelsk er det einaste obligatoriske framandspråket i norsk grunnskole, og dermed er språket godt eigna til å realisere prinsippet om opne skolar. I tillegg vil undervisning på engelsk også oppfylle nokre av dei måla i engelsk som den offentlege læreplanen fastset. Etter det departementet kjenner til, har dei fleste internasjonale skolane engelsk som undervisningsspråk. Undervisning på engelsk vil derfor vere formålstenleg for elevar som har fått delar av si opplæring ved ein internasjonal skole i utlandet, eller elevar som tek sikte på å halde fram skolegangen sin ved ein slik skole i utlandet. Sjølv om engelsk er det vanlegaste språket ved dei internasjonale skolane i dag, ser departementet at det kan oppstå behov for skolar som har eit anna undervisningsspråk. Departementet vil derfor foreslå at lova opnar for godkjenning av skolar med ulike undervisningsspråk.»

Kva for eit undervisningsspråk ein internasjonal skole skal bruke, må godkjennast i samband med læreplanen, jf. § 2-3 i lovutkastet.

Av omsyn til effektiv saksbehandling, mogleg tilsyn og at informasjon om skolen skal vere tilgjengeleg for alle elevar og foreldre, foreslår departementet i samsvar med høringsforslaget at alle dokument som er viktige for skoleverksemda, skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringer i §§ 2-1 tredje ledd og 6A-2 første ledd fjerde punktum i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Departementets viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

8.4.5 Forsøk

8.4.5.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at løyvet til å godkjenne tidsavgrensa forsøk var regulert i privatskolelova § 4 andre ledd. Da friskolelova erstatta privatskolelova med verknad frå 1. oktober 2003, inneheldt ho inga føresegn om forsøk; heimelen vart først teken inn frå 1. desember 2004. Forsøksføresegna i § 1-5 vart som nemnt under kapittel 8.1 sett ut av kraft 9. juni 2006. I høringsbrevet uttalte departementet vidare:

«Slik forsøksbestemmelsen lød frem til 9. juni 2006 kunne departementet etter søknad fra en frittstående skole gi tillatelse til at loven for en

begrenset periode ble fraveket i forbindelse med pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøkshjemmelen gjaldt etter sin ordlyd i forhold til alle bestemmelsene i friskoleloven.

Formålet med forsøksbestemmelsen var, på samme måte som etter opplæringsloven § 1-4, å vinne erfaringer med ordninger som avviker fra loven med tanke på mulige regelendringer. For at en søknad om et forsøk kunne innvilges, måtte det dreie seg om reelle forsøk: Hensikten måtte være å finne ut om en kunne finne frem til en bedre ordning, og at erfaringen således kunne gi grunnlag for å vurdere endringer i regelverket. Hjemmelen kunne følgelig ikke brukes med den begrunnelse at de vanlige reglene ikke «passet» for den aktuelle skole. Det kunne heller ikke gis permanente forsøk etter § 1-5. Forsøk skulle være tidsavgrenset, og det var forutsatt at forsøk skulle evalueres.

Departementet mener at det på dette området ikke er grunn til å behandle offentlige og private skoleeiere forskjellig. Forsøk kan være et virkemiddel for å få til en god utvikling også i de private skolene. Departementet foreslår derfor at forsøksbestemmelsen slik den lød frem til 9. juni 2006 gjeninnføres.

Departementet foreslår en presisering om at forsøk kun kan godkjennes ved skoler som allerede er i drift. Dette er den praksis som har vært gjeldende etter friskoleloven. Begrunnelse er at skolen må ha vært gjennom etableringsfasen for at et forsøk skal kunne gjennomføres på en best mulig og effektiv måte. Av hensyn til lovens systematikk, foreslår departe-

mentet at bestemmelsen om forsøk flyttes fra § 1-5 til § 2-5.»

8.4.5.2 Synspunkt fra høringsinstansane

Dei aller fleste høringsinstansane støtter eller har ikkje merknader til forslaget om at lova igjen skal opne for forsøk.

8.4.5.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet vil leggje vinn på ein offensiv skolepolitikk, der forsøk blir sedde som eit viktig verkemiddel for å få god utvikling. Departementet foreslo derfor i høringsbrevet at friskolelova (foreslått endra til privatskolelova), på linje med opplæringslova, skal opne for at det skal vere høve til å godkjenne pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøk skal vere tidsavgrensa, og det vart føresett at forsøk skal evaluerast. I omgrepet *forsøk* ligg at formålet må vere å finne ut kva ein sjølv og andre kan lære ved å prøve ut alternative ordningar på det aktuelle området. På grunnlag av dei erfaringar som blir gjorde, kan det så vere aktuelt å endre regelverket. Departementet foreslår at det går klart fram av føresegna at forsøk berre kan godkjennast ved skolar som allereie er i drift etter lova. Departementet viser elles her til kapittel 8.4.5.1.

Departementet fremjar etter dette forslag om ein ny § 2-5 om forsøksverksemd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

9 Vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar

9.1 Gjeldande rett

Kapittel 6A i friskolelova vart tilføyd ved lov av 26. november 2004. Kapitlet tredde i kraft 1. desember 2004, og førte vidare dei tidlegare reglane om godkjenning av vidaregåande skolar som har som formål å gi vidaregåande yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar. Departementet viser til § 2-2 bokstav e) i friskolelova slik denne lydde fram til 1. desember 2004, og til tidlegare privatskolelov § 3 bokstav e).

Skolar som er godkjende etter kapittel 6A, har rett til å få dekt 75 prosent av dei driftsutgiftene som kjem inn under tilskotsgrunnlaget for statstilskot, jf. § 6A-8.

Høvet til å godkjenne nye vidaregåande skolar som har som formål å gi yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar, vart mellombels oppheva med verknad frå 9. juni 2006, og det er berre godkjende kapittel 6A-skolar som var i drift 13. desember 2005 som har rett til tilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå desse føresegnene.

For vidaregåande skolar som har til formål å gi yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar, har det aldri lege føre nokon rett til godkjenning etter lova. Fram til 9. juni 2006 lydde § 6A-1 første ledd første punktum slik:

«Departementet kan etter ei samla vurdering godkjenne vidaregåande skolar i Noreg som har til føremål å gi yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar.»

Opplæring ved kapittel 6A-skolane fører ikkje fram til studiekompetanse eller formell yrkeskompetanse i opplæringslova si meining, jf. § 3-3.

9.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsutkastet viste departementet til at kapittel 6A-skolane er særprega, og at det er store forskjellar mellom skolane. I denne samanheng viste departementet til at:

«Mens enkelte av skolene tilbyr yrkesrettet opplæring *på* vidaregåande skoles nivå, er det også en del kap. 6A-skoler som reelt befinner seg *over* vidaregåande skoles nivå, det vil si på dagens fagskolenivå. NOKUT har behandlet og gitt fagskolegodkjenning til flere utdanninger ved kap. 6A-skoler. Noen tidligere kap. 6A-skoler har også fått godkjenning som private høyskoler.

Mange av kap. 6A-skolene gir utdanningstilbud i fag som nå er dekket innenfor de ordinære studieprogrammene i vidaregåande skole, for eksempel reiseliv, dans, design og formgivning. Siden 1994 har all ungdom hatt rett til vidaregåande opplæring, og retten er blitt utvidet til også å gjelde voksne som ikke hadde slik rett som unge. Mange av kap. 6A-skolene har utviklet faglige opplegg og opptakspraksis som primært retter seg mot personer som har gjennomført vidaregåande skole.»

I samsvar med fråsegnene frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen foreslo departementet ei opprydding mellom friskolelova kapittel 6A og fagskolelova. Om målsetjinga for denne oppryddinga uttalte departementet:

«Målet er at både endret privatskolelov og fagskoleloven blir hensiktsmessige rammer i utdanningspolitikken, og at utdanningssystemet blir så forståelig og oversiktlig som mulig.»

På denne bakgrunn foreslo departementet:

«[...] å beholde bestemmelsene i friskoleloven kap. 6A i endret privatskolelov i 3 år regnet fra lovens ikrafttredelse. Deretter vil bestemmelsene bli opphevet. I løpet av overgangsperioden vil det ikke være adgang til å godkjenne nye skoler etter kap. 6A, jf. § 6A-1 første ledd. Departementet foreslår at det i overgangsperioden ikke kan gjøres unntak fra dette, og foreslår derfor at § 6A-1 første ledd tredje punktum ikke videreføres.»

Departementet uttalte vidare i høringsbrevet:

«Departementet forutsetter som utgangspunkt at de skoler som i dag er godkjent etter kap. 6A i løpet av denne treårige overgangsperioden innretter seg etter vilkårene i enten fagskolelo-

ven eller endret privatskolelov. For skoler som gir utdanning i fag som er dekket av tilbud i videregående skole, og som gjennom inntaksbestemmelser og inntakspraksis retter [seg] mot elever med gjennomført videregående opplæring, er det fagskoleloven eller eventuelt lov om universiteter og høyskoler som er den naturlige ramme for virksomheten.

De av nåværende kap. 6A-skolene som ønsker å bli fagskoler må søke Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) om godkjenning av utdanningen, jf. fagskoleloven § 2. Til grunn for forslaget ligger at skolene får beholde offentlig finansiering på et uendret nivå ved overgang til fagskoleloven, forutsatt at de får godkjenning av NOKUT i løpet av overgangsperioden.

De av nåværende kap. 6A-skolene som innretter seg etter vilkårene i endret privatskolelov, og får godkjenning, vil beholde offentlig finansiering etter reglene i denne loven.

Departementet antar at enkelte av dagens kap. 6A-skoler ikke vil være i stand til å innrette seg etter fagskoleloven eller endret privatskolelov innen overgangsperiodens utløp. Departementet vil utrede nærmere hvilken lovmessig ramme som mest hensiktsmessig vil gjøre det mulig for disse skolene å beholde offentlig godkjenning og finansiering på et uendret nivå også etter at overgangsperioden er over. Blant annet vil folkehøgskoleloven bli vurdert i denne sammenheng. Departementet ber særskilt om høringsinstansenes syn på dette spørsmålet.»

9.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget. Fleirtalet av dei fylkeskommunane som uttaler seg, er i hovudsak positive til forslaget. *Buskerud fylkeskommune* uttaler mellom anna:

«Fylkeskommunen støtter departementets opprydning i forholdet mellom friskoleloven kap. 6A og fagskoleloven slik at skolene og utdanningssystemet får hensiktsmessige rammer og forholde seg til.»

Tilsvarende gir *Oslo kommune* uttrykk for at:

«[...] det er nødvendig med en gjennomgang av dette området og at tre års overgangsperiode synes å være tilstrekkelig før det må søkes om godkjenning i hht. fagskoleloven eller endret privatskolelov.»

Troms fylkeskommune viser til at fylkeskommunen har ansvar for å skaffe læreplassar også for

elevar i private skolar, og meiner derfor at ei fråsegn frå yrkesopplæringsnemnda må vektleggjast når slike tilbod skal fastsetjast:

«Generelt bør fylkeskommunen ha innflytelse over de tilbud en privat skole gir, for å kunne se tilbudsstrukturen i fylket under ett.»

Forbrukarrådet ser positivt på forslaget om samordning av regelverket på området, fordi

«[...] det bidrar til et mer oversiktlig regelverk, noe som gjør det enklere å finne fram både for elev og skole.»

Fleire av lærarorganisasjonane støttar i hovudsak høringsforslaget, mellom desse *Utdanningsforbundet* og *Skolenes landsforbund*. Utdanningsforbundet er samd i at ein må rydde opp i tilhøvet mellom privatskolelova og fagskolelova, og at dei skolane det gjeld, må finne sin plass og få offentlig finansiering innanfor ramma av ei av desse lovene. Utdanningsforbundet synest vidare at:

«Det er positivt at ein vil vurdere ei lovmessig ramme for vidareføring av dei skulane som ikkje vil vere i stand til å innrette seg etter fagskulelova eller privatskulelova i løpet av overgangstida. Vi er einig i at folkehøgskulelova vil kunne nyttast som ramme for å sikre desse skulane vidare godkjenning og offentlig finansiering.»

Utdanningsforbundet meiner likevel at det:

«[...] er naudsynt å ha ein moglegheit for å godkjenne vidaregåande skular i små yrkesfag der den offentlege skulen ikkje lenger gjev tilbod. Utan denne opninga for offentlig tilskot etter privatskulelova vil tradisjonsrike yrkesfag, som til dømes treskjærar og skomakar, stå i fare for å forsvinne, og viktige handverkskulturar vil gå tapt.»

Skolenes landsforbund uttaler i høringsfråsegna at langt dei fleste av kapittel 6A-skolane i løpet av overgangsperioden bør kunne tilfredsstille krava i anten privatskulelova, fagskulelova eller universitets- og høyskulelova. Skolenes landsforbund gir uttrykk for at det etter forbundet si erfaring er få av kapittel 6A-skolane som har eit tydeleg folkehøgskolepreg, og forbundet åttarar mot vesentlege endringar i folkehøgskulelova for å fange opp kapittel 6A-skolar.

Friskoleorganisasjonane og dei av friskolane som uttaler seg, er i hovudsak kritiske til høringsforslaget. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* støttar forslaget om at 6A-skolar som vil søkje status som fagskole, bør få ein treårig overgangsperiode, men:

«[...] er sterkt uenig i at staten fra 2010 skal avvike hele ordningen med 6A-skoler, dvs. skoler med læreplaner som avviker fra den offentlige. Dette vil være enda et tiltak som bidrar til å svekke mangfoldet og kreativiteten i det norske utdanningssystemet, og som gjør det enda mer sentralstyrt.»

Tilsvarande synspunkt blir forfektet av mellom andre *Gjennestad Gartnerskole og Bibelskolen i Grimstad*.

Kristne Friskolers Forbund (KFF) seier i høringsfråsegna mellom anna:

«Departementet foreslår å presisere at loven ikke gjelder fagskoler. Dette er vi uenige i. Departementet foreslår også å fase ut kapittel 6A i loven. Dette er vi også uenige i. Departementets intensjon er at bibelskoler, kunstskoler og andre «6A-skoler» fortsatt skal kunne godkjennes og drives med tilskudd. Lovhjemlingen av godkjenning og tilskudd foreslås imidlertid overført til andre skolelover, som må tilpasses det nye skoleslaget. Vi mener det er langt enklere og mer logisk å tilpasse friskoleloven til det skoleslaget og den tilskuddsordning som bibelskoler, kunstskoler og lignende faktisk ligger i pr i dag.»

Folkehøgskolerådet er kritisk til høringsforslaget, og meiner at vidareføring av kapittel 6A er ei betre løysing enn:

«[...] at skoler som i utgangspunktet ikke er folkehøgskoler og som ikke ønsker å endre karakter og bli folkehøgskole, føres inn under folkehøgskoleloven.»

Vidare ser *Folkehøgskolerådet* det slik:

«[...] at en utvidelse av begrepet folkehøgskole til også å gjelde private skoler og fagskoler ikke er ønskelig. Folkehøgskole er et nordisk særfe-nomen innenfor pedagogikken som ikke må ødelegges ved en utvanning ved å føre inn andre skoler under folkehøgskoleloven enn de som tilfredsstiller formålsparagrafen i folkehøgskoleloven.»

Fleire av organisasjonane i arbeidslivet har uttalt seg i høringa. *Landsorganisasjonen i Norge (LO)*

«[...] forutsetter at det i grenseoppgangen mellom ny privatskolelov og behandlingen av fagskoleloven legges til grunn ordninger som ivaretar vidareføring av disse tilbudene.»

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS) sluttar seg til forslaget frå departementet om opprydding mellom friskolelova kapittel 6A og fagskolelova:

«At privatskoleloven og fagskoleloven blir to sentrale rammer i utdanningspolitikken vil bidra til et mer forståelig og oversiktlig utdanningssystem.»

Unio er samd i at:

«[...] ein må rydde opp i tilhøvet mellom privatskulelova og fagskulelova, og at dei skulane dette gjeld, må finne sin plass og få offentlig finansiering innafor ramma av ein av desse lovene.»

Også *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* er positiv til høringsforslaget frå departementet:

«Vi har merket oss at departementet gir skolene som i dag er godkjent etter kap. 6A en frist på tre år til å velge om de vil innrette seg etter vilkårene i fagskoleloven eller endret privatskolelov. Vi har ingen merknader til at det settes en frist på tre år. NHO slutter seg forøvrig til departementets vurderinger av hvor de enkelte skoler bør plasseres i forhold til videregående opplæring.»

NHO ber om at skolar som vel å søkje fagskolegodkjenning, ikkje må stillast i ein vanskelegare situasjon dersom det viser seg at dei utan eiga skyld ikkje får godkjenninga i orden i løpet av perioden, og ber departementet ha denne problemstillinga med seg i det vidare arbeidet.

9.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter departementet si vurdering er det behov for ei opprydding mellom friskolelova kapittel 6A og fagskolelova. I samsvar med fråsegner frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen la departementet i høringsutkastet fram forslag til ei slik opprydding. Departementet har merkt seg at fleire av høringsinstansane, mellom andre Buskerud fylkeskommune, Oslo kommune, Forbrukarrådet, Skolenes landsforbund og Utdanningsforbundet, ønskjer den foreslåtte oppryddinga velkommen.

Utdanningsforbundet uttrykkjer i høringsfråsegna at det for å forhindre at små fag – som eksempelvis treskjerar og skomakar – skal forsvinne, er påkravd å ha høve til å godkjenne vidaregåande skolar i fag der den offentlege skolen ikkje lenger gir tilbod. Til dette vil departementet uttale at både treskjerarfaget og skomakarfaget er dekte innanfor dei ordinære utdanningsprogramma i vidaregåande skole. Desse yrkesfaga blir derfor ikkje tilbodne etter kapittel 6A.

Troms fylkeskommune uttaler at fylkeskommunen har ansvar for å skaffe læreplassar også for

elevar i private skolar, og fylkeskommunen meiner derfor at fråsegn frå yrkesopplæringsnemnda må vektleggjast når slike tilbod skal fastsetjast. Til dette vil departementet uttale at kapittel 6A omfattar vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar. Fylkeskommunane har ikkje ansvar for lærlingplassar i fag som ikkje er dekte av dei ordinære utdanningsprogramma i vidaregåande skole.

Friskoleorganisasjonane og dei av friskolane som har uttalt seg, er i hovudsak negative til høringsforslaget. Kristne Friskolers Forbund (KFF) er såleis usamd i at det blir presisert at lova ikkje gjeld fagskolar, og foreslår at kapittel 6A blir ført vidare i lova. Departementet vil nemne at ei slik løysing ikkje ville representere noka opprydding mellom dei to lovene, og peiker på det uheldige i at utdanningar som etter objektive kriterium ligg på same nivå, kan godkjennast etter to ulike lover. I denne samanheng viser departementet til merknader frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Innst. O. nr. 1 (2004–2005) om endringar i friskolelova.

Departementet fremjar forslag om å behalde føresegnene i kapittel 6A i lova fram til 1. juli 2010; deretter blir føresegnene oppheva. I løpet av overgangsperioden på om lag 3 år vil det etter forslaget ikkje vere heimel for å godkjenne nye skolar etter kapittel 6A, jf. § 6A-1 første ledd i lovutkastet. Departementet foreslår at det i overgangsperioden ikkje kan gjerast unntak frå dette, og foreslår derfor at § 6A-1 første ledd tredje punktum ikkje blir ført vidare.

Departementet føreset at dei skolane som i dag er godkjende etter kapittel 6A, i løpet av overgangsperioden innrettar seg etter vilkåra i anten fagskolelova eller friskolelova (foreslått endra til privatskolelova). For skolar som gir utdanning i fag som er dekte av tilbod i vidaregåande skole, og som

gjennom inntaksføresegner og inntakspraksis vender seg til elevar med gjennomført vidaregåande opplæring, er det fagskolelova eller eventuelt universitets- og høgskolelova som er den naturlege ramma for verksemda. Dei av kapittel 6A-skolane som ønskjer å bli fagskolar eller private høgskolar, må søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om godkjenning av utdanninga, jf. fagskolelova § 2 og universitets- og høgskolelova § 2. Til grunn for forslaget ligg at skolane får behalde offentleg finansiering på uendra nivå ved overgang til fagskolelova, føresett at dei får godkjenning av NOKUT i løpet av overgangsperioden. Departementet vil i ei eiga proposisjon foreslå lovvern av omgrepa *fagskole* og *fagskolegodkjenning*, noko som vil innebære at berre NOKUT-godkjende tilbydarar av fagskoleutdanningar vil kunne kalle seg fagskolar etter utløpet av overgangsperioden. Tilsvarende vil berre NOKUT-godkjende fagskoleutdanningar kunne kalle seg fagskoleutdanningar.

Dei av dei noverande kapittel 6A-skolane som innrettar seg etter vilkåra i den endra privatskolelova, vil få offentleg finansiering etter reglane i denne lova.

Departementet reknar likevel med at enkelte av kapittel 6A-skolane ikkje vil vere i stand til å innrette seg verken etter fagskolelova eller etter friskolelova (foreslått endra til privatskolelova) innan utløpet av overgangsperioden. Departementet vil greie nærmare ut kva for ei lovmessig ramme som mest formålstenleg vil gjere det mogleg for desse skolane å behalde offentleg finansiering også etter at overgangsperioden er over, og vil mellom anna vurdere folkehøgskolelova i denne samanheng. Departementet vil så komme tilbake til Stortinget med forslag.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringar i §§ 6A-1 første ledd og 8-2. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

10 Krav til drifta av skolane

10.1 Gjeldande rett

Dei frittståande skolane kan som hovudregel ikkje drive anna verksemd enn skole i samsvar med denne lova, jf. § 1-4 første ledd første punktum. Med *skole* er i denne samanheng meint aktivitet som er godkjend etter friskolelova. Formålet med føresegna er å unngå at det skjer ei form for fellesforvaltning av offentleg tilskot og skolepengar innanfor eit rettssubjekt som driv fleire typar verksemdar. Føresegna skal såleis medverke til at offentlege tilskot og skolepengar kjem elevane til gode, jf. §§ 6-2, 6-4 og 6A-8. Kravet om at frittståande skolar ikkje kan drive anna verksemd enn skole etter friskolelova, inneber i praksis at drifta av skolen må vere organisert som eige rettssubjekt. Departementet viser her elles til forarbeida til føresegna i Ot.prp. nr. 80 (2002–2003) om friskolelova.

Det er gjort unntak for internat og skolefritidsordning, jf. § 1-4 første ledd andre punktum. Vidare kan departementet gjere vedtak om unntak frå første ledd

«[...] for verksemd som er nært knytta til skoleverksemda og som utgjer ein mindre del av den totale verksemda»,

jf. andre ledd i § 1-4. Uavhengig av om skolen driv internat, skolefritidsordning eller anna verksemd i tilknytning til skoledrifta etter friskolelova, må skolen sørgje for å halde oppe skiljet mellom drift etter friskolelova og anna verksemd, mellom anna kravet om separat rekneskapsførsel. Departementet viser her til merknaden til føresegna i punkt 11 i Ot.prp. nr. 80 (2002–2003) om friskolelova og punkt 2.9 i Innst. O. nr 1 (2004-2005) om endringar i friskolelova.

Dei frittståande skolane må vere registrerte i Einingsregisteret eller tilsvarande register, jf. §§ 2-1 fjerde og femte ledd og 2-2 femte og sjette ledd. I merknadene til føresegnene i Ot.prp. nr. 80 (2002-2003) går det mellom anna fram:

«Bestemmelsene må ses i sammenheng med § 1-4 om forbudet mot å drive annen virksomhet enn skoledrift som omfattes av godkjenningen etter friskoleloven.»

I forarbeida blir registreringskravet knytt til kravet om at det ansvarlege rettssubjektet som har god-

kjenninga berre skal drive skoledrift og omsynet til kontroll med bruken av statstilskotet, under dette kven som er juridisk og økonomisk ansvarleg for den frittståande skolen og bruken av statstilskotet. Krav om registrering av verksemda gjer at ansvarsforholda for skoledrifta er klare både i søknadsfasen og seinare. Godkjenningsmyndigheit, tilskotsforvaltar og tilsynsmyndigheit vil til kvar tid kunne finne ut kven som er dagleg leiar, styreleiar m.m.

Dei norske skolane i utlandet må følgje regelverket i vertslandet om registrering, men registreringa må gi tilsvarande notoritet som registreringa i Einingsregisteret i Noreg, jf. kravet i §§ 2-1 fjerde ledd og 2-2 femte ledd om tilsvarande register. Dette inneber at registreringa må vise kven som utgjer styret for skolen, dagleg leiar, revisor m.m. Dersom vertslandet ikkje har tilsvarande register, må skolen registrerast i Noreg.

I merknadene til føresegnene i Ot.prp. nr. 80 (2002–2003) om friskolelova går det også fram at

«Registreringen må være i orden innen godkjenningen blir gitt.»

Det blir ikkje stilt krav i friskolelova om innsikten eigenkapital.

Kommunen og fylkeskommunen har ei lovpålagd plikt til å sørgje for at alle får oppfylt retten og plikta til grunnskoleopplæring og retten til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova §§ 13-1 og 13-2. Det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for den offentlege skolestrukturen, og som dermed avgjer kva for små skolar det er formålstenleg og ønskeleg å drive ut frå den lokale busetjinga. I den offentlege skolen er det derfor ikkje stilt krav om eit minstetal elevar ved den enkelte skolen. Heller ikkje etter friskolelova er det stilt minimumskrav til elevtalet.

10.2 Forbudet mot å drive anna verksemd

10.2.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at hovudregelen i § 1-4 om forbudet mot at det blir drive anna verksemd enn den som er godkjend etter friskolelova, med tillegg av eventuelt internat og skolefri-

tidsordning, vart innført for å sikre at offentlege tilskot og skolepengar blir brukte slik lova føreset. Vidare uttalte departementet:

«Godkjent aktivitet er opplæring som konkret er godkjent etter § 2-3 og som gis til elever som er tatt inn i samsvar med § 3-1 og som gis i godkjente undervisningslokaler, jf. § 2-4. For øvrig kan ikke det relevantt skolen har fått godkjent overskrides [...].

Dispensasjonsbestemmelsen i § 1-4 innebærer at det klare skillet mellom skoledrift etter friskoleloven og annen virksomhet ikke kan opprettholdes i samme grad. Dersom skolene driver annen virksomhet innenfor det samme rettssubjektet, vil det være vanskelig for tilsynsmyndigheten å effektivt kunne kontrollere at offentlige tilskudd og skolepenger kommer elevene til gode og at det ikke skjer kryssubsidiering til ikke-tilskuddsberettiget virksomhet. Dessuten er det relativt ressurskrevende for forvaltningen å behandle søknader etter § 1-4 annet ledd. Det vises til at forvaltningen både må vurdere om virksomheten er «nært knytta til skoleverksemda» og om den «utgjør ein mindre del av den totale verksemda».

Dersom en skole har aktiviteter av en type som ikke er godkjent etter friskoleloven, mener departementet at det vil være en løsning å etablere et eget rettssubjekt for denne virksomheten. Kontrollhensynet må vurderes opp mot de ulempene skoleeier kan bli påført ved at tilknyttet virksomhet må organiseres utenfor den virksomheten som driver skolen. Det kan påløpe ekstrakostnader til for eksempel eget regnskap og egen revisjon. På den andre siden må økonomiforvaltningen uansett være atskilt fra skoledriften, og det må uansett føres separat regnskap for skoledelen. Når tilknyttet virksomhet drives utenfor det rettssubjektet som driver skolen, vil disse virksomhetene dessuten være unntatt fra de dokumentasjonskrav og kontrollordninger som departementet fastsetter. En slik organisering gjør det også enklere for skolen å skille midler som skal gå til skoledriften etter privatskoleloven fra midler til annen virksomhet.

På denne bakgrunnen vil departementet foreslå at § 1-4 annet ledd ikke videreføres. Departementet foreslår at § 1-4 første ledd videreføres uendret i § 2-2. Dette innebærer at skoledriften etter privatskoleloven skal organiseres som et eget rettssubjekt. Skolen skal etter forslaget fortsatt kunne drive internat og skolefritidsordning som er tilknyttet skolen, men kravet om skille mellom drift etter privatskoleloven og internat og skolefritidsordning opprettholdes, bl.a. kravet om separat regnskapsførsel. Overgangsordningen i § 1-4 tredje ledd foreslås ikke videreført fordi den er uaktuell.»

10.2.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane har ikkje merknader eller støttar høringsforslaget.

Dei friskoleorganisasjonane og friskolane som har uttalt seg om dette forslaget i høringa, er i hovudsak kritiske til forslaget. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* går imot forslaget:

«NFFL har ved mange anledninger de senere årene fremmet synspunktet om at det er uhen-siktmessig, både for staten og skoleeieren, å skille ut enkelte deler av den samlede skolevirksomheten som noe utenforliggende. Dette er både i strid med formålet for tilskuddsordningen om at alle midler skal komme elevene til gode, og det svekker innsynet i pengestrømmen innenfor skolesystemet. Vi er ganske frustrerte over at ikke våre synspunkter tas alvorlig. For oss som kjenner til «hverdagen» i skolene, virker det ganske arrogant at det statlige byråkratiet ikke synes interessert i å gjøre en grundigere analyse av dette saksområdet.

I stedet for å pålegge en skoleeier å skille ut de deler av virksomheten som ikke direkte går på undervisning (unntatt internat og SFO), så mener NFFL at regelen bør endres til at alle aktiviteter som skolen driver eller står ansvarlig for, skal dokumenteres gjennom årsrapporter og regnskap. Aktiviteter utenom dem som følger av selve undervisningsvirksomheten må være selvfinansierte og regnskapsmessig spesifisert. Eventuelt overskudd må i sin helhet komme skolens elever til gode, direkte eller indirekte.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF) har følgjande merknad:

«Innstrammingen har imidlertid en meget klar, negativ effekt på skolens inntektsmuligheter, noe som kan medføre økte skolepenger for elevene [...] En skole som ønsker å gi elevene innsikt i drift og virksomhet av en realistisk og lønnsom størrelse, må skille ut f.eks gartneri-virksomheten i eget rettssubjekt.»

Fråsegnene frå *Norsk Lærerakademi* og KFF er likelydande.

Sandnes Lutherske Grunnskole, Dalane kristne skole, Moe skole, Bjerkely skole og Granly skole meiner at privatskolane må få høve til å ha inntekter frå utleige og kursverksemd.

Aglo videregående skole uttaler mellom anna:

«Aglo vgs er enig i og støtter prinsippet om at de bevilgede midlene skal komme elevene til gode. Dette kan sikres ved revisors gjennomgang av regnskapene. Departementet går ved denne endringen svært langt i å begrense friskolene i forhold til de offentlige når det gjelder å kunne tilby flere tjenester. Det er ikke uvanlig

at offentlige videregående skoler har egne ressenter og kan tilby annen kursvirksomhet i tilknytning til skolen. Aglo vgs vil foreslå at friskoler som er ideelle non-profit foretak etter søknad kan få mulighet til å drive med annen virksomhet som ligger nært opp til skoledriften. Det er selvsagt en forutsetning at denne virksomheten fremgår av egne avdelingsregnskap, som kontrolleres av revisor, og at totalregnskapet med avdelingsregnskap sendes fylkesmannen.»

Sygna vidaregåande skule, Drottningborg vidaregåande skole, Bjørkedal Nærskule, Kristen vidaregåande skole Trøndelag, Bibelskolen Bildøy Bergen og Tomb vidaregåande skole og landbruksstudier er også negative til innstramminga.

Hopen vidaregåande skole og Gjennestad Gartnerskole gir begge uttrykk for at noko ekstra inntekter i form av sporadisk utleige og ei enkel verksemd som er naturleg ut frå opplæringsprofilen til skolen, må vere mogleg i tillegg til vanleg internatdrift og skolefritidsordning.

Kristelig Gymnasium åtvarar mot

«[...] en praksis som setter grensen så strengt at det vi vil kalle en normal virksomhet ved en skole, ikke kan foregå. Vi tenker på utleie av skolelokaler og utstyr utenom skoletid, kantine drift til beste for elevene og tilsvarende.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) meiner at den nye lova må heimle eit høve til dispensasjon for skolar til å kunne drive anna verksemd.

Rusfri – Kristenfolkets Edruskapsråd, uttaler at skolen bør få høve til å drive anna verksemd som ligg nær opp til skoledriften.

10.2.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har merkt seg dei innvendingane mot forslaget som er sette fram av enkelte av høringsinstansane. Departementet har likevel, etter ei samla vurdering, ikkje funne å kunne komme dei i møte. Departementet viser i denne samanheng til dei vurderingane som er gjorde i høringsbrevet, jf. kapittel 10.2.1, og til formålet med å innføre forbod mot å drive anna verksemd enn den som er godkjend etter lova, med tillegg av eventuell drift av internat og skolefritidsordning.

Departementet har merkt seg at fleire av høringsfråsegnene gir til kjenne tvil om kva som skal reknast som skoleverksemd etter lova, det vil seie kva omgrepet *skole i samsvar med denne lova* inneber. Departementet finn derfor grunn til å pre-

sisere at følgjande aktivitetar fell inn under omgrepet:

- verksemd som er formålstenleg eller nødvendig for å nå måla i den læreplanen skolen har fått godkjenning etter §§ 2-3 eller 6A-2
- kantine for skolens egne elevar som blir driven av elevane/skolen

For skolar som er godkjende for gartneri og hagebruk, vil eksempelvis gartneriverksemd som er formålstenleg eller nødvendig for å nå oppgitte mål i læreplanen, vere tillaten etter gjeldande § 1-4 første ledd første punktum og lovforslaget.

Departementet legg elles til grunn at utleige av lokale som hører skolen til, og som til vanleg er nytta i den daglege skoledriften, kan reknast som skoleverksemd etter lova. Dette vil særleg vere tilfelle der svingingar i elevtalet fører til at ein del av skoleanlegget ikkje til kvar tid blir nytta i den daglege undervisninga. Men utleige av skolelokale skal ikkje vere til hinder for skoleverksemda etter lova.

Departementet fremjar etter dette forslag om at gjeldande dispensasjonsføresegn i § 1-4 andre ledd blir oppheva i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Det vil bli gitt overgangsreglar i forskrift. Paragraf 1-4 første ledd blir foreslått vidareført i § 2-2 første ledd. Som følgje av dette forslaget blir det også fremja forslag om endring i § 6A-7. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

10.3 Registreringsplikta

10.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Krav om registrering av virksomheten gjør at ansvarsforholdene for skoledriften er klare. Godkjenningsmyndigheten, tilskuddsforvalteren og tilsynsmyndigheten vil til enhver tid kunne finne ut hvem som er ansvarlige som daglig leder og styreformann. Selv om det fremgår av forarbeidene til bestemmelsene at registreringen må være i orden innen godkjenningen blir gitt, har bestemmelsene blitt praktisert slik at det er tilstrekkelig at registreringen er i orden før statstilskuddet utbetales. Denne forvaltningspraksisen har ikke gitt godkjenningsmyndigheten tilstrekkelig notoriet i forbindelse med søknadsbehandlingen.

Det har vært stilt spørsmål ved hva skolenes registreringsplikt etter friskoleloven innebærer. Usikkerheten har angått hvorvidt det i henhold til bestemmelsen er tilstrekkelig å

registrere skolen som en såkalt underenhet av en annen juridisk person i Enhetsregistret, eller om registreringsplikten innebærer at hver enkelt fysisk skole må registreres som et selvstendig rettssubjekt. Det som betegnes som underenheter er enheter som er underlagt selvstendig rettssubjekt, men som ikke selv er selvstendig rettssubjekter. Det vil si at underenheterne ikke utad kan opptre i eget navn, men etter omstendighetene i navnet til den juridiske person de er registrert under. Dette harmonerer generelt dårlig med lovens øvrige bestemmelse og system, samt med formålet bak kravet om registrering i Enhetsregisteret. Departementet vil derfor understreke at kravet om registrering innebærer at hver enkelt fysisk skole skal registreres som et selvstendig rettssubjekt.

Hensynet til elevene ivaretas først og fremst med de bestemmelser som gis om innhold i og organiseringen av opplæringen. Skolen trenger imidlertid økonomiske ressurser for å gjennomføre opplæringen. For å kunne vurdere realismen i det opplegg som presenteres i søknaden, er det derfor viktig å ha informasjon om det økonomiske grunnlaget for driften. Kravet om at budsjett skal følge søknaden, jf. § 2 i forskrift om budsjett, regnskap, kontroll og revisjon for friskoler som får statstilskudd etter lov om frittstående skoler, gjør det mulig å etterprøve om søkeren har beregnet tilskuddet riktig og om de planlagte skolepenger er innenfor de rammene loven tillater. På kostnadssiden er det færre holdepunkter for å vurdere realismen. Det vil imidlertid være mulig å gjøre grove overslag ved sammenligning med gjennomsnittstall for kostnad per elev.

Krav om å legge fram budsjett i søknaden kan ikke innebære at godkjenningsmyndigheten gjennom godkjenning av skolen implisitt også godkjenner budsjettet. Budsjettet er en del av informasjonen som godkjenningsmyndigheten bygger på ved godkjenningen. Godkjenningen kan ikke innebære at godkjenningsmyndigheten også har gått god for de økonomiske vurderinger som budsjettet bygger på. Ved at budsjettet legges fram, må det imidlertid kunne forventes at de konkrete opplysninger som framkommer om størrelse på skolepenger og statstilskudd, blir vurdert, slik at skoler som har operert med forutsetninger som ikke er i samsvar med loven, ikke blir godkjent.

Dersom det stilles minimumskrav til innskutt egenkapital på søknadstidspunktet, mener departementet at dette kan være med på å sikre at der er økonomisk grunnlag for driften, spesielt for oppstartkostnader som vil påkomme før skolen får statstilskudd. Et krav om innskutt egenkapital kan imidlertid være et

hinder for grupperinger som har liten tilgang til økonomiske midler. Konsekvenser av å stille krav til egenkapital må imidlertid også vurderes i forhold til beløpets størrelse. Et innskudd på 100 000 kroner vil etter departementets vurdering også være mulig for foreninger med relativt begrensede økonomiske ressurser. Her må en også ta hensyn til at hvis søknaden blir innvilget, vil det uansett være nødvendig med innskudd fra eier i en oppstartfase, da det ikke gis tilskudd til ekstrakostnader i forbindelse med oppstart. Skulle skolen ikke bli godkjent, kan det registrerte selskapet oppløses og innskutte midler tilbakeføres. De kostnadene som søker blir påført, er avgift for registrering i Brønnøysund.

Departementet foreslår at det presiseres i privatskoleloven at det rettssubjekt som søker om godkjenning som privat skole etter loven, skal være formelt registrert i Enhetsregisteret på søknadstidspunktet. Departementet foreslår videre at innskuddskapitalen skal være minst 100 000 kroner, dvs. tilsvarende aksjelovens minimumsbeløp.

Departementet foreslår at det gis en felles bestemmelse om registreringsplikt for grunnskoler og videregående skoler i § 2–2. Overgangsbestemmelsene om plikten til registrering i §§ 2–1 femte ledd og 2–2 sjette ledd foreslås ikke videreført fordi det ikke lenger er behov for overgangsbestemmelser på dette området, jf. punkt 2 i forskrift om ikraftsetting og overgangsregler av 4. juli 2003.»

10.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Det er hovudsakleg dei frittstående skolane og friskoleorganisasjonane som har uttalt seg om dette forslaget. Fleirtalet av dei høringsinstansane som har uttalt seg, er negative. *Kristne Friskolers Forbund (KFF)* skriv mellom anna:

«Når det gjelder tidspunkt for registrering i Enhetsregisteret, er forvaltningspraksis i dag at en friskole må være registrert i enhetsregisteret før utbetaling av tilskudd kan skje. Vi mener dette er en god ordning og ser ingen fordeler med at kravet om innregistrering i Enhetsregisteret må skje før søknad sendes.

Godkjenning av friskole etter det som foreslås som ny lov, vil fortsatt bli et uforutsigbart prosjekt. Det er derfor etter vårt syn urimelig å kreve at innskuddskapital på minst kr 100 000 må stå på skolens konto på søknadstidspunktet.»

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) støttar forslaget om eit innskot på minst 100 000 kroner, men er negativt til forslaget om å krevje at

skolane blir registrerte som sjølvstendige rettssubjekt. Forbundet uttaler mellom anna:

«En ordning med skolen som selvsendig rettssubjekt vil svekke eierfunksjonen og således øke risikoen for at skolen kan få økonomiske problemer hvis elevtallet minker eller kostnadene, for eksempel til bygninger, øker mye. Ut fra prinsippet om aktivt eierskap støtter vi forslaget om et innskudd på minst 100 000 kr. for å få godkjent etablering av en ny skole.»

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) meiner at den føreseigna som er foreslått, vil vere ei hindring for å få skolar godkjende etter lova, og at forelderetten dermed blir svekt:

«Med krav om innskuddskapital på 100 000 kr som en forutsetning for å behandle søknaden, er det stor sannsynlighet for at den reelle muligheten til å starte ny skole blir forbeholdt de pengesterke.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjonen (HSH) går mot eit minstekrav til innskoten egenkapital, og skriv mellom anna:

«I den selskapsrettslige lovgivning finnes det allerede i dag kapitalkrav til visse typer selskapsformer. Det vil derfor være uheldig om man stiller ytterligere krav i andre særlover, hvor man ikke har vurdert de selskapsrettslige konsekvenser i tilstrekkelig grad. [...]

HSH stiller også spørsmål ved om den innskutte kapital skal være fri eller bunden og hvordan denne kapitalen skal forholde seg i forhold til annen innskutt kapital».

Utdanningsforbundet støttar presiseringa av at skolane skal registrerast som sjølvstendige rettssubjekt, og at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å registrere skolen som undereining av ein annan juridisk person. Forbundet støttar også forslaget om ein minimumskapital på 100 000 kroner.

Forbrukerrådet støttar høringsforslaget, og skriv mellom anna:

«Fra studentenes ståsted er søk på skolen i Enhetsregisteret en enkel måte å få fram formalia om skolen på, noe Forbrukerrådet råder elever å gjøre før en undervisningskontrakt skal skrives under. En registrering forenkler også kontrollen til offentlige instanser på det økonomiske området, noe som også kommer eleven til gode. Forbrukerrådet er således positiv til et slikt krav om registrering og krav til egenkapital, og vi synes ikke det er et urimelig krav å stille til en undervisningstilbyder.»

Fleirtallet av dei kommunane og fylkeskommunane som har uttalt seg om forslaget, støttar det.

10.3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Til spørsmålet om registrering vil departementet først understreke at behovet for notoritet gjer det nødvendig å stille krav om at skolane er registrerte i offentlege register. Godkjenningssmyndigheita, tilsynsmyndigheita, tilskotsforvaltaren og elevane har behov for å ha tilgjenge til stadfesta opplysningar om skolen. Det er derfor nødvendig at skolane registrerer seg som sjølvstendige rettssubjekt i Einingsregisteret. Verksemdar registrerte som undereiningar opptre ikkje i eige namn overfor utanverda, men etter omstenda i namnet til den juridiske person dei er registrerte under. Registrering som undereining er derfor ikkje tilstrekkeleg til å oppfylle formålet med registreringsplikta.

Kravet om registrering som sjølvstendig rettssubjekt hindrar ikkje eigaren eller andre interessantar i å støtte skolen økonomisk. Departementet er derfor ikkje samd med Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) som i høringa uttaler at ordninga med skolane som sjølvstendige rettssubjekt aukar risikoen for at skolar kan få økonomiske problem. Departementet viser her også til at Forbrukerrådet, som årleg får inn ei rekkje klager frå elevar ved private skolar, støttar både registreringskravet og kravet om eit minimum av egenkapital.

Til spørsmålet om når registreringsplikta bør ta til å gjelde, vil departementet vise til at spesielt godkjenningssmyndigheita har behov for å ha tilgjenge til alle opplysningar om skolane også i søknadsfasen. Det er derfor nødvendig at skolen er registrert på søknadstidspunktet. Søkjaren vil følgjeleg vere eit rettssubjekt, for eksempel ein stiftelse, ei foreining eller eit aksjeselskap. Behovet for notoritet må vegast mot dei ulemper registreringskravet medfører for søkjarane. Kravet om registrering av verksemda på søknadstidspunktet er etter departementet si vurdering eit relativt lite tyngjande pålegg. Departementet har mellom anna lagt vekt på at godkjenning utløyser store statstilskot, og at skolar som blir godkjende, tek på seg eit stort ansvar for elevane.

Som oftast vil det vere ein lang prosess frå ein startar planlegginga av ein skole til søknad om godkjenning etter lova blir send inn. I denne fasen vil det ofte vere mykje uformell kontakt mellom den som planlegg å søkje om godkjenning og godkjenningssmyndigheita, mellom anna om vilkåra for å få godkjenning. Når den endelege søknaden blir send, bør søkjaren vere så godt informert om dei krav som blir stilte, og den formelle søknaden så gjennomarbeidd, at behandlingstida kan bli relativt

kort. På denne bakgrunn kan departementet ikkje sjå at det kan vere særleg byrdefullt for søkeren å sørge for at den formelle registreringa er i orden allereie på søknadstidspunktet.

Til spørsmålet om kravet til minste innskotskapital/eigenkapital vil departementet uttale at skolar som er blitt godkjende etter lova, vanlegvis har vore organiserte som stiftelsar, aksjeselskap eller foreiningar. Både stiftelseslova og aksjelova stiller krav om ein minste innskotskapital på 100 000 kroner, medan det ikkje er stilt krav til økonomi gjennom ei eiga foreiningslov. For skolar som ikkje er aksjeselskap eller stiftelsar, vil forslaget om krav til innskotskapital i lova stille krav utover det som følgjer av selskapsrettsleg lovgiving. Krava vil likevel ikkje komme i konflikt med andre føresegnar som skolane er forplikta til å følgje. Departementet ser derfor ikkje problem med at lova stiller større krav til innskotskapital enn det som følgjer av selskapsrettsleg lovgiving.

Krav om dokumentasjon for at skolen har ein minste innskotskapital gir godkjenningssmyndigheita ein indikasjon på om det er mogleg for skolen å skaffe dei økonomiske midlane som er nødvendige for å etablere ein skole i samsvar med krava i lova. Kravet inneber at søkerane bind kapital i perioden frå søknaden blir levert til han er ferdigbehandla. Konsekvensane må mellom anna vurderast mot storleiken på beløpet. Eit innskot på 100 000 kroner vil vere mogleg også for foreiningar med relativt avgrensa økonomiske ressursar. Her må ein også ta omsyn til at dersom søknaden blir innvilga, vil det uansett vere nødvendig med innskot frå eigaren, interesserte foreldre eller andre i ein startfase, sidan det ikkje blir gitt tilskot til ekstrakostnader i samband med oppstarten. Skulle skolen ikkje bli godkjend, kan det registrerte rettssubjektet oppløysast og innskotne midlar tilbakeførast. Dei kostnadene som søkeren blir påført, er avgift for registrering i Brønnøysund. Krav om minste innskotskapital på 100 000 kroner er etter departementet si vurdering ikkje urimeleg sett i forhold til det betydelege ansvaret ein utdannings-tilbydar tek på seg overfor både elevar/foreldre og den offentlege godkjenningssmyndigheita/tilskots-givaren.

I samsvar med forslaget i høringsbrevet fremjar departementet etter dette forslag om endringer i § 2-2 andre ledd, ved at det blir gitt ei felles føresegn om registreringsplikt for grunnskolar og vidaregåande skolar. Som følgje av dette forslaget blir det også fremja forslag om endring i § 6A-7. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

10.4 Minimumskrav til elevtal

10.4.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at kommunane og fylkeskommunane sjølv avgjer kor mange skolar dei ønskjer å drive. Departementet uttalte vidare:

«Slik departementet ser det kan kommunale ordningar bidra til å styrke virksomheten ved små, offentlige skoler. Dette kan dreie seg om ambulerende lærere, opplæring i kostnadskrevende fag ved «storskolen», delvis internatdrift mv. Når det gjelder statens administrative utgifter i forbindelse med bl.a. statlige overføringer og tilsyn, spiller det ingen eller liten rolle hvor mange skoler den enkelte kommunene velger å drive. På friskoleområde er dette annerledes, og etter departementets vurdering kan det være hensiktsmessig med et skille mellom offentlige og private skoler som mottar statstilskudd i dette henseende.

I Sverige har de i kapittel 9, § 2 i skollagen fastsatt krav om at en frittstående skole skal ha:

«[...] minst 20 elever, om det inte finns särskilda skäl för ett lägre elevantal, [...]»

for å bli godkjent. Ved elevtellingen 1. april 2006 var det 34 frittstående skoler som hadde mindre enn 20 elever, herunder 7 norske skoler i utlandet.

Departementet vil særleg pekte på følgende:

- En opplæring som er i samsvar med regelverket innebærer at skolen blant annet skal hjelpe elevene å utvikle sosial kompetanse, følelse av tilhørighet og fellesskap, og forberede elevene til ulike former for deltakelse i samfunns- og arbeidsliv som bygger på demokratiske verdier og idealer. Realisering av disse mål forutsetter at elevene får opplæring i sosial- og læringsfellesskap. Det betyr et læringsmiljø som gir rike muligheter til samarbeid, dialog, meningsbrytninger og trening av sosialt ansvar, der elevene får inngå i forpliktende fellesskap og delta i demokratiske prosesser. Et slik læringsmiljø utgjør et samfunn i miniatyr.
- Dersom elevtallet ved skolene blir for lavt, vil ikke skolene lenger kunne sies å være økonomisk bærekraftig. Dette kan skape utrygge og uforutsigbare forhold for elever, foreldre, de ansatte og skolens eier og styre.
- Staten har administrative kostnader forbundet med de frittstående skolene, blant annet til tilskuddsforvaltning og tilsyn. Vi legger til grunn at kostnadene på dette området ikke er vesentlig forskjellige mellom store og små skoler.

Av hensyn til å få et visst læringsfellesskap og sosialt elevfellesskap, et faglig miljø for lærerne, økonomisk bærekraftig drift ved den enkelte skole og en bedre utnyttelse av statlige administrative ressurser, foreslår departementet at det lovfestes et minimumskrav til elevtall i privatskoleloven § 2–2. Etter forslaget skal det som hovedregel ikke gis tilskudd til private skoler som har færre enn 20 elever tre år på rad, dvs. ved samtlige elevtellingene i løpet av disse årene. Forslaget vil derfor ikke få konsekvenser for kap. 6A-skolene, jf. at dette kapitlet foreslås opphevet etter 3 år, [].

Dersom en og samme skole både har fått godkjent et grunnskoletilbud og et videregående tilbud, gjelder kravet om minimum 20 elever skolens samlede tilbud.

Slik departementet ser det kan det være behov for en smal unntakshjemmel, og det foreslås derfor at departementet i helt spesielle tilfeller kan fatte et tidsbegrenset vedtak om unntak fra hovedregelen om kravet til 20 elever. Dispensasjonsbestemmelsen kan bare anvendes der kravet om minimum 20 elever framstår som urimelig, for eksempel der en skole kan dokumentere eller sannsynliggjøre at den i løpet av et visst tidsrom igjen vil kunne oppfylle kravet om 20 elever, for eksempel ville dette være aktuelt der skolen er en utbyggingsfase.»

10.4.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar i hovudtrekk eller har ingen merknader til høringsforslaget. Fleirtalet av dei fylkeskommunane som uttaler seg om forslaget, er positive. *Buskerud fylkeskommune* uttaler såleis at

«Fylkeskommunen støtter kravet til et minimumstall på 20 elever ut fra kravene i læreplanen om opplæring i et sosial- og læringsfellesskap. I særskilte tilfelle må det være anledning til å gi dispensasjon fra denne bestemmelsen.»

Dei av fylkeskommunane som er negative til forslaget, vil redusere kravet til elevtall eller utvide høvet til dispensasjon. *Vest-Agder fylkeskommune* uttaler mellom anna:

«Skoler med inntil 10 elever bør kunne godkjennes. Skoler i utlandet må få telle desentraliserte undervisningssteder inn i minstetallet. Ved oppstart av nye skoler, må det være mulig å starte opp med et elevtall på 7.»

Oppland fylkeskommune støttar sameleis som fleirtalet forslaget, men meiner unntaksheimelen bør utvidast slik at ein kan leggje vekt på eit tidsbestemt svakt rekrutteringsgrunnlag.

Eit fleirtal av fylkesmennene støttar i hovudsak forslaget. *Fylkesmannen i Nord-Trøndelag* uttaler:

«Fylkesmannen støtter kravet til minimum antall elever. Erfaringsvis vil skoler med få elever ikke ha økonomi til å ansette personell som fyller lovens kompetansekrav. Vi mener at en skole også trenger å ha et visst antall elever for å kunne oppfylle formålene med loven, jf. § 1-1 i forslaget.»

Fylkesmannen i Østfold har same oppfatning, men legg til:

«Tilbud innen videregående opplæring for sær- løp og småfag bør kunne få dispensasjon fra minimumskravet på 20 elever.»

Fylkesmannen i Finnmark uttaler til forslaget at

«Et minimums elevtall på 20 synes å være for høyt sett ut fra vårt fylkes bosettingsmønster og struktur.»

Eit klart fleirtal av dei kommunane som har uttalt seg om forslaget, er positive. Mellom desse er *Kristiansand kommune*, som uttaler at kommunen støttar forslaget av omsyn til det faglege og sosiale utbyttet for elevane. *Råde kommune* har same oppfatning, og uttaler:

«Av hensyn til at elevene skal oppleve et visst læringsfellesskap og et sosialt elevfellesskap, at lærerne skal oppleve et faglig miljø og at øvrige ressurser skal utnyttes på en best mulig måte, støttes forslaget om at det som hovedregel ikke gis tilskudd til skoler som har færre enn 20 elever tre år på rad, men at det kan være behov for en smal unntakshjemmel i de tilfelle det kan dokumenteres eller sannsynliggjøres at skolen innen rimelig tid vil kunne oppfylle kravet om 20 elever.»

Friskoleorganisasjonane og dei friskolane som uttaler seg, er i hovudsak negative til forslaget. Fleire skolar påpeiker at minimumskravet til elevtall på 20 kan gjere det vanskeleg å opprette og drive friskolar i griskrendte strøk.

Hop vidaregåande skole uttaler:

«Denne paragrafen vil gjøre det vanskeligere å starte opp med nye skoler i utkantstrøk. En slik paragraf kan gjøre at de fleste søknadene om nye skoler kommer fra byer eller større tettbebyggelser. Dette ser vi på som en ulempe for distriktene.»

Ein annan skole, *Luna friskole*, påpeiker at der- som det ikkje blir mogleg å halde oppe ein skole i distriktet, kan det påverke busetjingsmønsteret på lengre sikt.

At det ikkje vil vere høve til å drive små, private skolar i distriktet, svekkjer foreldreretten, hevdar *Dalane kristne skole, Jærtun Lutherske Friskole* og *Sandnes Lutherske Grunnskole*. Dalane kristne skole meiner at

«[...] det bør være en nasjonal standard på dette, uavhengig av om skolene er offentlige eller frittstående – slik at det blir likebehandling.»

Jærtun Lutherske Friskole uttaler også at minstekravet om 20 elevar ikkje kan overstyre retten til friskoledrift.

Andre tek opp omsynet til like valmoglegheiter som foreldre bør ha uansett bustad. *Heimly Kristne Grunnskole* skriv mellom anna:

«Foreldre i små lokalsamfunn må ha de samme muligheter og retter til å starte og drive friskoler som foreldre i byer og på store tettsteder.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF) uttaler:

«[Forslaget] rammer de fleste av utenlandsskolene eid av misjonen, men også flere andre skoler. Vi mener hensynet til likebehandling mellom offentlige og frittstående skoler tilsier at man ikke kan innføre en nedre elevtallsgrense i friskoler når tilsvarende grense ikke finnes i offentlige skoler.

Vi støtter ikke at staten skal regulere en minstegrense. Foreldre er gitt et stort ansvar når det gjelder barns opplæring, og hvis foreldrene mener det er forsvarlig med en liten skole, bør ikke staten overprøve foreldrenes vurdering her dersom skolen ellers driver lovlig.»

Fleire skolar, *Brandal Friskulelag, Bjørkedal Nærskule, Danielsen Ungdomsskole Bergen* og *Bjerkely skole*, seier klart ifrå om at dei ikkje ønskjer noko minimumskrav til elevtal.

Fleire av friskolane og friskoleorganisasjonane meiner at grensa bør setjast lågare enn 20. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* uttaler seg slik om forslaget:

«NFFL mener at ulike argumenter kan brukes i forhold til minstetallet for å opprettholde statlig godkjenning. Ut fra prinsippet om et ønsket aktivt eierskap mener vi det bør være fullt forsvarlig, både pedagogisk og økonomisk, å ha et minstetall på 15 elever. Et så lavt tall vil også være viktig for at lokalsamfunn og små yrkesfaglige miljøer skal kunne overleve i en vanskelig tid.»

Ei anna innvending som er reist, tek opp omsynet til dei allereie eksisterande skolane. Luna fri-

skole uttaler at denne typen skolar bør vere unntakne frå kravet om minimumstal på 20 elevar.

Norske Utenlandsskolars Forening har forståing for bakgrunnen for forslaget når det gjeld skolar lokaliserte i Noreg. For norske skolar i utlandet har foreininga ei anna oppfatning, og uttaler:

«Vi vil imidlertid påpeke at det kan være andre og mer tungtveiende grunner til at en bør gi norsk skoletilbud i utlandet, selv om elevtallet er lavere enn 20 ved oppstart. Hvis denne bestemmelsen hadde eksistert tidligere, ville neppe noen av de norske skolene i utlandet ha blitt godkjent, idet det tar en stund før en skole får etablert seg.»

Fleire friskolar, mellom desse Hop vidaregående skole, *Bjerkely skole, Moe skole, Den norske skole Costa Blanca* og *Ryenberget skole*, har eit liknande syn på problematikken for skolar i startsfasen.

Handverksskolen uttrykkjer i fråsegna bekymring for den innverknad forslaget vil ha på små skolar som tilbyr verneverdige fag som ikkje blir tilbodne i den offentlege skolen. Til mangelen på andre alternativ i den offentlige skolen uttaler skolen:

«Vi har forståelse for at det er vanskelig fordi elevtilfanget er lavt, det er kostbare linjer å drive og vanskelig å skaffe læreplass etter skolen. Nettopp derfor er det så viktig at vi har en friskolelov som gjør det mulig å ta vare på de små håndverksfagene.»

Omsynet til små og verneverdige fag er også teke opp av *Folkekulturforbundet*, som skriv at dersom kravet til elevtal blir halde oppe, blir Handverksskolen på Hjerleid, og andre framtidige skolar av same karakter, tvinga til å utvide tilbodet til å gjelde andre fag. Og skolen legg til:

«Det er ikke vårt ønske å konkurrere med den offentlige videregående skolen. Vi ønsker at private skoler skal være et supplement, og gjerne på fagområder der det offentlige av en eller annen grunn ikke viderefører tilbudene.»

Folkekulturforbundet ber derfor KD om å vurdere unntak for dei små og verneverdige faga.

Utdanningsforbundet uttaler at regelen om at private skolar må ha minst 20 elevar, bør ha ein romsleg unntaksheimel:

«Det må vere mogleg å gjere unntak frå kravet om minste elevtal ut frå vurderingar som til dømes skulens eigen situasjon, avstand til næraste skule og skuletilbodet og samfunnstilhøva elles i den kommunen eller det landet skulen ligg.

Det skal være ein smal unntaksheimel slik at departementet i heilt spesielle tilfellet kan fatte vedtak om unntak frå hovudregelen dersom kravet verkar urimeleg.»

Forslaget om minstekrav til elevtal er ikkje kommentert av universiteta og høgskolane. Unntaket er *Norsk Lærerakademi*, som går imot at staten skal regulere ei minstegrense om elevtal. Det uttalar:

«Foreldre er gitt et stort ansvar når det gjelder barns opplæring, og hvis foreldrene mener det er forsvarlig med en liten skole, bør ikke staten overprøve foreldrenes vurdering her dersom skolen ellers driver lovlig.»

10.4.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til forslaget i høringsbrevet og foreslår at det blir lovfesta eit minimumskrav til elevtal i § 2-2. Fleire høringsinstansar har uttalt at eit lågare minimumstal enn 20 er ønskeleg. Departementet ser at ei grense på 15 elevar i hovudsak vil vareta den tungtvegande pedagogiske, økonomiske og administrative grunngevinga for forslaget. Departementet foreslår derfor at godkjenninga til skolar som har færre enn 15 elevar tre skoleår på rad, det vil seie ved alle elevteljingar i løpet av desse tre åra, som hovudregel fell bort.

Fleire høringsinstansar har påpeikt at forslaget særleg vil ramme norske skolar i utlandet. Departementet foreslår derfor at tilsvarande minimumskrav til elevtal for desse skolane blir sett til 10 elevar.

I samsvar med synet til fleire av høringsinstansane foreslår departementet at det i spesielle tilfelle kan gjere unntak frå hovudregelen om kravet til høvesvis 15 og 10 elever. Departementet vil presisere at forslaget inneber ein smal unntaksheimel, som kan nyttast i ein situasjon der kravet om minimum 15 og 10 elevar for å få halde fram med godkjenning etter lova står som urimeleg, for eksempel der ein skole kan dokumentere eller sannsynleggjere at han i løpet av et visst tidsrom igjen vil kunne oppfylle kravet. Unntaket vil derfor normalt vere tidsavgrensa.

I høringsfråsegner frå Handverksskolen og Folkekulturforbundet, og frå Fylkesmannen i Østfold og Oppland fylkeskommune blir det peikt på at forslaget vil ramme skolar som tilbyr små og verneverdige fag og andre små fag. Departementet ser at det for tilbydarar av små tradisjonelle handverksfag og andre små fag kan verke urimeleg å krevje eit minimumstal på 15 elevar. Departementet legg særleg vekt på at ein auke av elevtalet for å

oppfylle minimumskriteriet ikkje vil vere formålstenleg for elevane, sidan yrkesmoglegheitene etter avslutta utdanning ofte er avgrensa til eit lite tal. Det kan derfor vere aktuelt med eit permanent unntak frå regelen for skolar som berre tilbyr små og verneverdige handverksfag og andre små fag, der minimumskravet til elevtal vil medføre at slike fag ikkje lenger blir tilbodne i Noreg.

Fleire høringsinstansar har påpeikt at eit minimumskrav til elevtal vil ramme fleire etablerte skolar, særleg i utlandet. Departementet er ikkje usamd i dette, men vil vise til at departementet sitt forslag for norske skolar i utlandet berre inneber eit krav om 10 elevar ved skolen og er grunngitt i tungtvegande pedagogiske, økonomiske og administrative omsyn, jf. grunngevinga for høringsforslaget, som er angitt i kapittel 10.4.2.

Departementet har merkt seg at eit fleirtal av høringsinstansane ikkje har merknader, eller i hovudtrekk støttar, forslaget. Departementet finn likevel grunn til å kommentere innvendingar frå somme av høringsinstansane særskilt.

Til fråsegna frå Kristne Friskolers Forbund (KFF) om forskjellsbehandling av offentlege og private skolar vil departementet uttale at kommunen og fylkeskommunen har ei lovpålagd plikt til å sørge for at alle får oppfylt retten og plikta til grunnskoleopplæring og retten til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova §§ 13-1 og 13-3. Det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for den offentlege skolestrukturen, og som dermed avgjer kor små skolar det er formålstenleg og ønskeleg å drive ut frå den lokale busetnaden.

Slik departementet ser det, kan kommunale ordningar medverke til å styrkje verksemda ved små, offentlege skolar. Dette kan dreie seg om ambulerande lærarar, opplæring i kostnadskrevjande fag ved «storskolen», delvis internatdrift m.m. Når det gjeld dei administrative utgiftene staten har i samband med mellom anna statlege overføringar og tilsyn, spelar det inga eller lita rolle kor mange skolar den enkelte kommunen vel å drive. Når det gjeld skolar i privat eige som mottek lovheimla statstilskot, er dette annleis, og etter departementet si vurdering kan det vere formålstenleg med eit skilje mellom offentlege og private skolar som mottek lovheimla statstilskot i denne samanheng.

Fleire høringsinstansar meiner at forslaget vil ramme oppretting og drift av private skolar i utkantstrøk, som mellom anna er meint å erstatte nedlagde kommunale tilbod. Til dette vil departementet seie at det er kommunane som har ansvaret for den offentlege skolestrukturen. Departemen-

tet kan ikkje gi kommunane pålegg om korleis skolestrukturen i kommunane skal vere, og det er i utgangspunktet ikkje ønskeleg at staten skal halde liv i eit lokalt tilbod som vertskommunen ønskjer å leggje ned. Det kan heller ikkje vere eit statleg ansvar å sørgje for at private tilbod med statstilskot kan tilbydast foreldre som har busett seg i strøk der det ikkje er befolkningsgrunnlag for skole av ein viss storleik.

Departementet meiner at det også bør setjast ei nedre grense for elevtalet ved norske skolar i utlandet, jf. forslaget ovanfor om eit minimumskrav på 10 elevar. Det kan ikkje vere slik at det er eit statleg ansvar å sørgje for at norske private tilbod med statstilskot skal tilbydast foreldre som har valt å busetje seg i land der det ikkje er elevgrunnlag for forsvarleg drift av ein norsk skole i utlandet. Slik drift av små skolar i utlandet vil også i stor grad gjere det lovpålagde tilsynet departementet skal føre med at opplæringa blir gitt på tilfredsstillande måte, i samsvar med krava i lova, vanskeleg.

Til fråsegna frå Norske Utenlandsskolars Forening og innvendingar frå fleire skolar når det gjeld problematikken med elevtalet i etableringsfasen for skolar, vil departementet minne om at forslaget inneber eit krav om høvesvis minimum 15 og 10 elevar ved skolen. For mellom anna å leggje til rette for at nye skolar får den tida dei treng til å eta-

blere tilboda sine med eit tilstrekkeleg elevtal, foreslår departementet at godkjenninga etter lova først fell bort dersom skolane ved alle elevteljingane over tre år har mindre enn 15 og 10 elevar. I dei tilfella da desse tre åra ikkje er tilstrekkeleg, og skolen kan dokumentere eller sannsynleggjere at han i løpet av eit visst tidsrom vil kunne oppfylle kravet om 15 eller 10 elevar, har departementet foreslått at det etter søknad kan gjerast vedtak om unntak frå hovudregelen. Departementet meiner treårsregelen og unntaksheimelen vil leggje til rette for at skolane har tilstrekkeleg tid til å etablere seg i startfasen.

Forslaget om minimumskrav til elevtal vil ikkje få konsekvensar for kapittel 6A-skolane, jf. at kapittel 6A er foreslått oppheva 1. juli 2010. Departementet viser elles til kapittel 9.4.

Når det gjeld merknader om at minstekravet til elevtal ikkje kan overstyre retten til drift av private skoletilbod og foreldreretten, viser departementet til utgreiinga om Noregs folkerettslege plikter i kapittel 4.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringar i § 2-2 tredje ledd. Som følge av dette forslaget blir det også fremja forslag om endring i § 6A-7. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

11 Krav til læreplanar og elevvurdering

11.1 Gjeldande rett

I friskolelova er krava til innhald og vurdering regulerte i § 2-3. Av første ledd går det fram at

«Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. [...] Frittstående skolar skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd og § 3-4 første ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom.»

Kravet om at læreplanane skal vere godkjende av departementet og at læreplanane skal sikre elevane jamgod opplæring samanlikna med dei offentlege læreplanane, inneber mellom anna at departementet skal godkjenne kompetansemål og fag- og timefordeling.

Etter § 2-3 andre ledd har departementet heimel for å gi forskrift om elevvurdering, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon. Departementet har tilsvarende forskriftsheimlar etter opplæringslova. I tillegg har departementet etter opplæringslova §§ 2-3 tredje ledd og 3-4 første ledd heimel for å fastsetje læreplanar som skal gjelde for offentlege grunnskolar og for offentlege vidaregåande skolar. Departementet har ikkje heimel i friskolelova for å gi forskrift om nærmare krav til læreplanane.

Opplæringslova § 2-5 omhandlar målformer i grunnskolen. I samsvar med sjette ledd andre punktum i føresegna kan departementet gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring. Slik forskrift er gitt i forskrifta til opplæringslova § 1-11. Friskolelova inneheld ikkje nokon tilsvarende forskriftsheimel.

Innhald og vurdering i den offentlege vidaregåande opplæringa er omhandla i opplæringslova § 3-4. I første ledd i føresegna heiter det mellom anna:

«Departementet gir forskrifter om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis.»

Slik forskrift er gitt i forskrifta til opplæringslova § 1-12 første ledd. Departementet har ikkje

heimel for å gi slik forskrift i samsvar med friskolelova.

Etter gjeldande forvaltningspraksis får den enkelte skolen godkjent eit maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet. Skolane har i stor grad fått godkjent det elevtalet dei har søkt om.

11.2 Høringsforslaget frå departementet

Sitert frå høringsbrevet:

«Siden departementet ikke har hjemmel til forskriftsfeste konkrete krav til de læreplanene som godkjennes etter friskoleloven, vil godkjenningen av den enkelte skoles læreplan bero på en tolkning av kravet om «jamgod opplæring». Dette gir lite forutberegnlighet for skolene, lite informasjon til allmennheten og det kan oppstå utilsiktede forskjeller. Departementet foreslår derfor at § 2-3 endres, slik at departementet får hjemmel til å fastsette nærmere krav til læreplanene i forskrift, det vil si at hovedtrekkende i gjeldende praksis blir kodifisert i forskrift. I en slik forskrift kan det for eksempel fastsettes at alle private skoler skal gi opplæring i samsvar med den generelle delen av Læreplanverket for Kunnskapsløftet, at de norske skolene i utlandet skal følge den læreplanen som gjelder for offentlige skoler i Norge [], og at de internasjonale skolene skal følge en internasjonal læreplan, [...].

I høringsbrev av 19. januar 2006 om forslag til forskrift til friskoleloven skriver Utdanningsdirektoratet bl.a. følgende:

«På enkelte område manglar direktoratet heimel i friskolelova for å kunne regulere på tilsvarende måte som i forslaget til endringer i forskrift til opplæringslova.

Direktoratet manglar mellom anna heimel for å kunne gi elevar i grunnskolen fritak også frå opplæring i sidemål ettersom forskriftsheimelen berre dekkjer vurdering, jf. friskolelova § 2-3 siste ledd. Sjå elles § 1-10 i forslaget til endringer i forskrift til opplæringslova.

Direktoratet manglar òg heimel for fritak frå opplæring i fag i vidaregåande opplæring som foreslått i § 1-11 i forslaget til endringer i forskrift til opplæringslova.

Kunnskapsdepartementet vil sjå nærmare på dette i samband med det kommande lovarbeidet, dvs. dei lovforslaga som skal sendast på høyring hausten 2006.»

Slik departementet ser det har det aldri vært meningen at det skulle være forskjeller mellom opplæringsloven og friskoleloven på dette området. Etter departementets vurdering er det rimelig at elever som får særskilt språkopplæring i offentlige grunnskoler og private grunnskoler med rett til statstilskudd likebehandles når det gjelder fritak for kravet om opplæring i norsk sidemål. Når det gjelder videregående skoler, vil departementet særlig peke på at de skolene som har læreplaner som er godkjent etter friskoleloven § 2-3 allerede har myndighet til å gi standpunktskarakterer og skrive ut vitnemål og kompetansebevis, jf. kapittel 4 i forskrift til friskoleloven. Det er derfor naturlig at departementet også kan gi forskrift om godskriving av tidligere gjennomført videregående opplæring eller praksis med hjemmel i privatskoleloven.

Departementet foreslår derfor at det gis tilsvarende forskriftshjemler i friskoleloven § 2-3. I tillegg foreslår departementet en forskriftshjemmel som gjør det mulig for daglig leder å gi fritak fra den praktiske delen av faget kroppsøving. Slik forskrift er gitt i forskrift til opplæringsloven § 1-12 annet ledd.

Det har fra enkelte hold vært stilt spørsmål ved forvaltnings adgang etter friskoleloven til å fastsette et maksimalt antall godkjente elever på det enkelte tilbud. Departementet godkjenner læreplaner for det enkelte trinn og utdanningsprogram, og etter vårt syn er det naturlig at elevtallet på de enkelte trinn og utdanningsprogram fastsettes samtidig. Dette gir særlig fylkeskommunene en rimelig grad av forutberegnlighet med hensyn til dimensjonering av eget tilbud, herunder planleggingen av behovet for læreplasser. Departementet foreslår derfor at det lovfestes i privatskoleloven §§ 2-3 og 6A-2 at departementet i forbindelse med godkjenningen av læreplaner skal fastsette hva slags tilbud skolen kan gi og et maksimalt elevtall på det enkelte tilbudet. For øvrig foreslås det ingen endringer i § 2-3.»

11.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene og organisasjonane som har gitt høringsfråsegn, støttar eller har ingen kommentarar til forslaga.

Blant dei som har uttalt seg om forslaget om at departementet får heimel for å fastsetje nærmare

krav til læreplanane i forskrift, er *Norsk Montessori-forbund*, som uttaler:

«Privatskoler skal drive sin virksomhet etter læreplaner som sikrer elevene jamgod opplæring. Begrepet jamgod opplæring er i utgangspunktet en grei formulering, men praksis viser at begrepet trenger en nærmere presisering. Jamgod opplæring blir i dag tolket og praktisert som nærmere lik opplæring enn alternativ opplæring. Det er viktig at loven fastslår retten til alternativ opplæring uten at dette i praksis knyttes opp til å være lik den offentlige læreplanen.»

Også *Kristne Friskolers Forbund (KFF)* og mange skolar har kommentert forvaltningspraksisen til Utdanningsdirektoratet når det gjeld godkjenning av læreplanar. *Sandnes Lutherske Grunnskole* og *Dalane kristne skole* uttaler i ei felles høringsfråsegn at

«Det må presiseres i forskrift eller lignende at jevn god ikke betyr identisk – slik vi opplever at Utdanningsdirektoratet forvaltningspraksis tolker begrepet. Vi mener at jevn god må forstås som tilsvarende eller likeverdig, og ser gjerne at begrepet erstattes med et av disse ordene.

Vi foreslår også at det lovfestes en rett for friskoler på religiøst grunnlag å øke timetallet i hele eller deler av KRL-faget med inntil 25 % (jfr. «25 %-regelen») på bekostning av andre fag i skolen når dette begrunnes med skolens utvidede, religiøse målsetting.»

Katolske skoler i Norge uttaler:

«Friskolene må, forutsatt akseptert kvalitet og omfang av opplæringstilbudet, få anledning til å utvikle sin egenart gjennom læreplaner som kan avvike fra offentlige fagplaner og til minst den samme frihet til å organisere undervisningen som det nå er åpnet for i kommunale skoler. Det kanskje viktigste middel til å utvikle en skoles egenart, er retten til selv å tilsette skolens lærere og eventuelt å stille tilleggskrav til disse utover det som er tilfellet i en kommunal skole.»

Eit klart fleirtal av fylkeskommunane støttar forslaget om å lovfeste at departementet i samband med godkjenninga av læreplanar skal fastsetje kva slags tilbod skolen kan gi, og eit maksimalt elevtall på det enkelte tilbodet. *Buskerud fylkeskommune* uttaler at det

«[...] er av vesentlig betydning for fylkeskommunen som har et overordnet ansvar for å skaffe læreplasser og eventuelt gi elevene plass i den offentlige skolen for å fullføre et utdanningsløp i skole. Det skaper en nødvendig for-

utsigbarhet for fylkeskommunen også i arbeidet med å dimensjonere skoletilbudet.»

Blant dei som er negative til dette forslaget, er *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)*, Kristne Friskolers Forbund (KFF) og fleire av dei vidaregåande skolane. NFFL uttaler såleis:

«NFFL er ikke enig i at en skolegodkjenning også skal innebære en detaljert fastsetting av elevtallet på årstrinn. Vi mener det vil være langt bedre med en godkjenning knyttet til utdanningsprogram, som en rammegodkjenning. Antallet elever pr. årstrinn og klasse/gruppe bør skolen kunne stå fritt til å organisere. Forholdet til fylkeskommunens ansvar for læringleplanleggingen er ikke et argument i denne sammenheng. NFFL har ment, og mener fortsatt, at det bør komme en bestemmelse i loven som pålegger godkjente private videregående skoler å samarbeide med fylkeskommunen om rekruttering av læringleplasser innenfor de utdanningsprogrammene skolen er godkjent for.»

11.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet vil innleiingsvis presisere at gjeldande krav om «jamgod opplæring» i § 2-3 ikkje inneber eit krav om at skolane skal ha læreplanar som er identiske med dei som blir brukte i den offentlege skolen. Departementet viser til at skolane, avhengig av grunnlag, kan velje mellom å følgje dei læreplanane som gjeld for den offentlege skolen og læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring. Departementet viser her til kapittel 4.3.4 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) *Om friskolelova*, der det mellom anna går fram at

«Det avgjerande må vere om opplæringa i art og nivå vesentleg svarer til dei kunnskapar og den dugleik som den offentlege grunnskolen skal formidle. Poenget er at elevane skal få ei utdanning som gir eit minst like godt grunnlag for forståing og for vidare valfridom i forhold til seinare utdanning og yrkesval, og som dessutan gjer ein overgang frå eit skoleslag til eit anna uproblematisk. Opplæringa skal med andre ord kvalitativt kunne samanliknast med den offentlege læreplanen.

Etter departementet sitt syn vil omgrep som «tilsvarande», «likeverdig» og «jamgod» vere dekkjande for eit slikt innhald. Departementet ser likevel faren for at uttrykket «tilsvarande» kan bli tolka som «identisk», noko som ikkje er meininga. Etter departementet sitt syn kan ordet «likeverdig» gi assosiasjonar også til

andre verdiar enn kvalitet. Departementet vil på denne bakgrunnen foreslå å bruke omgrepet «jamgod», fordi dette omgrepet er best eigna til å beskrive kvalitetskravet.»

Departementet har ikkje heimel for å forskriftsfeste krav til dei læreplanane som blir godkjende etter § 2-3 første ledd. Dette inneber at godkjenninga av læreplanen for den enkelte skolen vil avhenge av ei tolking av kravet «jamgod opplæring». Dette gjer avgjerda lite føreseieleg for skolane, gir lite informasjon til allmenta, og det kan oppstå utilsikta forskjellar. Departementet foreslår derfor at § 2-3 andre ledd blir endra slik at departementet får heimel for å fastsetje nærmare krav til læreplanane i forskrift, for eksempel at skolane skal gi opplæring i samsvar med den generelle delen av Læreplanverket for Kunnskapsløftet, at dei norske skolane i utlandet skal følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar i Noreg, sjå kapittel 8.2.4, og at dei internasjonale skolane skal følgje ein internasjonal læreplan, sjå kapittel 8.2.6. Departementet vil understreke at ei eventuell forskrift sjølvsagt må liggje innanfor rammene av lova, for eksempel §§ 1-1 og 2-3.

Etter departementet si vurdering er det rimeleg at elevar som får særskild språkopplæring i offentlege grunnskolar og private grunnskolar med rett til statstilskot, blir likebehandla når det gjeld fritak frå kravet om opplæring i norsk sidemål. Det har aldri vore meininga at det skulle vere forskjellar mellom opplæringslova og friskolelova (foreslått endra til privatskolelova) på dette området. Departementet foreslår derfor at § 2-3 andre ledd blir endra slik at departementet får heimel for å gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemål for elevar i grunnskolen som får særleg språkopplæring, for eksempel særskild språkopplæring for elevar frå språklige minoritetar etter § 3-5, eller opplæring i samisk.

Departementet foreslår at § 2-3 andre ledd også blir endra slik at departementet får heimel til å gi forskrift om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis. Departementet viser til at dei vidaregåande skolane som har læreplanar som er godkjende etter § 2-3, allereie har mynde til å gi standpunktkarakterar og å skrive ut vitnemål og kompetansebevis, jf. kapittel 4 i forskrifta til friskolelova. I tillegg foreslår departementet ein forskriftsheimel som gjer det mogleg for dagleg leiar å gi fritak frå den praktiske delen av faget kroppssøving. For den offentlege vidaregåande opplæringa er det gitt slik forskrift, jf. forskrifta til opplæringslova § 1-12 andre ledd.

Frå enkelte hald har det vore stilt spørsmål ved forvaltningspraksisen når det gjeld fastsetjing av maksimalt tal godkjende elevar på det enkelte tilbodet. Departementet godkjenner læreplanar for grunnskolen og på det enkelte programområdet eller kurset i vidaregåande opplæring. Etter departementet si vurdering er det naturleg at det maksimale elevtalet skolen kan ta inn på det enkelte programområdet eller kurset, blir fastsett samtidig. Dette gjer, særleg for fylkeskommunane, dimensjoneringa av eigne tilbod, under dette planlegginga av behovet for læreplassar, i rimeleg grad føreberekneleg. Departementet ser også at skolarne har behov for ein viss fleksibilitet på dette området. Etter departementet si vurdering kan dette løysast ved at skolarne søkjer om godkjenning av eit noko høgare elevtal enn det dei reknar med

å ha til vanleg. Dette vil likevel gjere det meir føreberekneleg for fylkeskommunane enn om skolen fekk godkjent eit maksimalt elevtal for heile skolen eller utdanningsprogrammet. Når det gjeld grunnskoleopplæring, meiner departementet at det er tilstrekkeleg å fastsetje eit maksimalt elevtal for grunnskoletrinnet.

I samsvar med forslaget i høringsbrevet legg departementet etter dette fram forslag om at det blir lovfesta i §§ 2-3 første ledd femte punktum og 6A-2 første ledd femte punktum at departementet i samband med godkjenninga av læreplanar skal fastsetje kva slags tilbod skolen kan gi, og eit maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet.

Elles viser departementet til § 2-3 og 6A-2 i lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

12 Inntak av vaksne

12.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 4A-3 har fylkeskommunane sidan 1. august 2000 hatt eit lovfesta ansvar for å tilby opplæring til vaksne som har rett til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen får midlar til dette gjennom rammefinansieringa. Retten til vidaregåande opplæring gjeld vaksne som er fødte før 1. januar 1978 og som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Denne gruppa vaksne vart ikkje omfatta av rettane etter Reform 94. Opplæring spesielt organisert for vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal etter reglane i opplæringslova byggje på den realkompetansen den enkelte vaksne har. Fylkeskommunane står fritt til å velje om dei vil stå for opplæringa sjølv eller om dei vil kjøpe tenester hos andre tilbydarar (også private).

Etter opplæringslova § 13-3 andre ledd skal fylkeskommunen gi tilbod om vidaregåande opplæring også til vaksne utan rett til slik opplæring. Føresegna eller forarbeida til denne gir ingen nærmare føringar for innhaldet, heller ikkje om kvantitet. Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring har etter opplæringslova § 4A-3 andre ledd rett til å fullføre opplæringsløpet dersom dei har takka ja til tilbod frå fylkeskommunen om vidaregåande opplæring.

Etter friskolelova § 3-1 kan vaksne med rett til vidaregåande opplæring få tilbod ved ein frittstående vidaregåande skole. Ved oversøking skal likevel unge med rett prioriterast framfor vaksne med rett. Det er ein føresetnad for inntak at heimfylket vurderer realkompetansen til den enkelte vaksne. Med unntak av skolar som er godkjende etter kapittel 6A og særskilde skolar for funksjonshemma, kan som hovudregel ikkje vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring takast inn i ein frittstående vidaregåande skole. Det gjeld likevel eitt unntak: Dei frittstående vidaregåande skolane som ved endringa av friskolelova i 2004 hadde vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring, skal framleis kunne ta inn slike søkjarar med same tal som dei faktisk hadde skoleåret 2004/2005. Dette er regulert i forskrifta til friskolelova § 11-1 med heimel i friskolelova § 3-1 femte ledd.

12.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at opplæringslova prioriterer ei gruppe vaksne framfor ei anna gruppe vaksne, og at det etter departementets syn vil

«[...] være prinsipielt uheldig å undergrave denne prioriteringen ved å skulle gi statlig tilskudd for vaksne uten rett til vidaregåande opplæring når de er elever ved private vidaregåande skoler, også fordi fylkeskommunen ville få trekk i rammetilskuddet for en gruppe som ikke er prioritert gjennom individuelle rettigheter i opplæringsloven.

Forskrift til friskoleloven § 11-1 inneholder en opplisting av de skolene som fortsatt kan ta inn vaksne uten rett. For hver av disse skolene er det fastsatt det som i realiteten må anses som en kvote for hvor mange vaksne elever uten rett skolen kan ha. «Kvotene» er basert på det antallet vaksne uten rett som tilfeldigvis var elever ved den enkelte skole skoleåret 2004/2005, jf. punkt 2.7 i Innst. O. nr.1 (2004–2005) om endringer i friskoleloven. Det er med andre ord ingen helhet som ligger til grunn for fastsettelsen.

Det er svært ressurskrevende å føre tilsyn med at skolene ikke tar inn et større antall vaksne elever uten rett enn det de etter forskriften har anledning til.

Departementet foreslår at frittstående vidaregåande skoler ikke lenger skal ha anledning til å ta inn vaksne uten rett til vidaregåande opplæring. Det vil være rimelig med overgangsordninger for de aktuelle skolene, slik at de får tid til å innrette seg. Departementet foreslår at skolene får en overgangsordning på ett år fra lovens ikrafttredelse. Det foreslår derfor at den aktuelle delen forskriftshjemmelen i § 3-[1] femte ledd oppheves ett år etter at loven trer i kraft.»

12.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Av dei høringsinstansane som har uttalt seg til dette forslaget, er det eit fleirtal som ikkje støttar forslaget. Motførestellingane til forslaget kjem

mellom andre frå *Vinterlandsbruksskolen på Jæren*, *Vinterlandbruksskolen i Ryfylke*, *Danielsen Intensivgymnas*, *Handverksskolen*, *Vensmoen Hjelpepleierskole*, *Gjennestad Gartnerskole*, *Tomb vidaregåande skole og landbruksstudier*, *Norsk Fotterapeutskole*, *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*, *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* og *Utdanningsforbundet*.

I høringsfråsegna frå *Vinterlandbruksskolen på Jæren* og *Vinterlandbruksskolen i Ryfylke* er det mellom anna uttalt:

«Dei fleste eigarskifta i landbruket skjer direkte frå foreldre til barn. Når den eldste av barna er 20 år og foreldra gjerne ca 45 år, er det enno 15-20 år att før eigarskifte normalt vil finna stad. Det er svært få gardar i fylket vårt, og i landet elles, som kan gje inntekt og arbeid til to generasjonar samtidig. Løysinga på dette er at barna må ha eit anna yrke å livnære seg av i «ventetida».

Agronomutdanning kvalifiserar ikkje for mange yrke utanom bondeyrket. Dette fører til at sjølv ungdomar som har eit klart mål om å bli bonde i framtida vel anna utdanning for å kvalifisera seg for eit anna yrket i denne venteperioden. Når tida er inne til å overta gard, kjem dei til vinterlandbruksskulen og tar agronomutdanning. Ei anna gruppe som søker til vinterlandbruksskulane er dei som av ulike grunnar får høve til å overta gard i vaksen alder, sjølv om det ikkje var med i planane deira tidlegare.»

Desse synspunkta er støtta av mellom andre *Nærbø Bondelag* og *Rogaland Bondelag*.

Tomb vidaregåande skole og landbruksstudier uttaler mellom anna:

«Tomb er eneste skole i landet, så vidt vi vet, som har ettårig komprimert landbrukskurs for vaksne. De fleste elever ved denne linjen ønsker utdanning i landbruk fordi de planlegger å drive som heltids eller deltids bønder. Typisk for dem er behovet for flere ben å stå på, de har derfor en annen yrkesutdanning (som for eksempel landbruksmekaniker, tømrer, sykepleier) eller de planlegger videre utdanning etter året på Tomb. [...] Dersom vaksne uten rett ikke lenger skal kunne tas opp som elever i friskole/privatskole står disse uten reell mulighet til fagutdanning innen landbruk.»

Oslo Sanitetsforenings Hjelpepleierskole viser til at forslaget vil føre til at vaksne som har gjennomført vidaregåande utdanning, ikkje skal ha høve til å omskolere seg til for eksempel helsefagarbeidar, trass i at behovet i samfunnet er stort når det gjeld denne typen arbeidskraft.

Av fylkeskommunane har drygt halvparten uttalt seg til forslaget om vaksne utan rett. Fleirtallet av desse sluttar seg til forslaget frå departementet, med grunngiving. To fylkeskommunar (*Rogaland* og *Aust-Agder*) er usamde i forslaget. *Oppland fylkeskommune* viser til at det må kunne gjerast unntak frå regelen, grunngitt med dei behov vaksne har for omstilling og ny kompetanse. *Oppland fylkeskommune* uttaler at forslaget må sjåast i samheng med ein vidare diskusjon om opplæringsrettane for vaksne, fornying og omstilling av kompetanse og betraktningar rundt livslang læring.

Motførestellingane til departementets forslag hos høringsinstansane er langt på veg innhaldsmessig like, og kan derfor grovt oppsummerast i desse punkta:

- Ingen vaksne begynner med vidaregåande opplæring utan at dei sjølv opplever eit behov for kompetanseheving;
- Omgrepet *rett* utelukkar i dag mange vaksne frå sjansen til eit yrkesaktivt liv;
- Samfunnet sine behov for at så mange som mogleg kan vere yrkesaktive;
- Den enkelte vaksne sitt behov for omskolering.

Dei av høringsinstansane som har uttalt seg i samband med *Handverksskolen*, mellom andre skolen sjølv og *Folkekulturforbundet*, er særleg opptekne av at handverkstradisjonane må takast vare på: *Handverksfag* er modningsfag, og det vil alltid vere størst interesse for slike fag mellom vaksne som har nokre års erfaring.

Eit gjennomgåande syn hos mange av høringsinstansane er at gjeldande ordning med forskrift om kor mange vaksne utan rett kvar skole kan ta inn, må bestå. I tillegg påpeiker fleire at dersom forslaget frå departementet skal gjennomførast, må det givast ei lengre overgangsordning enn det eine året som er foreslått.

12.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til den grunngivinga for forslaget som vart gitt i høringsbrevet. Departementet vil spesielt framheve det urimelege i at ei gruppe vaksne som ikkje er prioritert med individuelle rettar gjennom opplæringslova, skal kunne takast inn på ein skole i privat eige og utløyse statleg tilskot, samtidig som fylkeskommunen får trekk i rammetilskotet.

Mange av dei høringsinstansane som er usamde i forslaget frå departementet, viser til dei

ulike behova hos vaksne for omskolering. Det blir mellom anna vist til behovet for omskolering også blant vaksne som tidlegare har fullført vidaregåande opplæring, og dermed har brukt opplæringsretten sin. Departementet vil i denne samanheng påpeike at gjeldande reglar om rett til vidaregåande opplæring, både for unge og for vaksne fødte før 1. januar 1978, er avgrensa til å gjelde ei fullført vidaregåande opplæring. Departementet ser det ikkje som ei høgt prioritert oppgåve å skulle finansiere ei vidaregåande opplæring nr. 2 gjennom tilskotsordninga etter denne lova. Departementet viser også til § 1-1 første ledd, der det går fram at

«Formålet med denne lova er å medverke til at det kan opprettast og drivast frittståande skolar, mellom anna skolar oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar og skolar oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege [...]»

Formålet med lova er såleis ikkje at elevar eller vaksne som ikkje er prioriterte med individuelle rettar etter opplæringslova, skal kunne velje eit privat tilbod.

Når det gjeld dei ulike behova for omskolering, vil departementet vise til at NAV har ansvar for dei som blir yrkeshemma, mellom anna ved å leggje til rette for yrkesretta attføring. Det kan da vere snakk om å leggje til rette for ei ny utdanning, som det offentlege dekkjer etter nærmare reglar. Dette vil vere uavhengig av om vedkommande opphavleg har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje.

For departementet er det eit mål at fleire vaksne kan få individuell rett til vidaregåande opplæring. I St.meld. nr. 16 (2006-2007) har departementet mellom anna uttalt:

«Selv om både ungdom og mange vaksne nå har rett til vidaregåande opplæring, står likevel et økende antall personer uten slik rett. Dette gjelder dem som er født etter 1978, og som ikke har tatt vidaregåande opplæring, eller som har falt fra underveis. [...] Gruppen av personer uten rett til vidaregåande opplæring øker for hvert år. På bakgrunn av dette mener departementet det er behov for å endre opplæringsloven for å gi flere vaksne rett til vidaregåande opplæring. Departementet vil foreslå at opplæringslovens bestemmelser om at bare vaksne

født før 1. januar 1978 har rett til vidaregåande opplæring, oppheves, og erstattes med en aldersgrense på 25 år. På denne måten vil vaksne som har fullført grunnskole eller tilsvarende, men som ikke har fullført vidaregåande opplæring, få rett til slik opplæring etter søknad. [...] Lovendringsforslaget fremmes våren 2008.»

Departementet vil peike på at det varsle lovendringsforslaget vil innebære at det i framtida blir færre vaksne utan rett til vidaregåande opplæring. Dette vil også kunne få betydning for dei private skolane.

Etter dette foreslår departementet vidareføring av hovudregelen om at det ikkje skal vere høve for skolane til å ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova. Fleire av høringsinstansane har påpeikt at det er behov for å kunne ta inn slike søkjarar i særskilde tilfelle. Spesielt nemnt er inntak til opplæring i små, verneverdige fag og samfunnet sitt behov for kompetanse på bestemte område, mellom anna innanfor helsefaga og i landbruksnæringa. Departementet foreslår derfor ei endring i § 3-1 femte ledd som inneber at departementet får heimel for å gi forskrift om inntak av vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring i særskilde tilfelle. Gjeldande forskrift vil bli endra i samsvar med lovendinga, dvs. at enkelte skolar framleis vil få høve til å ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova til bestemte tilbod, for eksempel til landbruksutdanning, gartnerutdanning, enkelte omsorgsutdanningar og små handverksfag.

Forslaget inneber vidare at enkelte skolar som etter gjeldande forskrift har høve til å ta inn vaksne søkjarar utan rett, ikkje lenger vil kunne gjere det, fordi det ikkje vil liggje føre særskilde behov. Eksempelvis vil dette kunne gjelde inntak til studieførebuande kurs. For at dei skolane som etter endringa ikkje lenger vil ha høve til å ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring, skal få rimeleg tid til å innrette seg, vil ikkje forskriftsendingane som følgje av lovforslaget bli gjorde gjeldande før det har gått to år frå lova trer i kraft.

Departementet legg etter dette fram forslag om endring i § 3-1 femte ledd. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

13 Organisering av elevar i grupper

13.1 Gjeldande rett

Med verknad frå 1.august 2003 vart det gjort endringar i kapittel 8 i opplæringslova, der mellom anna føresegna om klassar og klassesdelingstal vart oppheva og erstatta med ei føresegn i opplæringslova § 8-2 om at elevane kan delast inn i grupper etter behov. Ifølgje § 8-2 må gruppene ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal ta vare på elevane sitt behov for sosialt tilhør, og til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Kvar elev skal vere knytt til en lærar (kontaktlærar) som har eit særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.

Kva som er pedagogisk forsvarleg i den konkrete opplæringssituasjonen, må vurderast etter skjønn. Behovet for tilpassing må vurderast konkret ut frå at alle elevar skal ha tilfredsstillande læringsutbytte. I forarbeida til føresegna er det peikt på at ein i den skjønnsmessige vurderinga må sjå gruppestørleiken i høve til ulike faktorar. Det vil for eksempel kunne avhenge av elevsammansetjinga, der det er lagt vekt på både individuelle og kollektive eigenskapar og aldersblanding. Vidare vil føresetnadene til og talet på det pedagogisk personalet, det temaet det skal givast opplæring i, kva for arbeidsform som blir nytta og dei fysiske rammevilkåra ha betydning. Vurderinga vil derfor kunne variere over tid.

Målet er heile tida å setje saman grupper slik at det gir eit best mogleg utgangspunkt for læring for alle elevane. Sjå også departementet sine vurderingar i kapittel 2.4 i Ot.prp. nr. 67 (2002–2003) om endringar i opplæringslova, «Om større lokal handlefridom i grunnopplæringa».

Føresegna i opplæringslova § 8-2 gjeld tilsvarende for private grunnskolar godkjende etter opplæringslova, jf. opplæringslova § 2-12 tredje ledd.

Friskolelova har ingen regel som tilsvarende opplæringslova § 8-2 om organisering av elevane. Etter friskolelova § 3-4 skal likevel opplæringa «tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte

eleven». Opplæringslova har ein tilsvarende regel om tilpassa opplæring i § 1-2 femte ledd. Sjølv om det ikkje er uttrykkeleg uttalt i friskolelova, inneber kravet om tilpassa opplæring at elevane må delast inn i grupper som har forsvarleg storleik.

13.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet viste departementet til at det er ei rekkje føresegner i opplæringslova som også er gjorde gjeldande for friskolane. Men dei tidlegare reglane om klassesdelingstal som gjaldt for den offentlege skolen, vart ikkje gjorde gjeldande for friskolane:

«Bakgrunnen for dette er at departementet mente at de klassesdelingstallene som gjaldt for den offentlige skolen ikke uten videre vil passe for de frittstående skolene. Se vurderingene fra departementet i punkt 6.4 Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskoleloven.

Da den tidligere bestemmelsen i opplæringsloven om klasser og klassesdelingstall ble opphevet og erstattet med en skjønnbasert reguleringsform, jf. opplæringsloven § 8-2, ble det ikke samtidig vurdert om det skulle inntas en tilsvarende bestemmelse i friskoleloven.

Departementet foreslo i høringsbrevet at det også i privatskoleloven § 3-4 presiseres at gruppestørrelsen må være pedagogisk og trygghetsmessig forsvarlig. Som følge av forslaget om å lovfeste krav om forsvarlig gruppestørrelse, er det naturlig at det også lovfestes for de private skolene at organiseringen skal ivareta elevene sitt behov for sosial tilhørighet og at organiseringen til vanlig ikke skal skje etter faglig nivå, kjønn eller etnisk tilhørighet. Som følge av forslaget foreslås det også en endring i § 5-3 om elevråd, jf. også opplæringsloven § 11-2 om elevråd ved grunnskoler.

Opplæringsloven har i § 8-2 annet ledd en bestemmelse om at hver elev skal være knyttet til en kontaktlærer. Departementet gjorde i høringsbrevet oppmerksom på at det vurderer å lovfeste en tilsvarende bestemmelse for private skoler, og ba særskilt om høringsinstansenes syn på dette spørsmålet.»

13.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av høringsinstansane er positive eller har ingen merknader til høringsforslaget.

Vest-Agder fylkeskommune, som er blant dei fylkeskommunane som støttar forslaget, uttaler:

«Elever i private skoler bør så langt det er mulig ha de samme rettigheter som i offentlige skoler. Bestemmelsen om kontaktlærer bør derfor også gjelde for private skoler.»

Dei av friskoleorganisasjonane og friskolane som uttaler seg, er også samde i forslaget. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* seier:

«Selv om det ikke er fremsatt påstander om at manglende formuleringer i dagens friskolelov har skapt problemer, så er det for NFFL helt innlysende at elevene skal ha likeverdige rammer for sin opplæring, uavhengig av om skoleeieren er offentlig eller privat.»

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) har følgende kommentar til spørsmålet om kontaktlærer:

«FUG støtter at ordningen med kontaktlærer også skal gjelde skoler etter denne lov. Det er viktig for foreldrene å vite at ansvaret som en kontaktlærer har i den offentlige skolen, bl.a. når det gjelder kontakten med hjemmet, også finnes ved disse skolene. Det gir trygghet for foreldrene å kjenne til hvem en skal forholde seg til fra første dag barnet er på skolen.»

13.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår i samsvar med høringsforslaget at det blir presisert i § 3-4 andre ledd at elevgruppene ikkje må vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. I samsvar med høringsforslaget foreslår departementet også at det blir lovfesta i den same føresegna at organiseringa skal ta vare på elevane sitt behov for sosialt tilhør, og at organiseringa ikkje skal skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.

På bakgrunn av fråsegnene frå høringsinstansane går departementet inn for at det blir teke inn ei føresegn i § 3-4 tredje ledd om at kvar elev skal vere knytt til ein kontaktlærer. Elevar i private skolar får såleis same rett som elevar i offentlege skolar til å vere knytte til ein lærar som har eit særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.

Departementet legg etter dette fram forslag til nytt andre og tredje ledd i § 3-4. Som følgje av dette forslaget foreslår departementet også ei endring i §§ 5-3 første ledd om elevråd og § 6A-7. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

14 Offentleg tilskot og skolepengar

14.1 Offentleg tilskot til skolar og skolepengar

14.1.1 Gjeldande rett

Skolar som er godkjende etter friskolelova, har rett til statleg tilskot utrekna etter kapittel 6 og tilhørande forskrifter. Det er forskjellige tilskotsordningar for kvar skoletype. Hovudregelen er at skolarne får statstilskot med 85 prosent av eit tilskotsgrunnlag per elev, jf. §§ 6-1 og 6-3. Til grunn for tilskotsgrunnlaget ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skolen. Tilskotsgrunnlaget blir korrigert for utgifter som den offentlege skolen har, men som ikkje skal inngå i tilskotsgrunnlaget.

Tilskotsgrunnlaget blir utrekna særskilt for barnetrinnet, ungdomstrinnet og dei ulike utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring. Små grunnskolar får eit høgare tilskotsgrunnlag per elev enn store skolar. Vidare blir tilskotsgrunnlaget for grunnskolarne justert slik at det blir teke omsyn til forskjellar mellom utgiftene i den kommunen der skolen ligg og utgiftene på landsbasis. For dei frittståande grunnskolarne varierer tilskotsgrunnlaget ut frå både kor stor skolen er og i kva for ein kommune skolen er lokalisert (kommune-korreksjonsfaktoren). Denne justeringa av tilskotet skal liggje innanfor ei maksimal ramme på +/- 7 prosent.

Norges Byggscole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Maritime vidaregåande skole får tilskot tilsvarande 85 prosent av eit godkjent budsjett.

Lova har eigne føresegner om statstilskot til skolar for funksjonshemma og til skolar som er godkjende etter kapittel 6A, jf. §§ 6-6 og 6A-8.

14.1.2 Om særskilde budsjettvedtak

Enkelte skolar får, i tillegg til lovheimla tilskot etter friskolelova, tilskot etter særskilt budsjettvedtak. Wang og Norges Toppidrettsgymnas får toppidrettstilskot for maksimalt 810 elevar i tillegg til det lovheimla tilskotet. Kongshaug musikkgymnas har også i fleire år fått eit ikkje-lovheimla statstilskot i tillegg til tilskotet etter friskolelova.

Det har vore stilt spørsmål ved om skolar for funksjonshemma har lovheimla krav på tilskot til husleige. Departementet finn det klart at skolarne for funksjonshemma ikkje har krav på offentlig tilskot til dekning av husleigeutgifter. Etter 2003 er det ikkje løyvd midlar til auke av husleigeutgifter over statsbudsjettet, med unntak av den kortvarige ordninga med tilskot til kapitalkostnader hausten 2005.

14.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«I Soria Moria-erklæringen har Regjeringen sagt at de vil gjennomgå støtteordningene knyttet til private skoler.

Dagens ordning med statstilskudd til frittstående skoler med differensiert tilskuddsgrunnlag er forholdsvis komplisert. Departementet har vurdert om det er hensiktsmessig å foreta endringer i dagens ordning. Departementet mener at tilskuddsgrunnlaget fortsatt bør være gjennomsnittlige driftsutgifter per elev i den offentlige skolen. Videre bør en ordning med differensiert tilskuddsgrunnlag likebehandle private skoler som er godkjent på samme grunnlag. Departementet vil ikke foreslå endringer i dagens ordning med differensiert tilskuddsgrunnlag.

For de frittstående grunnskolene varierer tilskuddsgrunnlaget både ut fra i hvilken kommune skolen er lokalisert og hvor stor skolen er. Begrunnelsen for å innføre kommunalt differensierte satser var at man ønsket størst mulig likebehandling av en offentlig og en frittstående skole som lå i samme kommune. Departementet har mottatt tilbakemelding fra enkelte frittstående skoler om at ordningen med kommunalt differensiert tilskuddsgrunnlag oppleves som lite forutsigbar og urettferdig. Departementet ønsker fortsatt størst mulig grad av likebehandling av offentlige og private skoler med rett til statstilskudd og vil ikke foreslå endringer i ordningen med kommunalt differensiert tilskuddsgrunnlag.

I forhold til Norges Byggscole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Mari-

time videregående skole vil departementet arbeide videre med å vurdere tilskuddsordningen, se punkt 16 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskoleloven og punkt 2.3 i Innst. O. nr. 80 (2002–2003) med samme tittel.

Departementet foreslår en del redaksjonelle endringer i kapittel 6 i loven. Endringen er i all hovedsak en sammenslåing og flytting av bestemmelser [...]

Videre foreslår departementet at forskriftshjemlene i gjeldende friskolelov presiseres i §§ 6–1 og 6A–8. Etter forslaget skal forskriftshjemlene være dekkende med hensyn til å gi forskrifter om rapportering av elevtall og dokumentasjon for elevtall, herunder at elevene følger godkjent opplæring.»

14.2.1 Synspunkta frå høringsinstansane

Av dei høringsinstansane som har uttalt seg, støttar eit stort fleirtal forslaget og er positive til å føre vidare ei tilskotsordning differensiert etter skoletype.

Av dei høringsinstansane som har uttalt seg om ordninga med kommunekorreksjonsfaktor, er det eit stort fleirtal som ønskjer at denne ordninga blir avvikla. Motførestellingane mot ordninga kjem frå *Kristne Friskolers Forbund*, *Norsk Montessoriforbund*, *Bjerkely skole*, *Katolske skoler i Norge*, *Ryenberget skole*, *Halden friskole*, *Skauen kristelige skole*, *Romsdals Ungdomsskole*, *Granly skole*, *Norsk Lærerakademi* og *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon*.

Fleire av dei som har motførestellingar mot kommunekorreksjonsordninga, meiner at ho er lite føreseieleg for skolane. Vidare blir det peikt på at skolane har heile landet som inntaksområde, og derfor ikkje bør ha lokal tilskotsordning.

Kristne Friskolers Forbund uttaler mellom anna:

«Vi mener at skoleslag som har hele landet som inntaksgrunnlag ikke skal ha en lokal tilskuddsordning. Det logisk riktige vil være å bruke landsgjennomsnitt som tilskuddsgrunnlag.»

Norsk Montessoriforbund seier:

«Norsk Montessoriforbund er skeptisk til praktiseringen av kommunekorrigert tilskudd til privatskolene. En viktig grunn er kvaliteten på KOSTRA-tallene. Dersom systemet med å korrigere statstilskotet for utgiftene til grunnskolene i den kommunen friskolen ligger i skal opprettholdes, må det legges til rette for gode rutiner for oppretting av feil som skyldes feilkilder i KOSTRA. Det er fremkommet flere

eksempler på slike forhold. Privatskolene må ikke lide for feilrapportering fra kommunene ».

Bjerkely skole uttaler:

«Positivt at tilskuddsordningene i hovedsak opprettholdes. Men de siste års praksis med kommunekorreksjonsordning har vist seg å føre til svært liten forutsigbarhet for skolene. Kommunefaktoren varierer ofte svært mye fra år til år. Vi foreslår at denne ordningen fjernes».

Dei høringsinstansane som ønskjer å føre vidare ordninga med kommunekorreksjonsfaktor, er *Utdanningsforbundet*, *KS* og *Barneombudet*. *Ele-vorganisasjonen* seier at han ønskjer at ei tilsvarende ordning bør innførast for utrekning av tilskot til dei frittstående vidaregåande skolane.

14.2.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Ordninga i dag, med statstilskot til frittstående skolar med differensiert tilskotsgrunnlag etter skoletype, er forholdsvis komplisert. Departementet har vurdert om det er formålstenleg å gjere endringar i ordninga. Departementet meiner at tilskotsgrunnlaget framleis bør vere gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skolen. Vidare bør ei ordning med differensiert tilskotsgrunnlag behandle skolar som er godkjende på same grunnlag, likt. Departementet vil derfor ikkje foreslå endringar i den ordninga vi har i dag, med tilskotsgrunnlag differensiert etter skoletype.

Det har vore stilt spørsmål ved om skolar for funksjonshemma har lovheimla krav på tilskot til husleige. Departementet finn det klart at skolane for funksjonshemma ikkje har lovheimla krav på statstilskot til dekning av husleigeutgifter, og viser til at det etter 2003 ikkje er løyvd midlar til auke av husleigeutgifter over statsbudsjettet, med unntak av den kortvarige ordninga med tilskot til kapital-kostnader hausten 2005.

Når det gjeld Norges Byggscole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Maritime videregående skole, vil departementet arbeide vidare med å vurdere tilskotsordninga, sjå kapittel 16 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova og kapittel 2.3 i Innst. O. nr. 80 (2002–2003) med same tittel.

Departementet viser til forslaget i høringsbrevet om å føre vidare ei ordning med kommunekorreksjonsfaktor i utrekninga av tilskotssatsane til grunnskolane. Til dei argumenta høringsinstansane legg fram mot ordninga, vil departementet gjerne kommentere argumentet om at skolar som har heile landet som inntaksområde, ikkje bør

ha lokal tilskotsordning. Dette argumentet meiner departementet er mindre relevant, fordi utgiftene for skolane ikkje er avhengige av kvar i landet elevane kjem frå, men av lokale forhold. Departementet ser likevel at ordninga med kommunekorreksjonsfaktor kan verke lite føreseieleg for skolane, og at ordninga er sårbar for feilføringar i KOSTRA. Departementet meiner det er viktig å leggje til rette for ei føreseieleg ordning for desse skolane, og vil derfor sjå nærmare på ordninga med kommunekorreksjonsfaktor.

I lys av desse vurderingane og dei erfaringane departementet gjorde i samband med framlegginga av St.prp. nr. 39 (2006–2007) om endringar på statsbudsjettet for 2007 under Kunnskapsdepartementet (omhandlar forslag til endring av satsane for dei frittstående grunnskolane i 2007), ønskjer departementet å setje i gang ei gjennomgåing av heile modellen for utrekning av tilskot til grunnskolar som er godkjende etter lova, både sjølve modellen for utrekning av satsar for små, mellomstore og store skolar fordelte på barnetrinn og ungdomstrinn, og ei gjennomgåing av ordninga med kommunekorreksjonsfaktor. Arbeidet vil bli gjort i samarbeid med friskoleorganisasjonane.

Departementet legg etter dette fram forslag om at den lovheimla kommunekorreksjonsfaktoren i § 6-1 blir teken ut av lova. Vidare foreslår departementet at denne føresegna blir erstatta av ein forskriftsheimel, slik at departementet kan gi ei tilsvarende føresegn i forskrift. Når gjennomgangen av utrekningsmodellen er gjennomført, og Stortinget er orientert på eigna måte, vil departementet ta stilling til om forskriftsføresegna skal først vidare.

Av omsyn til det brukarvennlege foreslår departementet ein del redaksjonelle endringar i kapittel 6 og § 6A-8. Endringa er i all hovudsak ei samanslåing og flytting av føresegner. Departementet foreslår vidare at forskriftsheimlane i §§ 6-1 og 6A-8 blir presiserte. Etter forslaget skal forskriftsheimlane vere dekkjande for å gi forskrifter om rapportering av elevtal og dokumentasjon for elevtal, under dette at elevane følgjer godkjend opplæring. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

Når det gjeld lovfesting av ansvar for nødvendige trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring, vil det bli fremma forslag om dette i ei anna proposisjon.

14.3 Krav til korleis skolane bruker offentlege tilskot og skolepengar

14.3.1 Gjeldande rett

Det går fram av friskolelova §§ 6-2 første ledd, 6-4 første ledd og 6A-8 første ledd at

«Alle offentlege driftstilskot og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode.»

Det er presisert i føresegnene at dette mellom anna inneber forbod mot utbetaling av utbytte eller andre former for overføringar til eigarane eller deira nærstående. Som det går fram av ordlyden, gjeld restriksjonane berre midlar som stammar frå offentlege tilskot, og skolepengar. Retten til å drive anna verksemd enn skole etter lova, er avgrensa, jf. friskolelova § 1-4. Departementet viser elles her til kapittel 10.1.

14.3.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«Kontrollhensyn og hensynet til å begrense muligheten for kommersiell drift taler for å fastsette et generelt forbud mot overføringer til eierne. Formålet med endringen vil i tilfelle være å få en bestemmelse som gir et klart og tydelig forbud mot overføringer til eier eller deres nærstående, og som er enkel å kontrollere gjennom tilsyn. En slik bestemmelse vil videre være i samsvar med lovens generelle utgangspunkt om at alle bidrag skal komme elevene til gode. Strammere restriksjoner på bruken av midlene vil dessuten bidra til å forebygge mulig kommersielt motivert skoleetablering og lekkasje av offentlige tilskudd.»

I høringsforslaget bad departementet om høringsinstansane sitt syn på om lova bør leggje ytterlegare restriksjonar på høvet til uttak av midlar frå skolen.

14.3.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Fleirtalet av dei høringsinstansane som har uttalt seg på dette punktet, støttar forslaget. Dei frittstående skolane og friskoleorganisasjonane har ein del innvendingar, men støttar i hovudsak prinsippet om at vederlagsfrie overføringar til eigar eller nærstående skal vere forbode.

Fleirtalet av kommunane støttar forslaget. *Oslo kommune* skriv mellom anna:

«Oslo kommune mener at det er viktig å unngå spekulasjoner om motiv for etablering av private skoler. Lovens bestemmelser knyttet til disse forhold bør derfor være restriktive.»

Skolenes landsforbund uttaler mellom anna:

«Det er viktig med sterkest mulig bestemmelser for å forebygge mulig kommersielt motivert skoleetablering og lekkasje av offentlige tilskudd.»

Barneombudet viser til den eksisterande føresegna om at «Alle offentlege driftstilskot og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode», og skriv mellom anna:

«I den grad det er tegn som tyder på at dette forbudet kan uthules eller at det ikke overholdes, vil Barneombudet støtte et mer eksplisitt og generelt forbud mot overføring til eierne. Videre er det viktig at et slikt forbud følges av enkle og vanntette kontrollrutiner.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF) meiner at ei eventuell føresegn uansett ikkje må ramme tilfelle der eigaren leiger ut lokale til skolane for ein pris som tilsvarar marknadsleige. Forbundet meiner vidare at føresegner som hindrar at skolane kan betale eigaren for tenester som eigaren yter, gir friskolane eit handicap samanlikna med fellestenester i fylke og kommunar.

KFF skriv mellom anna:

«Vi støtter fullt ut at det ikke skal overføres midler fra en friskole til eier, men å stenge for overførsel av gaver gitt til skolen og reelle priser på tjenester, mener vi er helt unødvendig.»

Vidare uttaler KFF:

«Hvis det skjer «kommersielt motivert skoleetablering og lekkasje av offentlige tilskudd i dag», så skjer det fordi noen bryter loven og myndigheten ikke klarer å avsløre dette lovbruddet. Å innføre nye lovregler vil ikke forandre denne situasjonen. De som bryter nåværende lov vil ikke i mindre grad bryte loven om nye lovregler innføres.»

Forbundet foreslår at det heller blir stilt krav om at berre non profit-eigarar kan eige friskolar, eventuelt at skolane er sjøveigande (stiftelsar eller non profit-organisasjonar).

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) meiner at overføring til eigarar bør kunne skje når dette er betaling for tenester som eigarane yter. I høringsfråsegna skriv NFFL mellom anna:

«Vårt råd til lovgiverne er altså at det skal være et forbud mot å ta utbytte i aksjelovens forståelse av begrepet, eller overføre eller låne ut penger fra virksomheten til skoleeier eller dens nærstående. Men samtidig bør det åpnes for at en godkjent privat eid skole må kunne delta i eller stå ansvarlig for et bredt spekter av aktivi-

teter knyttet til skolevirksomheten, forutsatt at slike aktiviteter dokumenteres og rapporteres på forsvarlig måte. Og skoleeier må kunne selge sine tjenester til skolevirksomheten, for priser som er vurdert som markedsstilpassede. Eventuelt bør det kunne vurderes et pålegg om å innhente anbud, dersom tjenesten er av en slik art at den kan konkurranseutsettes.»

14.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Føresegna om at «Alle offentlege driftstilskot og skolepengar skal kome elevane til gode», inneber at midlar frå desse inntektskjeldene ikkje kan overførast til eigar eller nærstående eller på annan måte førast ut av skoledrifta. Høvet til å drive anna verksemd enn skole er sterkt avgrensa. Lova gir likevel skolane høve til framleis å drive skolefritidsordning og internat. Skolane kan dessutan ha andre inntekter i skoledrifta enn statstilskot og skolepengar, for eksempel inntekter frå sal av elevprodukt. Det vil derfor vere mogleg for skolane å ha inntekter som ikkje blir ramma av dei restriksjonane som er knytte til offentlege driftstilskot og skolepengar.

Kontrollomsyn tilseier at det bør vere restriksjonar på alle overføringar frå skolane. I somme tilfelle kan det vere vanskeleg å dokumentere om midlane stammar frå offentlege tilskot eller skolepengar. Eit totalforbod vil vere enklare å handtere, fordi det da vil vere klart at alle overføringar som ikkje er vederlag for kjøp av varer eller tenester, er forbodne. Departementet meiner dessutan at også andre inntekter i skoledrifta enn statstilskot og skolepengar bør komme elevane til gode.

Risikoen for misbruk er størst ved overføringar til eigar eller nærstående. Dette forholdet bør derfor ha spesiell merksemd. Eit generelt forbod mot overføringar til eigar eller nærstående er dessutan ei markering av at skolar som får statstilskot etter lova, ikkje skal vere kommersielle. Forbudet vil fjerne kommersielle motiv for drift etter lova. Departementet vil presisere at overføring til eigaren heller ikkje vil vere aktuelt når skolen er registrert som stiftelse eller foreining, fordi desse rettssubjekta er eigarlaus og det følgjeleg ikkje er eigarar å overføre til.

Dei innvendingane som er komne i høringsrunden, har oftast gått på at forbod mot overføringar ikkje må ramme høvet til å ta betaling for varer og tenester. Departementet vil streke under at ein ikkje ønskjer å hindre reelle kjøp av varer og tenester på dokumenterte marknadsmessige vilkår. Marknadsmessige vilkår betyr i denne samanheng også vilkår som ikkje gir nærstående forteneste

utover det som er normalt. På den andre sida er det klart at for eksempel transaksjonar mellom nærstående eller i konsernforhold som elles er tillatne etter aksjelova, kan føre til at offentlege tilskot eller skolepengar frå elevane ikkje kjem elevane til gode. Eit typisk døme på noko som vil vere ulovleg etter §§ 6-3 og 6A-8, er «konsernbidrag» frå tilskotsmottakar etter aksjelova § 8-5, eller gåver frå tilskotsmottakar til utanforstående etter aksjelova § 8-6. Slike transaksjonar vil vere forbodne, fordi lova krev at offentlege tilskot og skolepengar frå elevane skal komme elevane til gode.

Departementet ser elles at eit generelt lovforbod mot overføringar til eigar eller nærstående kan ramme skolane ulikt. Det er derfor nødvendig å ha full oversikt over konsekvensane for dei enkelte skolane før ei slik føresegn blir vedteken. Konsekvensane av ei slik lovføresegn må greiast nærmare ut. Departementet legg vekt på å sikre at enkeltaktørar ikkje kjem urimeleg ut. Føresegner om generelt forbod mot overføringar til eigar eller nærstående er derfor ikkje tekne inn i lovforslaget. Departementet foreslår likevel nokre redaksjonelle endringar i kapittel 6 og § 6A-8, jf. kapittel 14.1.5.

14.4 Tilskot til skyss og innlosjering i utlandet

14.4.1 Gjeldande rett

Kapittel 7 i opplæringslova omhandlar skyss og innlosjering. Formålet med reglane er å sikre elevane lik rett til opplæring, uavhengig av foreldra sin økonomi og bustad. Retten til skyss for elevar i frittstående skolar i Noreg er regulert i friskolelova § 3-7 første ledd.

Det går fram av friskolelova §§ 3-7 tredje ledd og 6-1 siste ledd at norske grunnskolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering for elevane. Departementet kan gi forskrifter om utrekning av skyssavstanden og utgiftsgrunnlaget for skyss og innlosjering. Slik forskrift er ikkje gitt.

14.4.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget vart det vist til at gjeldande ordning er:

«[...] skyssatsen [er] kr 42 kr pr. skoledag og innlosjeringssatsen er inntil kr 17,20 per elevdøgn. Statstilskuddet utgjer 85 prosent av disse satsene.»

Vidare vart det vist til at

«Utrekningen av skyssavstand og utgiftsgrunnlag for skyss og innlosjering innebærer en forholdsvis omfattende administrasjon for skolene i utlandet og staten v/Fylkesmannen i Oslo og Akershus.»

Det vart også peikt på at

«[...] norske borgere som velger å bosette seg i utlandet må som hovedregel benytte de offentlige tjenestene i det landet de flytter til. Dersom det finnes en norsk privat skole på stedet og foreldrene ønsker at barna skal benytte dette tilbudet, mener departementet at det er rimelig at foreldrene selv dekker ev. kostnader i forbindelse med skyss og innlosjering.»

Departementet foreslo på denne bakgrunn at tilskotsføresegnene i friskolelova §§ 3-7 tredje ledd og 6-1 siste ledd ikkje skulle forast vidare. Departementet foreslo også at det vart presisert i § 3-7 om skyss m.m. at føresegna ikkje gjeld for elevar ved norske skolar.

14.4.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane har ingen merknader eller uttaler seg ikkje til dette forslaget.

Av dei høringsinstansane som har uttalt seg, går eit fleirtal imot forslaget. Dei som går imot forslaget, er *Norske Utenlandsskolars Forening*, *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*, *Norsk Luthersk Misjons-samband*, *Den norske skole Costa Blanca*, *Den Norske Skole Grand Canaria*, *Den Norske Skolen i Rojales* og *Norsk Lærerakademi*. KFF uttaler seg slik:

«KFF mener at når norske elever har rett til skyss ved en friskole i Norge, må norske elever også ha rett til skyss ved en godkjent utenlandsskole og/eller innlosjering. Departementet argumenterer med at ordningen er kostbar. Det har vi vanskelig for å forstå all den tid det er et svært lavt antall elever dette gjelder hvert år. KFF foreslår at gjeldende ordning videreføres.»

Den norske skole Costa Blanca uttaler:

«Det er diskriminerende å utelukke noen elevgrupper. Både elever på norske grunn- og videregående skoler bør få skystilbud.»

14.4.4 Departementets vurderingar og forslag

Norske borgarar som vel å busetje seg i utlandet, må som hovudregel nytte dei offentlege tenestene i det landet dei flytter til. Dersom det finst ein norsk privat skole på staden, og foreldra ønskjer at barna skal nytte dette tilbodet, meiner departementet det

er rimeleg at foreldra sjølv dekkjer eventuelle kostnader i samband med skyss og innlosjering.

I samsvar med høringsutkastet legg departementet etter dette fram forslag om at statstilskotet til skoleskyss og innlosjering i utlandet ikkje blir vidareført. Vidare foreslår departementet at det blir presisert i § 3-7 at denne føreseigna ikkje gjeld for elevar ved norske skolar i utlandet. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

14.5 Tilskot til skolepengar og kompletterande undervisning

14.5.1 Gjeldande rett

Friskolelova § 6-5 omhandlar offentleg tilskot til kompletterande undervisning og delvis dekning av skolepengar. Offentleg tilskot til kompletterande undervisning kan givast til elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet. Tilskot til delvis dekning av skolepengar kan givast til elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar i Noreg eller i utlandet. Tilskota kan ikkje givast til elevar i frittståande skolar. Departementet har heimel for å gi nærare forskrift om tilskotsordningane.

Med heimel i friskolelova § 6-5 har departementet gitt forskrift om offentleg tilskot til skolepengar, jf. § 9-1 i forskrifta til friskolelova. Tilskotsordninga er forvalta av Lånekassen.

Tilskot til delvis dekning av skolepengar er ei utdanningsstøtte til elevar. Etter §§ 4 og 5 i utdanningsstøttelova har departementet heimel for å gi forskrifter om vilkår for godkjenning av utdanning som gir rett til støtte og tildeling av utdanningsstøtte. Vidare går det fram av § 6 første ledd første punktum at

«I tillegg til støtte til livsopphold kan det gis stipend og/eller lån til andre utgifter i forbindelse med utdanningen, herunder skolepenger og reisestøtte.»

Departementet har ikkje gitt forskrift om tilskot til kompletterande undervisning.

14.5.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet at det

«[...] mener at tilskudd til delvis dekning av skolepenger naturleg høyrer hjemme i det regelverket som omhandlar utdanningsstøtte, og det er ikke hensiktsmessig at denne utdanningsstøtten reguleres annerledes enn øvrig utdanningsstøtte. Departementet foreslår derfor

ikke at forskriftshjemmelen i friskoleloven § 6-5 om delvis tilskudd til skolepenger videreføres i privatskoleloven.

Også tilskudd til kompletterande undervisning er regulert i friskoleloven § 6-5. Når det gjelder denne tilskuddsordninga foreslår departementet at det presiseres i loven at tilskudd ikkje kan gis til elevar ved private skolar med rett til statstilskudd etter privatskoleloven. Det vises for øvrig til forslag til ny § 6-4.»

14.5.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Få av høringsinstansane har uttalt seg om dette punktet. Dei som har uttalt seg, er *Fylkesmannen i Oslo og Akershus*, *Norsk Luthersk Misjonssamband*, *Norsk Nettskole AS* og *Unio*.

Fylkesmannen i Oslo og Akershus, som forvaltar ordninga med statstilskot til kompletterande undervisning, kjem med forslag til ny lovtekst for at det skal komme klarare fram kven ordninga omfattar.

Unio uttaler:

«Unio er enig i at delvis dekking av skulepenger naturleg høyrer heime i regelverket for utdanningsstøtte og støttar at tilskot til kompletterande undervisning ikkje kan gjevast til elevar i private skular med statstilskot.»

Norsk Luthersk Misjonssamband seier dei er glade for at støtta til kompletterande undervisning blir halden oppe.

14.5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner at tilskot til delvis dekning av skolepengar naturleg høyrer heime i det regelverket som omhandlar utdanningsstøtte, og det er ikkje formålstenleg at denne utdanningsstøtta blir regulert annleis enn anna utdanningsstøtte. Departementet foreslår derfor ikkje at forskriftshjemmelen i § 6-5 om delvis tilskot til skolepengar blir ført vidare i lova.

Departementet foreslår at tilskot til kompletterande undervisning framleis skal regulerast i lova, men at det blir presisert i lova at slikt tilskot ikkje kan givast til elevar ved skolar med rett til statstilskot etter privatskolelova. Av redaksjonelle omsyn foreslår departementet at føreseigna blir flytta til § 6-4.

Departementet legg etter dette fram forslag til endra § 6-4 i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

15 Krav til rekneskapsføring m.m.

15.1 Gjeldande rett

Friskolelova § 7-1 fastset at skolane må leggje fram «budsjett, rekneskap og revisjon etter forskrifter fastsette av departementet». Nærmare krav til rekneskapen er fastsett i økonomiforskrift til friskolelova. I § 3 første ledd i forskrifta er det fastsett:

«Alle skolar som driv verksemd etter friskolelova, skal føre rekneskap. Rekneskapsføringa skal vere i samsvar med rekneskapslova og bokføringslova. Kontoplanen skal byggje på Norsk Standard 4102 med eigne konti for skolepengar og statstilskot.»

15.2 Høringsforslaget frå departementet

I departementets høringsbrev stod det:

«De fleste private skolene i Norge vil være pålagt å følge regnskapsloven som følge av at de er regnskapspliktige etter regnskapsloven. Det kan imidlertid tenkes at enkelte skoler faller utenfor regnskapslovens bestemmelser om regnskapsplikt. Privatskoleloven bør derfor fastslå at skolene skal følge regnskapsloven.

Ved å innta i loven en bestemmelse om plikt til å følge regnskapsloven, vil de reglene for rekneskapsføring som er gitt i regnskapsloven og forskrifter til denne automatisk bli gjort gjeldende for skolene. Departementet slipper dermed å gi detaljerte regler om rekneskapsføring i forskrifter til loven. Bruk av regnskapslovens prinsipper har også den fordel at revisor er fortrolig med de prinsippene som benyttes.

Norske skoler i utlandet kan få en del merarbeid som følge av krav om å følge norsk regnskapslov, da disse skolene også må utarbeide rekneskap i henhold til lovgivningen i de landene der skolene holder til. Skolene i Europa vil her dra nytte av at regnskapslovgivningen i EØS-området er blitt tilpasset felles EU-regelverk. Regnskapslovgivningen i de ulike landene bygger derfor på de samme prinsippene.

Merarbeidet kan potensielt bli større for skoler utenfor Europa. Samtidig er departementets behov for å få et regnskap etter norsk

lovgiving størst der skolen holder til i et land med regnskapslovgivning som er svært avvikende fra den norske. De som skal føre tilsyn med skolene, vil ha behov for å kunne forholde seg til kjente regnskapsprinsipper. Dessuten varierer det hvor god regnskapslovgivning de ulike landene der skolene holder til har. For å sikre en tilfredsstillende kvalitet på regnskapene slik at regnskapene kan brukes for kontrollformål, er det etter departementets vurdering nødvendig å stille krav om at private skoler med rett til statstilskudd følger norsk regnskapslovgivning.

Det er ikke gitt bestemmelser om bokføring og dokumentasjon av bokføring i regnskapsloven, men i en egen bokføringslov. Denne loven gjelder i henhold til § 2 «Enhver som har regnskapsplikt» etter regnskapsloven. Revisorloven har tilsvarende bestemmelse om at kravene til revisjon gjelder regnskapspliktige etter regnskapsloven

Departementet foreslår at det lovfestes i privatskoleloven § 7-1 at skolene skal følge regnskapsloven, bokføringsloven og revisorloven.

Statistisk sentralbyrå (SSB) trenger regnskapsdata fra de private skolene etter samme prinsipper som gjelder for kommunenes rapportering til Kostra. Slik rapportering vil gjøre det mulig å utarbeide statistikk der det kan gjøres sammenligninger av ressursbruken i private og offentlige skoler. Rapportering fra private skoler er videre nødvendig for å få et totalbilde av ressursbruken i norsk skole, som kan brukes i internasjonale sammenligninger.

Rapportering til SSB vil måtte medføre noe ekstraarbeid for skolene. Ved noen skoler kan det bli nødvendig å gjøre tilpasninger i regnskapssystemene, noe som kan medføre en mindre ekstrakostnad i en innføringsfase. Ulemper for skolene i form av kostnader og ekstraarbeid vil trolig ikke være store.

Departementet mener at det bør være en forskriftshjemmel i privatskoleloven med hen syn til krav til rapportering fra de private skolene som mottar statstilskudd. Konsekvensene av å sette slike rapporteringskrav må vurderes nærmere før det eventuelt blir fastsatt forskriftsbestemmelser om rapportering, og et eventuelt forslag til forskrift om rapportering av informasjon om ressursbruk og tjenestepro-

duksjon til bruk i nasjonale informasjonssystemer vil bli sendt på alminnelig høring på vanlig måte etter forvaltningsloven. Det vil imidlertid være upraktisk for departementet å måtte endre loven dersom det skal fastsettes rapporteringskrav for de private skolene. Departementet foreslår derfor at departementet får en forskriftshjemmel i privatskoleloven § 7-1 om rapportering av informasjon om ressursbruk og tjenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystemer.»

15.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Alle høringsinstansane som har kommentert forslaget, støttar forslaget om at det blir lovfesta at skolane skal følgje rekneskapslova, bokføringslova og revisorlova.

Til forslaget om at departementet får ein forskriftshjemmel i lova om rapportering til nasjonale informasjonssystem, har fleire frittstående skolar og friskoleorganisasjonar gitt høringsfråsegn med oppfordring til departementet om å samordne all rapportering frå skolane for å avgrense arbeidsbyrda for skolane.

15.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Plikt etter lova til å følgje rekneskapslova, bokføringslova og revisorlova vil innebære at reglane for rekneskapsføring, som er gitt i desse lovene med forskrifter, automatisk blir gjorde gjeldande for skolane. Departementet vil dermed sleppe å gi detaljerte reglar om rekneskapsføring i forskrift. Eintydige reglar om rekneskapsføring er ein føresetnad for effektiv kontroll med skolane. Bruk av prinsippa i rekneskapslova har også den fordel at revisorane ved skolane er fortrulege med dei prinsippa som blir nytta.

Dei fleste skolane i Noreg som er godkjende etter friskolelova, vil vere pålagde å følgje rekneskapslova som følgje av at dei er rekneskapspliktige etter rekneskapslova. Ei føresegn i lova som gjer rekneskapslovgivinga gjeldande for skolane,

har derfor ikkje konsekvensar for desse skolane. Norske skolar i utlandet kan få ein del meirarbeid som følgje av krav om å følgje norsk rekneskapslovgiving, sidan desse skolane også må utarbeide rekneskap i samsvar med lovgivinga i dei landa der skolane held til. Ingen av utanlandsskolane eller organisasjonane deira har kommentert forslaget i høringsrunden. Ulempene for skolane må uansett vegast mot fordelane ved felles krav til rekneskapsføringa.

Departementet har lagt vekt på at dei som skal føre tilsyn med skolane, har behov for å kunne halde seg til kjende rekneskapsprinsipp. Dersom det ikkje blir stilt krav til skolane utover det å følgje rekneskapslovgivinga der skolane er lokaliserte, vil det ikkje finnast minstekrav til kvaliteten av rekneskapen. Kravet om å følgje norsk rekneskapslovgiving er derfor nødvendig for å sikre tilfredsstillande kvalitet i rekneskapane, slik at rekneskapane kan brukast for kontrollformål.

For å kunne gjere samanlikningar av ressursbruk og tenesteproduksjon i private og offentlege skolar, er det nødvendig at dei private skolane rapporterer etter dei same retningslinjer som gjeld for offentlege skolar. Rapportering frå private skolar om ressursbruk og tenesteproduksjon er også nødvendig for at nasjonale informasjonssystem kan gi eit fullstendig bilete som kan brukast i internasjonale samanlikningar. Det trengst derfor ein forskriftshjemmel i lova om krav til rapportering frå skolar med rett til statstilskot etter lova. Konsekvensane av å stille slike rapporteringskrav må vurderast nærmare før det eventuelt blir fastsett forskriftsføresegner om rapportering, og eit eventuelt forslag til forskrift om rapportering av informasjon om ressursbruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem vil bli sendt til alminneleg høring på vanleg måte etter forvaltningslova.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringer i privatskolelova § 7-1 i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Som følgje av dette forslaget fremjar departementet også forslag til ei endring i § 6A-7. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

16 Tilsyn og sanksjonar

16.1 Gjeldande rett

Ifølgje friskolelova § 5-2 første ledd skal

«Styret [...] sjå til at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.»

Med gjeldande lover og forskrifter er meint norsk lovgiving generelt. Styret skal derfor sørge for at skolen blir driven i samsvar med ikkje berre friskolelova, men også med andre lover, som for eksempel likestillingslova, arbeidsmiljølova og marknadsføringslova.

Departementet skal føre tilsyn med frittstående skolar, jf. § 7-2 første ledd. Friskolelova § 7-2 andre og tredje ledd regulerer kva for sanksjonar departementet kan nytte ved brot på friskolelova, forskrifter gitt med heimel i friskolelova eller godkjenninga av skolen. Føresegnene må sjåast i lys av § 5-2, som tydeleg peiker ut styret som ansvarleg for at verksemda blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Dersom styret ikkje driv verksemda i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, vil det innebere eit brot på § 5-2. Sanksjon etter § 7-2 andre og tredje ledd kan setjast i verk utan at skolen først får høve til å rette forholda. Elles viser departementet til forvaltningslova § 16 om førehandsvarsling.

16.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttalte departementet:

«For å tydeliggjøre departementets sanksjonsmuligheter etter privatskoleloven, foreslår departementet at § 7-2 annet og tredje ledd flyttes til en ny § 7-2a.

Det vil være i strid med den allmenne rettsoppfatningen om departementet som skolemyndighet ikke reagerer dersom en privat skole helt åpenbart driver i strid med for eksempel likestillingsloven eller markedsføringsloven, og disse bruddene ikke er helt bagatellmessige. Dette vil også være et brudd på § 5-2. Det fremgår ikke eksplisitt av friskoleloven § 7-2 at brudd på annet relevant regelverk enn friskoleloven kan føre til sanksjoner etter

friskoleloven. For at det ikke skal råde tvil om dette, foreslår departementet at dette presiseres i ny § 7-2a.

Når det gjelder brudd på andre bestemmelser enn privatskoleloven, vil departementet presisere at sanksjonshjemmelen i privatskoleloven som hovedregel bare skal gjøres gjeldende sekundært, det vil si at håndhevende myndighet, for eksempel Forbrukerombudet (eventuelt Markedsrådet) eller Likestillings- og diskrimineringsombudet (eventuelt Likestillings- og diskrimineringsnemnda), har konstatert at det foreligger brudd på henholdsvis markedsføringsloven eller likestillingsloven. Vi viser til at Kunnskapsdepartementet kun skal føre tilsyn med at opplæringslovgivningen – i dette tilfelle privatskoleloven – følges. Det kan likevel ikke utelukkes at det også kan være behov for å benytte sanksjonshjemmelen i privatskoleloven også der andre myndigheter ikke har konstatert at det foreligger brudd på andre lover eller forskrifter enn privatskoleregelverket, for eksempel kan dette være aktuelt der skolen eies av et aksjeselskap og skolen bryter aksjeloven. For å unngå feilaktig rettspraktisering, er det imidlertid viktig at tilsynsorganet utviser en særlig varsomhet i disse tilfellene.

Tilsynsordningen etter privatskoleloven bygger på stikkprøvekontroll. Både av hensyn til elevene og tilskuddsforvaltningen, er departementet derfor helt avhengig av å ha tillit til de private skolene. Dersom en privat skole bryter andre lover og forskrifter enn privatskoleloven, bør departementets sanksjonsmuligheter etter privatskoleloven likevel begrenses til de tilfellene der bruddet er relevant for skolens drift etter privatskoleloven, det vil si der bruddet er av en slik art at det er egnet til å svekke departementets tillit til skolen etter privatskoleloven. Dette innebærer at departementet i det enkelte tilfelle må vurdere om bruddet på annet regelverk har betydning for departementets tillit til skolen som tilskuddsberettiget skole etter privatskoleloven. Villedende markedsføring rettet mot potensielle elever, er ett eksempel på brudd på markedsføringsloven som også kan være egent til å svekke departementets tillit til skolens drift etter privatskoleloven.

Ovennevnte er ikke til hinder for at det også settes i verk sanksjoner med hjemmel i det aktuelle lovverk som det er brudd på, for eksempel tvangsgebyr i henhold til markedsføringsloven § 16. I denne sammenheng vil departementet presisere at sanksjoner etter friskoleloven § 7-2 ikke omfattes av straffebegrepet, herunder forbudet mot dobbelstraff, i Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 6 Right to a fair trial, men er en konsekvens av at skolen gjennom sin opptreden har vist at den ikke har evnet å oppfylle de forutsetninger som lå til grunn for godkjenningen.

På bakgrunn av det ovennevnte foreslår vi at det presiseres i privatskoleloven at departementet har adgang til å vedta sanksjoner etter privatskoleloven også der skolen bryter andre lover og forskrifter og der dette bruddet svekker departementets tillit til skolen.»

16.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei høringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget. Alle fylkeskommunar som uttaler seg, er positive. Mellom desse er *Vestfold fylkeskommune*, som uttaler:

«Det bør lovfestes at departementet har adgang til å vedta sanksjoner mot skolen også når skolen bryter andre lover enn privatskoleloven og forskrifter, samt konvensjoner Norge er bundet av.»

Buskerud fylkeskommune legg mellom anna vekt på følgjande:

«Fylkeskommunen vil fremheve behovet for regler som styrker tilliten til opplæringsinstitusjoner og behovet for regler som kan bidra til et minimum av useriøse aktører på markedet.»

Alle kommunar som uttaler seg, støttar forslaget. Det same gjer fylkesmennene. *Fylkesmannen i Nord-Trøndelag* uttaler:

«Fylkesmannen støtter forslaget om at departementet skal ha adgang til å vedta sanksjoner etter privatskoleloven der skolen bryter andre lover og forskrifter.»

Alle friskolar og friskoleorganisasjonar som uttaler seg, er negative til forslaget. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL)* uttaler at

«Vi mener at i all saksbehandling skal forvaltningsloven følges. Dette må innebære at den samme myndigheten ikke kan opptre både som anklager, dommer og ankeinstans. Å kunne holde igjen den statlige støtten vil i praksis være å avsi en «dødsdom» overfor en skole.

NFFL mener at så drastisk tiltak ikke kan gjøres før det gjennom en solid saksbehandling, inklusive ankeretten i henhold til forvaltningslovens prosedyrer og kvalitetskrav, er bekreftet at lovbruddet har skjedd på en utilbørlig måte.»

Kristne Friskolers Forbund (KFF) har i hovedsak liknande innvendingar, og uttaler:

«KFF mener departementet har oversett viktige rettssikkerhetsaspekter. Det vil bedre rettssikkerheten om lovens endring innebar at det kun er i situasjoner der skolen har innrømmet brudd på andre lover, at departementet kan iverksette sanksjoner. I andre tilfeller må det en rettskraftig dom til før sanksjon ilegges.»

Forbrukarombudet støttar forslaget, og uttaler at

«Forbrukerombudet er positiv til at departementet foreslår at det eksplisitt skal fremkomme i ny § 7-2a, at forhold som er i strid med andre lover og forskrifter enn privatskoleloven, og som svekker tilliten til skolen, også skal kunne medføre sanksjoner etter privatskoleloven. Det vil, som departementet skriver, være i strid med den allmenne rettsoppfatning, dersom departementet som skolemyndighet ikke reagerer hvis en skole helt åpenbart handler i strid med for eksempel markedsføringsloven, og disse bruddene ikke er bagatelmessige.»

Til spørsmålet om sanksjonsheimelen i lova også kan nyttast der brot på marknadsføringslova ikkje er konstatert av ombudet, uttaler Forbrukarombudet:

«Det kan i visse tilfeller være behov for å benytte sanksjonshjemmelen i privatskoleloven, også der for eksempel Forbrukerombudet ikke har konstatert brudd på markedsføringsloven. Som departementet påpeker, er det imidlertid viktig at tilsynsorganet utviser særlig varsomhet i slike tilfeller, for å unngå feilaktig rettspraktisering.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) er ikkje samd i dette, og uttaler:

«HSH støtter ikke forslaget om at departementet skal kunne sanksjonere overfor friskoler som følge av brudd på andre bestemmelser enn privatskoleloven. For det første vil en slik regel kunne undergrave tilliten til andre myndighetsorgan.

Det er videre uheldig at departementet kan tenke seg å anvende en slik sanksjonsmulighet etter at eksempelvis Forbrukerombudet eller Ligestillings- og diskrimineringsombudet har tatt stilling til en konkret sak. Dette fordi avgjørelser eller uttalelser fra disse organ ikke inne-

bærer at et spørsmål er rettskraftig avgjort. Vi stiller her spørsmål ved hvilke kompetanse Kunnskapsdepartementet har til å vurdere eventuelle overtredelser av annet lovverk.»

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS) støtter forslaget, og uttaler:

«For å sikre kvalitet i private utdanningstilbud og fange opp useriøse tilbydere, er det nødvendig at departementets tilsyns- og sanksjonsrett også omfatter likestillingsloven og markedsføringsloven. YS mener for eksempel at utvidet tilsyns og sanksjonsrett vil ha en forebyggende effekt og villledende markedsføring blant private utdanningstilbydere.»

Utdanningsforbundet og *Unio* støtter forslaget og legg vekt på at tilsynet må styrkjast.

KS støtter ikke forslaget, og uttaler:

«KS mener at «departementets tillit til skolen» er for upresist som sanksjonskriterium. I tråd med det som er sagt ovenfor må det tydeliggjøres overfor privatskolene hva som kan sanksjoneres. Dette er også viktig for kommunesektoren som har ansvar for elevene dersom departementet trekker tilbake godkjenningen av skolen.»

KS legg også til at

«KS mener i utgangspunktet at Kunnskapsdepartementet ikke skal utføre tilsyn og sanksjonere brudd på annet lovverk. Prinsippene i Ot. prp. 97 bør følges slik at den som i de ulike særlovene er tillagt tilsyns- og sanksjonsmyndighet, utøver dette også overfor privatskolene. *KS* støtter derfor ikke departementets forslag om at Kunnskapsdepartementet skal kunne benytte sanksjonshjemmelen i privatskoleloven der andre myndigheter ikke har konstatert at det foreligger brudd på annet lovverk.»

Barneombudet har ikke same oppfatning, og uttaler:

«En tydeliggjøring av departementets tilsynsansvar, og ikke minst sanksjonsmuligheter, er nødvendig. I utgangspunktet skal Kunnskapsdepartementet kun føre tilsyn med at privatskoleloven følges. For at ikke ansvaret for oppfølging av tilsynet skal bli pulverisert, støtter derfor *Barneombudet* forslaget om at det i privatskoleloven presiseres at departementet skal ha adgang til å vedta sanksjoner etter privatskoleloven også der skolen bryter andre lover og forskrifter og der dette bruddet svekker departementets tillit til skolen.»

16.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har merkt seg at eit klart fleirtal av dei som uttaler seg, støttar forslaget til ny § 7-2a, og departementet fremjar forslag om endring av lova i samsvar med høringsforslaget. Det er likevel grunn til å kommentere nokre særskilde innvendingar mot forslaget.

Til fråsegna frå Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) om forvaltningslova og tidspunkt for iverksetjing av sanksjonar, og innvendingane frå Kristne Friskolers Forbund (KFF) når det gjeld rettstryggleik, vil departementet uttale:

Dei høva til sanksjon som går fram av forslaget til ny § 7-2a andre og tredje ledd, skal det etter gjeldande forvaltningsrett gjerast vedtak om i form av enkeltvedtak. Reglane i forvaltningslova om saksbehandling og høve til klage fastset på vanleg måte dei rettslege rammene for verksemda til forvaltningsorganet. Tidspunktet for iverksetjing av sanksjon vil som hovudregel falle saman med vedtakstidspunktet, om ikkje anna går fram av sjølve vedtaket. Forvaltningslova § 42 om utsett iverksetjing av vedtak gir likevel underinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ kompetanse til å utsetje iverksetjinga av vedtaket. Departementet viser elles til dei sivilprosessuelle reglane om mellombels åtgjerd etter lov om tvangsfyllbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfyllbyrdesloven) nr. 86 av 26.06.1992 kapittel 15. Rettstryggleiksomsyn i samband med sanksjonar etter ny § 7-2a vil derfor vere tekne godt vare på gjennom det ovannemnde regelverket.

Til fråsegnene frå *KS* og Handels- og Service-næringens Hovedorganisasjon (HSH) om tilsyn og sanksjonering på bakgrunn av anna lovverk vil departementet uttale:

Det vil vere i strid med den allmenne rettsoppfatninga om departementet som utdanningsmyndigheit ikkje reagerer dersom ein skole som får statstilskot etter lova heilt openbert driv i strid med for eksempel likestillingslova eller markedsføringslova, og desse brota ikkje er heilt bagatellmessige.

Sanksjonsheimelen i forslag til ny § 7-2a tredje ledd skal likevel som hovudregel berre gjerast gjeldande sekundært, dvs. at handhevande myndigheit, for eksempel Forbrukarombudet (eventuelt Marknadsrådet) eller Likestillings- og diskrimineringsombudet (eventuelt Likestillings- og diskrimineringsnemnda), har konstatert at det ligg føre brot på høvesvis markedsføringslova eller likestillingslova. Som Forbrukarombudet peiker på, kan det i visse tilfelle vere behov for å nytte sanksjons-

heimelen i privatskolelova, også der for eksempel Forbrukarombodet ikkje har konstatert brot på marknadsføringslova. Det same behovet kan det etter departementet si vurdering vere der det blir oppdaga brot på føresegnene i aksjelova når skolen er ått av eit aksjeselskap. I slike tilfelle, der handhevande myndigheit ikkje har konstatert brot på det aktuelle lovverket, er det likevel viktig at tilsynsorganet viser særleg varsemd for å sikre rettsriktige avgjerder.

Departementet vil for ordens skyld leggje til at iverksetjing av dei føreskrivne sanksjonane etter lova ikkje er til hinder for at handhevande myndigheit set i verk sanksjonar med heimel i sine aktuelle lovverk. Sanksjonar etter gjeldande § 7-2 og forslag til ny § 7-2a er ein konsekvens av at skolen, slik han har opptredd, har vist at han ikkje har evne til å oppfylle dei føresetnadene som låg til grunn for godkjenninga, og er ikkje omfatta av straffeomgrepet, under dette forbodet mot dobbeltstraff, jf. Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 6.

Til fråsegna frå KS om kriteriet «egnet til å svekke departementets tillit» vil departementet uttale:

Kriteriet er retta mot dei tilfella da brot på andre regelverk er relevante for drifta av skolen etter privatskolelova, og såleis for departementet sin tillit til skolen som tilbydar av opplæring for elevane og som mottakar av statstilskot. Dersom det skal vere aktuelt for departementet å gjere vedtak om tilbakekalling av godkjenning eller tilbakehaldning av tilskot på grunn av brot på andre lover eller forskrifter enn privatskoleregulverket, må det, som etter gjeldande forvaltningspraksis, ligge føre kvalifisert brot på regelverket. Med kvalifisert brot på regelverket er meint gjentekne brot, fleire brot eller alvorlege brot på det aktuelle regelverket.

I samsvar med forslaget i høringsbrevet fremjar departementet etter dette forslag om at § 7-2 andre og tredje ledd blir flytta til ny § 7-2a første og andre ledd. Departementet foreslår vidare at det blir presisert i ny § 7-2a tredje ledd at departementet har høve til å vedta sanksjonar også der skolen bryt andre lover og forskrifter, når dette svekkjer departementet sin tillit til skolen. Som følgje av desse forslaga foreslår departementet også ei endring i § 5-2 tredje ledd andre punktum og § 6A-7. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17 Andre forslag til endringer

17.1 Formålsføreseigna i lova

17.1.1 Gjeldande rett

I formålsføreseigna i friskolelova § 1-1 første ledd er det vist til § 2 nr. 2 i lov 21. mai 1999 nr. 30 *om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven)*.

17.1.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget foreslo departementet at tilvisinga til menneskerettslova § 2 nr. 2 blir fjerna i § 1-1 første ledd. Høringsforslaget er grunngitt med at Noreg har oppfylt sine plikter etter mellom anna Europarådskonvensjonen 4. november 1950 om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridommane (EMK), protokoll 1, artikkel 2 ved det offentlege skoleverket og høvet til å etablere private skolar etter opplæringslova § 2-12.

17.1.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av høringsinstansane har ikkje kommentert forslaget eller uttaler at dei støttar forslaget. Mellom dei som støttar forslaget er *Utdanningsforbundet*, som uttaler:

«Noreg har oppfylt forpliktinga om at ingen skal nektast rett til undervisning og har overhalde foreldra sin rett til å sikre utdanning i samsvar med eigen religiøs og filosofisk overtyding, gjennom det offentlege skoleverket og tilgangen til å etablere private skolar etter opplæringslova § 2-12. Dermed går formålet i privatskulelova ut over krava i menneskerettskonvensjonen. Vi sluttar oss derfor til at tilvisinga til styrking av stillinga til menneskerettane i formålsparagrafen kan fjernast.»

Mellom dei få høringsinstansane som går imot forslaget, er *Kristne Friskolers Forbund (KFF)*:

«KFF mener henvisningen til menneskerettsloven i § 1-1 er enda viktigere med det endrede godkjenninggrunnlaget som nå foreslås, enn det var da friskoleloven kom i 2003.

Den endrede friskoleloven skal kun åpne for godkjenning av alternative skoler. Nettopp disse alternative skolene har sterk basis i men-

neskerettene og en henvisning er helt på sin plass.»

17.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til dei vurderingane i høringsbrevet som er attgitt i kapittel 17.1.2, og til kapittel 4 om Noregs folkerettslege plikter.

I samsvar med høringsutkastet legg departementet etter dette fram forslag om at tilvisinga til menneskerettslova § 2 nr. 2 blir fjerna i § 1-1 første ledd. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.2 Krav til skoleanlegg og skolemiljø

17.2.1 Gjeldande rett

Det går fram av friskolelova § 2-4 første ledd at departementet skal godkjenne undervisningsrom og utstyr. Departementet har også kompetanse til å godkjenne uteareal etter føreseigna. Departementet viser til at føreseigna i all hovudsak er ei vidareføring av tilsvarande føresegner i § 5 i privatskolelovene av 6. mars 1970 nr. 4 og 14. juni 1985 nr. 73. Departementet viser her særleg til Innst. O. VII (1969–70) side 9, der dette går fram:

«Ved offentlige skoler skal bygninger, skoletun og innredning, utstyr og læremidler være i samsvar med gitte forskrifter før en skole kan sette i gang. Komiteen mener at tilsvarende må gjelde for private skoler og foreslår at 1. punktum skal lyde:

«Skolens undervisningsplaner, undervisningslokaler, utstyr mv. skal godkjennes av departementet, henholdsvis skoledirektøren.»

I friskolelova § 2-4 andre ledd er kapittel 9a *Elevene sitt skolemiljø* i opplæringslova gjort gjeldande også for frittstående skolar.

Før det kan givast godkjenning etter § 2-4 første ledd, må skolen leggje fram funksjonsbeskriving og andre dokument som viser at lokala har nødvendige kommunale godkjenningar, mellom anna godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar og bruksløyve etter plan- og

byggningslova. Vurderingstemaet etter § 2-4 første ledd blir derfor om lokala elles er i samsvar med § 2-4 andre ledd, jf. opplæringslova kapittel 9a om skolemiljøet for elevane. Vidare er det mellom anna relevant å leggje vekt på innhaldet i godkjenninga av skolen etter lova, for eksempel kor mange elevar skolen skal ha, alderen til elevane og kva slags opplæringstilbod skolen skal gi.

Paragraf 2-4 første ledd er ikkje til hinder for at opplæringa også kan gå føre seg utandørs, i eit museum, i eit teater eller offentleg bibliotek, når dette er formålstenleg ut frå den læreplanen skolen har fått godkjend etter §§ 2-3 eller § 6A-2. Elles kan det ved langvarig sjukdom vere nødvendig å gi grunnskoleopplæring andre stader enn på skolen, for eksempel heime hos eleven.

I lova er det fleire stader brukt omgrepa *skole* og *skolen*. Ut frå dei samanhengane der omgrepa er brukte, og lova elles, har departementet lagt til grunn at *skole/skolen* klart viser til eitt skoleanlegg, utan store geografiske avstandar mellom dei ulike delane av anlegget. Departementet viser til §§ 4–1 *Leiing*, 5–1 *Styret*, 5–3 *Elevråd* og 5–4 *Foreldreråd*. Kor store dei geografiske avstandane kan vere, må følgje av ei konkret vurdering av kva som er forvarleg. Det er mellom anna relevant å leggje vekt på om det er lokale ved ein grunnskole eller ein vidaregåande skole som skal godkjennast. Det går ikkje eksplisitt fram av friskolelova at ein godkjend skole ikkje kan ha fleire filialar/avdelingar.

17.2.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget vart det foreslått ei presisering i § 2-4 første ledd om at opplæring som er godkjend etter lova, vanlegvis skal gå føre seg i undervisningslokale som er godkjende av departementet, og at undervisningslokala må liggje innanfor eit avgrensa geografisk område. Føreseigna om godkjenning av utstyr vart ikkje foreslått vidareført, fordi dette omsynet er teke tilstrekkeleg vare på i det andre leddet i føreseigna.

17.2.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei som har gitt høringsfråsegn, støttar forslaget eller har ikkje kommentarar til forslaget. Mellom dei som har uttalt seg positivt om forslaget, er *Elevorganisasjonen*, som uttaler:

«Det er og viktig at det blir presisert at undervisninga skal foregå i lokale godkjend av departementet og at det skal ligga innanfor eit gitt geografisk område. Elevorganisasjonen ser dette som eit godt tiltak for å hindre at me får privatskular med rett til statleg tilskot som driv

med fjernundervisning eller som har ein spreidd skule. Eit slik tiltak vil sikre at skulane som startar driv undervisning på ein plass, noko som vil ivareta det læringsmiljøet me meiner er nødvendig både for lærarar og elevar.»

Fylkesmannen i Hordaland meiner at høringsforslaget ikkje er

«[...] tilstrekkelig klart når det gjelder krav til utearealer»,

og viser i den samanheng til Ot. prp. nr. 7 (1969-70) og Inst O VII (1969-70) side 9.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det bør komme klarare fram i lovteksten at godkjenninga også omfattar uteareal. Dersom godkjenninga ikkje omfattar uteareal, meiner fylkesmannen at

«[...] dette [kan] fremstå som en inkonsekvens i lovverket. Dette vil innebære at utearealer er en del av forskrift om miljørettet helsevern ved skoler med Fylkeslegen som klageinstans. Fylkesmannen på sin side skal ikke legge vekt på dette etter § 2–4, selv om § 2–4 viser til kap. 9a som igjen viser til forskrift om miljørettet helsevern.»

Steinerskoleforbundet

«[...] ser at dette prinsipielt er en rimelig bestemmelse, men vi er opptatt av at denne bestemmelsen ikke skal berøre enkelte forhold som uttrykker vårt skoleslags egenart».

I den samanheng peiker forbundet på at fleire steinerskolar på enkelte klassetrinn har fast etablerte undervisningsopplegg knytte til eit gardsbruk, og/eller tilbyr seksåringane plass i ei aldersblanda gruppe i ein steinerbarnehage der dei har sitt første skoleår, delvis i eiga gruppe og delvis integrerte i resten av barnegruppa.

Statens råd for funksjonshemma uttaler:

«Rådet vil understreke at det ved opplæring som foregår utenfor ordinære skolelokaler må være en forutsetning at det er tilrettelagt slik at alle elever kan delta på lik linje i opplæringen.»

17.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Sameleis som Fylkesmannen i Hordaland meiner departementet at det på ein tydelegare måte bør gå fram av ordlyden i § 2–4 første ledd at godkjenninga også omfattar uteareal. Departementet foreslår derfor at det skal gå fram av § 2-4 første ledd punktum at skoleanlegga må vere godkjende av departementet, jf. tilsvarende omgrepsbruk i opplæringslova § 9-5. Etter forslaget vil

omgrepet *skoleanlegga* omfatte både lokale og uteareal som blir brukte av elevane. Departementet vil presisere at dette ikkje inneber at skolen må disponere egne uteareal, dersom skolen på annan måte har tilgjenge til formålstenlege uteområde. Departementet foreslår ikkje at § 2-4 første ledd første punktum skal omfatte godkjenning av utstyr, fordi det på dette området gjennomgåande vil skje utskiftingar. Vidare viser departementet til at det er teke tilstrekkeleg vare på dette omsynet i § 2-4 andre ledd.

Departementet foreslår at det blir presisert i § 2-4 første ledd andre punktum at anlegga må ligge samla, det vil seie utan store geografiske avstandar mellom dei ulike delane. Kor store dei geografiske avstandane kan vere, må byggje på ei konkret vurdering av kva som er forsvarleg sett i lys av andre føresegner i lova, forskrifter gitt med heimel i lova og godkjenninga av skolen etter lova. Det er mellom anna relevant å leggje vekt på om det er lokale ved ein grunnskole eller ein vidaregåande skole som skal godkjennast.

Paragraf 2–4 første ledd er ikkje til hinder for at opplæringa også kan skje andre stader når dette er formålstenleg ut frå den læreplanen skolen har fått godkjend etter § 2-3 eller § 6A-2. Andre opplæringsarenaer kan for eksempel vere eit museum, eit teater, eit offentleg bibliotek, eit gardsbruk eller ein leirskole. Føresegna er heller ikkje til hinder for at skolen leiger gymsal/idrettshall, symjehall eller andre spesialrom av andre, for eksempel ein offentlig skole. Departementet meiner at føresegna heller ikkje skal vere til hinder for at opplæringa etter lova skjer i ein barnehage, føresett at skolen oppfyller dei andre krava i regelverket. Elles kan det ved langvarig sjukdom vere nødvendig å gi grunnskoleopplæring andre stader enn på skolen, for eksempel heime hos eleven.

Departementet fremjar etter dette forslag om endring i § 2-4 første ledd. Som følgje av dette forslaget blir det også fremja forslag om endring i § 6A-7. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.3 Særskild språkopplæring for elevar i utlandet

17.3.1 Gjeldande rett

Friskolelova § 3-5 omhandlar rett til særskild språkopplæring for grunnskoleelevar frå språklege minoritetar. Det er heimkommunane til elevane som gjer vedtak om slik opplæring og dekkjer utgiftene til opplæringa. Departementet er klagein-

stans. Det går fram av føresegna at morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven vanlegvis går på. Dersom morsmålsopplæringa og den tospråklege fagopplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen, så langt det er mogleg, leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til eleven. Føresegna vart innført i samband med friskolelova, og grunngivinga var at grunnskoleelevar i frittståande skolar skulle ha ein rett til særskild språkopplæring tilsvarende den elevar i den offentlege grunnskolen har, jf. opplæringslova § 2-8. Føresegna vart innført utan at elevane ved dei norske grunnskolorne i utlandet vart vurderte spesielt. Det er derfor ikkje løyvt midlar til ei slik ordning utanlands, slik det er til spesialundervisning og pedagogisk-psykologisk teneste, jf. friskolelova § 3-6.

Elevar ved skolar i utlandet som er godkjende etter friskolelova, har rett til spesialundervisning dersom dei ikkje har eller ikkje kan få «tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet», jf. friskolelova § 3-6.

17.3.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet at det blir presisert i § 3-5 siste ledd at retten til særskild norskopplæring ikkje gjeld for elevar ved norske grunnskolar i utlandet.

17.3.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane har ikkje merknader til eller støttar høringsforslaget.

Norske Utenlandsskolers Forening og *Den Norske Skole Gran Canaria* har mellom anna følgjande kommentar til forslaget:

«Dette kan være elever som har en norsk forelder, men som har vokst opp og gått på skole i et annet land tidligere. Vi har også familier som har kommet til Norge som flyktninger, men har søkt seg til utenlandsskolene pga. helseproblemer i familien. Disse er norske statsborgere, men har annet morsmål enn norsk. Noen av disse barna har ikke tilstrekkelig språkkunnskap til å kunne følge klasseundervisning på norsk. De kan ha et utviklet begrepsapparat på norsk som fører til vansker også med å følge undervisningen i andre fag.»

Norske Utenlandsskolers Forening seier vidare:

«Det krever ekstra ressurser fra skolen for å tilrettelegge særskild språkopplæring og vil være

vanskelig å gjennomføre uten ekstra utgiftsdekning. Hvis departementets forslag blir stående, kan vi ikke se at utenlandsskolene kan bli pålagt å ta inn disse elevene selv om de er norske statsborgere. Vi ber om at det vurderes nøye om det er riktig at retten til særskilt norskopplæring ikke skal gjelde ved norske skoler i utlandet.»

Også *Den Norske Skolen i Rojales* har kommentert forslaget, og uttaler at det vil krevje særskilde ressursar å gi desse elevane tilpassa undervisning.

17.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Skoler som blir drivne etter friskolelova, skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar, jf. § 3-1 første ledd. For å bli teken inn som elev ved ein norsk skole i utlandet legg departementet til grunn at det i tillegg krevst norsk statsborgarskap. Departementet reknar med at når ein elev eller foreldra til eleven bevisst vel ein norsk skole i utlandet, vil eleven normalt beherske norsk. I tilfelle eleven likevel ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet på grunn av manglande norskkunnskapar, vil eleven ha rett til spesialundervisning, jf. § 3-6 første ledd. Utgifter skolen har til slik undervisning, skal dekka av departementet, jf. § 3-6 andre ledd tredje punktum. Utgiftsdekkinga, som mellom andre Norske Utenlandsskolars Forening etterspør, vil såleis vere sikra.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringar i § 3-5 fjerde ledd i samsvar med høringsforslaget. Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.4 Helsetilsyn

17.4.1 Gjeldande rett

Friskolelova § 3-8 bestemmer at forskrift gitt i medhald av kommunehelsetenestelova § 1-3 fjerde ledd gjeld for elevar i friskolar. Vidare er det fastsett i § 3-8 at kommunen der skolen ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta i samsvar med gjeldande lov, og at kommunane skal dekkje utgifter for helsetenesta ved frittstående skolar etter same reglar som for offentlege skolar.

17.4.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet at det blir presisert at § 3-8 berre gjeld for skolar som ligg i Noreg.

17.4.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Departementet kan ikkje sjå at nokon av høringsinstansane har kommentert forslaget særskilt.

17.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Den presiseringa som vart foreslått i høringsbrevet, inneber ingen endringar i gjeldande rett, men er berre ei klargjering av verkeområdet for kommunehelsetenestelova.

Departementet legg etter dette fram forslag om endringar i § 3-8 i samsvar med høringsforslaget. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.5 Bortvising som følgje av manglande betaling av skolepengar m.m.

17.5.1 Gjeldande rett

Reglar om ordensreglement er gitt i friskolelova § 3-9, sjå også 6A-7. Kvar skole skal ha eit reglement om rettane og pliktene for elevane så langt det ikkje er fastsett i lova eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva for tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast. Dersom skolen ønskjer å bruke bortvising som tiltak, jf. friskolelova §§ 3-10 og 6A-6, må slike reglar vere gitt i ordensreglementet før det kan bli gjort vedtak om bortvising.

I merknaden til § 3-10 i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova er det vist til at føreseigna i hovudsak tilsvare føresegnene i opplæringslova § 2–10 og § 3–8, for høvesvis grunnskole og vidaregåande skole. Det er derfor relevant å trekkje inn forarbeida til desse føresegnene, Ot.prp. nr. 46 (1997–98) om opplæringslova. I punkt 20.4 i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) uttaler departementet at andre tiltak ved brot på ordensreglementet kan vere meir formålstenlege enn bortvising. Departementet uttaler mellom anna:

«Bortvising bør såleis berre gjelde dei heilt spesielle unntakstilfella. I formuleringa om at eleven kan visast bort frå undervisninga, ligg det også at det i mange tilfelle er formålstenleg å gi eleven ei alternativ opplæring eller eit anna tilbod i den perioden bortvisinga varer.»

Ordlyden i både føreseigna og forarbeida viser tydeleg at reglane om bortvising er knytte til oppførselen til eleven på skolen.

Det er fastsett i friskolelova §§ 3-10 tredje ledd og 6A-6 tredje ledd at manglende betaling av skolepengar kan føre til bortvising.

17.5.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet uttrykte departementet at det meiner det er uheldig at eit privatrettsleg kontraktbrot mellom skolen og foreldra/eleven etter lova kan sanksjonerast med bortvising av eleven når omgrepet bortvising elles er knytt direkte til eleven og elevens åtferd. Dette er eit forhold som bør regulerast i kontrakten mellom skolen og foreldra/eleven.

Føresegnene inneber også mangt som er uklart både for foreldra/elevane og for klageinstansen. Kva som konkret ligg i omgrepet «manglende betaling», kor lang forseinkinga må vere, kor mange purringar skolen må sende før det blir gjort vedtak om bortvising og om foreldra/elevane har rett til å uttale seg før bortvisingsvedtak blir gjort, er eksempel på fleire av dei spørsmåla som reiser seg til desse føresegnene. Det er også viktig å vere klar over at klageinstansen er eit forvaltningsrettsleg organ som ikkje har mynde til å behandle slike privatrettslege spørsmål som det her er snakk om.

I høringsbrevet foreslo departementet at høvet til bortvising etter friskolelova §§ 3-10 og 6A-6 berre skal vere knytt til åtferda til eleven på skolen i skoletida, og at føresegna om at manglende skolepengebetaling kan føre til bortvising, blir oppheva.

I friskolelova § 3-10 er det ikkje gitt reglar om kven som skal gjere vedtak om bortvising av elevar ved norske vidaregåande skolar i utlandet. Departementet foreslo derfor at det blir presisert i føresegna at dei norske vidaregåande skolane i utlandet sjølv skal gjere vedtak om bortvising. Departementet meiner dette vil vere ei formålstenleg ordning, fordi dei norske skolane i utlandet ikkje er knytte til nokon fylkeskommune i Noreg. Ved klage på vedtak om bortvising er departementet klageinstans, jf. § 3-10 siste ledd.

17.5.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Av dei høringsinstansane som har uttalt seg direkte til departementets forslag, er det eit stort fleirtal som sluttar seg til forslaget og departementet si grunngeving for det. Mellom dei høringsinstansane som støttar forslaget frå departementet, er *Norsk Lærerakademi*, *Utdanningsforbundet* og *KS*.

Somme av høringsinstansane uttrykkjer likevel at sanksjonar ved manglende betaling må regule-

rast i ein kontrakt mellom skolen og foreldra/eleven. Dette er mellom anna uttalt av *Vestfold fylkeskommune* og fleire av skolane, mellom andre *Drottningborg vidaregåande skole*, *Moe skole*, *Bjerkely skole*, *Ryenberget skole*, *Sandnes Lutherske Grunnskole*, *Dalane kristne skole*, *Skauen kristelige skole* og *Granly skole*.

To av dei høringsinstansane som har uttalt seg til forslaget, er klart usamde med departementet. *Norsk Montessoriforbund* uttaler mellom anna:

«Med dagens finansieringssystem kan ikke friskolene gi et tilbud til elever der foreldrene ikke betaler skolepenger. Regelen om bortfall av skoleplass som følge av manglende betaling av skolepenger må opprettholdes.»

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) er usamd i forslaget så lenge departementet ikkje kjem med alternative løysingar. Forbundet uttaler mellom anna:

«Manglende egenbetaling fra en eller flere elever setter nemlig tilbudet også til de andre elevene i fare. Lovforslaget drøfter ikke hvordan denne «knuten» kan løses, og det er, etter vår mening, ingen løsning å oppheve retten til å utvise/nekte fortsatt skolegang for elever som ikke betaler sin egenandel. På denne måten vil altså «gratispassasjerer» både påføre de andre deltakerne ekstra kostnader, samtidig som bidraget til felleskostnader blir redusert.»

Forbrukarombodet har desse merknadene til forslaget frå departementet:

«Jeg mener at bortvisning kan virke like inngripende overfor elevene som en oppsigelse av avtaleforholdet. Jeg mener derfor at det må foreligge et vesentlig betalingsmislighold, før skolen eventuelt skal kunne påberope seg denne retten.

Jeg støtter derfor departementets syn på at det kan være uheldig at det bare står i friskoleloven §§ 3-10 tredje ledd og 6A-6 tredje ledd at «manglende betaling» av skolepenger kan føre til bortvisning. En slik formulering skaper uklarhet rundt hva som skal til før bortvisning på dette grunnlaget skal kunne iverksettes.

Departementet foreslår at friskoleloven §§ 3-10 tredje ledd og 6A-6 tredje ledd oppheves. Slik jeg forstår departementet, legges det dermed opptil at skolene fritt etter privatskoleloven skal kunne regulere virkningen av manglende skolepengebetaling i den privatrettslige kontrakten. Jeg mener imidlertid at det i privatskoleloven bør sette nærmere vilkår for når bortvisning på dette grunnlaget skal kunne skje.»

Forbrukarrådet uttaler mellom anna:

«I denne sammenheng vil vi framheve at det er nødvendig å klargjøre holdepunkter for hva som utgjør et vesentlig mislighold og hvilke sanksjoner dette skal utløse. Vi viser for øvrig til innledningen i brevet der vi gir vår tilslutning til Forbrukerombudets syn på at krav til innhold i kontrakter må lovfestes.»

17.5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til den grunngevinga for forslaget som vart gitt i høringsbrevet. Departementet vil spesielt påpeike at gjeldande føresegn om at manglande betaling kan føre til bortvising, inneber mangt som er uklart, noko også Forbrukarombodet meiner er uheldig. I tillegg vil departementet understreke at sanksjonar ved betalingsmisleghald er eit kontraktrettsleg forhold. Departementet er oppteke av at skolane skal opptre på ein ryddig måte overfor elev/foreldre. I den samanheng bør det vere sjølv-sagt at alle skolar har ein kontrakt som regulerer dei meir privatrettslege forhold som ikkje er regulerte i lova. Ein slik kontrakt bør mellom anna omhandle kva for sanksjonar som kan vere aktuelle ved betalingsmisleghald frå eleven/foreldra si side. Departementet vil i denne samanheng vise til dei retningslinjene som er utarbeidde av Forbrukarombodet om kontraktvilkår for privat- og friskolar.

I kapittel 16 har departementet foreslått ei lovendring som inneber ei presisering om at departementet har høve til å vedta sanksjonar etter privat-skolelova også i dei tilfella da skolen bryt andre lover og forskrifter, og der dette svekkjer departementet sin tillit til skolen. Departementet viser i denne samanheng til at dette kan vere aktuelt etter føresegnene i marknadsføringslova.

På bakgrunn av den foreslåtte endringa i sanksjonsføresegna vil ikkje departementet i denne omgang fremje forslag om å lovfeste kontraktvilkår, men behovet for dette vil bli løpande vurdert.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i §§ 3-10 tredje ledd og 6A-6 tredje ledd i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.6 Klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring

17.6.1 Gjeldande rett

I friskolelova § 3-13 og opplæringslova § 2-11 første ledd er det gitt tilsvarende reglar om permisjon frå

pliktig grunnskoleopplæring. Departementet er klageinstans for vedtak om permisjon etter opplæringslova § 2-11, jf. § 15-2 første ledd. Det er ikkje gitt reglar om klageinstans ved vedtak om permisjon etter friskolelova § 3-13.

17.6.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget vart det foreslått at departementet også skal vere klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring etter § 3-13.

17.6.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Utdanningsforbundet støttar forslaget. Departementet kan ikkje sjå at nokon av dei andre høringsinstansane har kommentert dette forslaget særskilt.

17.6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i § 3-13 i samsvar med forslaget i høringsbrevet. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.7 Tilsetjing av undervisningspersonale

17.7.1 Gjeldande rett

Friskolelova §§ 4-2 og 6A-4 omhandlar kompetansekrav til undervisningspersonalet. Det er presisert i friskolelova §§ 4-2 tredje ledd siste punktum og 6A-4 tredje ledd at

«Ved tilsetjing gjeld arbeidsmiljølova §§ 13-3 og 13-4.»

Arbeidsmiljølova § 13-3 omhandlar unntak frå forbodet mot diskriminering, medan § 13-4 omhandlar innhenting av opplysningar ved tilsetjing.

Diskrimineringslova tredde i kraft 1. januar 2006. Denne lova § 4 omhandlar forbod mot diskriminering, medan § 7 omhandlar forbod mot å innhente opplysningar ved tilsetjingar. Begge føresegnene inneheld unntaksføresegner, for eksempel § 7 andre ledd første punktum, som lyder slik:

«Forbudet i første ledd gjelder ikke dersom innhenting av opplysninger om hvordan søkerne stiller seg til religiøse eller kulturelle spørsmål er begrunnet i stillingens karakter, eller det inngår i formålet for vedkommende

virksomhet å fremme bestemte religiøse eller kulturelle syn og arbeidstakerens stilling vil være av betydning for gjennomføringen av formålet.»

17.7.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget foreslo departementet at det også blir presisert i lova at diskrimineringslova §§ 4 og 7 gjeld ved tilsetjing etter lova.

17.7.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av høringsinstansane støttar eller har ikkje merknader til høringsforslaget.

Ryenberget skole, Bjerkely skole og Moe skole er mellom dei høringsinstansane som meiner det er viktig at lovteksten ikkje svekkjer den rett dei religiøse skolane har til å spørje søkjarar om livssyn, og til å tilsetje dei skolen meiner best kan ta vare på målsetjinga for skolen.

Kristne Friskolers Forbund (KFF) uttaler mellom anna:

«Vi mener en kristen skole må ha lov til å kjenne arbeidstakers forhold til kristen tro og moral uansett. Først da kan skolen få lagt det rette grunnlag for å oppfylle sin målsetting. Så vil forskjellige skoler praktisere dette noe ulikt, men vi mener alle religiøse skoler må ha rett til å kunne definere hvilke stillinger som må til for å kunne oppnå skolens mål og departementets krav til godkjenningen av skolen som religiøs, alternativ skole.»

KFF viser vidare til diskrimineringslova § 7 andre ledd, og uttaler:

«Det er klart at for å bruke disse opplysningene må stillingen være definert slik at den har betydning for gjennomføring av formålet. Det vil være noe ulikt ved ulike skoler, men ikke å vite på forhånd om en lærer kan ta aktiv del i religiøse aktiviteter på en religiøst opprettet friskole, synes for oss umulig og inkonsekvent.»

Norsk Lærarakademi

«[...] støtter at henvisninger til de paragrafer som hjemler kristne institusjoners rett til å tilsette personale som kan realisere skolens formål blir tatt inn i loven.»

På den andre sida forventar *Utdanningsforbundet*

«[...] at arbeidsmiljølova §§ 13–3 pkt. 3 og 13–4 pkt. 2 ikkje gjeld tilsetjing av undervisningspersonale ved private skular etablert på religiøst grunnlag. Vi viser mellom anna til at høringsdokumentet legg vekt på at formålet med dei

private skulane etter lova er å drive skule, og ikkje primært å gi opplæring til ei bestemt tru eller gi kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi.»

17.7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Sidan det allereie finst ei tilvising til arbeidsmiljølova §§ 13–3 og 13–4 i lova, meiner departementet at det av omsyn til heilskapen også bør takast inn ei tilvising til diskrimineringslova §§ 4 og 7. Forslaget inneber ingen endringar i gjeldande rett. Dette inneber mellom anna at det er arbeidsmiljølova og diskrimineringslova som regulerer tilsetjinga av undervisningspersonale og anna personale også ved skolar som driv verksemda etter friskolelova (foreslått endra til privatskolelova). Når det gjeld fråsegna frå Utdanningsforbundet, viser departementet til kapittel 8.2.2.3.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringar i §§ 4-2 tredje ledd siste punktum og 6A-4 tredje ledd i samsvar med høringsforslaget. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

17.8 Oppgåvene for styret

17.8.1 Gjeldande rett

Friskolelova § 5-1 første ledd første og andre punktum omhandlar krav til styret og samansetninga av det, medan tredje punktum omhandlar kven som har møte- og uttalerett m.m. på styremøta. § 5-2 omhandlar oppgåvene for styret.

17.8.2 Høringsforslaget frå departementet

For å tydeleggjere skiljet mellom på den eine sida krava til og samansetninga av styret, og på den andre sida kven som berre har møte- og uttalerett, foreslo departementet i høringsbrevet at § 5-1 første ledd tredje punktum blir nytt andre ledd, og at gjeldande andre og tredje ledd blir nytt tredje og fjerde ledd. Departementet foreslo vidare endringar i ordlyden i § 5-2 andre ledd bokstav c og bokstav f, og ny bokstav j om at styret skal tilsetje dagleg leiar.

17.8.3 Synspunkta frå høringsinstansane

Få høringsinstansar har komme med fråsegner på dette punktet. Alle fråsegnene bortsett frå éi er positive. *Menigheten Samfundet* skriv mellom anna:

«Det er naturleg at skolens eier uttaler seg om tilsetting av daglig leder, og at det ikke bare er en styreoppgave.»

17.8.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Styret er etter § 5-1 det øvste ansvarlege organet ved skolen. Det daglege ansvaret vil likevel liggje til den daglege leiaren. Forutan elevane, foreldra og dei tilsette ved skolen, vil tilskotsforvaltaren, tilsynsmyndigheita og andre offentlege myndigheiter i stor grad vende seg til den daglege leiaren som representant for skolen. Den daglege leiaren vil i mange samanhengar representere skolen og ta avgjerder etter fullmakt frå styret. Tilsetjing av dagleg leiar er eit viktig vedtak ved ein skole. Det er viktig for oppfølginga av skolane at det ligg føre ei klar ansvarslinje mellom styret og den daglege leiaren, også for at styret sjølv skal kunne ta hand om det ansvaret det har etter lova. Myndet til å tilsetje daglig leiar bør derfor liggje til styret sjølv, utan høve til delegering.

Når det gjeld høringsfråsegna om eigaren si rolle i tilsetjingssaker, viser departementet til at

svært mange av dei skolane som er godkjende etter friskolelova, er organiserte anten som aksjeselskap eller stiftelsar. Skolar organiserte som stiftelsar har ingen eigar, og stiftelseslova fastset som utgangspunkt at det er styret som tilset ein eventuell dagleg leiar. Også aksjelova § 6-2 andre ledd har som hovudregel at det er styret sjølv som tilset dagleg leiar. Når skolen er organisert som aksjeselskap, legg departementet likevel til grunn at eigaren kan ta vare på sine egne interesser i tilsetjingsspørsmål gjennom valet av styremedlemmer.

I samsvar med høringsforslaget fremjar departementet etter dette forslag om at § 5-1 første ledd tredje punktum blir nytt andre ledd, og at gjeldande andre og tredje ledd blir nytt tredje og fjerde ledd. I samsvar med høringsutkastet fremjar departementet også forslag om ny § 5-2 andre ledd bokstav j, som fastset at styret skal tilsetje dagleg leiar. Sameleis blir det fremja forslag om endringar i ordlyden i § 5-2 andre ledd bokstav c og bokstav f. Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 19.

18 Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaget

Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaget blir vurderte i høve til friskolelova slik denne lydde fram til 9. juni 2006.

Det er forventa at dei foreslåtte krava til grunnlag for å bli godkjend med rett til statstilskot etter lova vil føre til færre private skolar og lågare utbetaling av tilskot i åra framover enn om friskolelova hadde blitt vidareført. Ein auke i talet på elevar i private skolar vil ha lite å seie for dei samla utgiftene for staten, fordi tilskota i hovudsak blir finansierte ved trekk i overføringane til kommunane og fylkeskommunane.

Forslaget om å oppheve skyss- og innlosjeringsføresegna for elevar ved skolar i utlandet vil gi innsparing for staten.

Forslaget om at enkelte private vidaregåande skolar ikkje lenger skal ha same høve til å ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, inneber at fylkeskommunane i mindre grad vil bli trekte i rammetilskotet for ei gruppe som ikkje er prioritert gjennom individuelle rettar i opplæringslova.

Eventuelt administrativt meirarbeid i samband med overgangsordningane er føresett dekt innanfor gjeldande rammer.

19 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til forslaget om ny tittel på lova

Tittelen på lova er endra til *lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)*. I lova får skolane nemninga *private skolar*. Slik endring medfører endringar i lovtittelen og i §§ 1-1, 1-2, 2-1 til 2-3, 3-1, 3-7, 3-8, 6-1 og 6-3.

Til § 1-1 første ledd

Tilvisinga til § 2 nr. 2 i lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av *menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven)* er fjerna. Dette har samanheng med at Noreg har oppfylt sine plikter etter mellom anna Europarådskonvensjonen 4. november 1950 om vern av menneskerettane og dei grunnleggande fridommene (EMK), protokoll 1, artikkel 2 ved det offentlege skoleverket og høvet til å etablere private skolar etter opplæringslova § 2-12.

Til § 1-2

Første ledd er ei vidareføring av gjeldande rett.

Andre ledd er ei vidareføring av gjeldande tredje ledd, men presiserer at lova ikkje gjeld skolar som er omfatta av fagskolelova. Som følgje av endring av tittelen på lova blir gjeldande andre ledd ikkje vidareført.

Tredje ledd presiserer at lova ikkje opnar for fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester.

Fjernundervisning omfattar også desentralisert undervisning, nettbasert undervisning og undervisning som skjer per brev. Føresegna vil ikkje vere til hinder for at det ved for eksempel langvarig sjukdom blir gitt opplæring andre stader enn på skolen, for eksempel basert på Internett. Føresegna gjeld ikkje for elevlar som får tilskot til kompletterande undervisning etter § 6-4.

Kjøp av opplæringstenester omfattar kjøp av heile eller delar av opplæringstilbodet av andre aktørar, for eksempel ved å betale skolepengane for elevane ved andre private eller offentlege skolar i Noreg eller i utlandet. Føresegna vil ikkje vere til hinder for eksternt samarbeid og annan praksis som er føresett gjennomført i den godkjende læreplanen. Føresegna er heller ikkje til hinder for nødvendig samarbeid mellom grunnskolar og vidare-

gåande skolar og vidaregåande skolar og universitet/høgskolar, for eksempel programfag til val på ungdomstrinnet og prosjekt til fordjuping på vidaregåande trinn.

Til § 1-3

Det er tilføyd ei tilvising til opplæringslova § 13-2. Tilføringa inneber ingen endringar i gjeldande rett.

Til §§ 1-4 og 1-5

Føresegnene blir oppheva. Departementet viser til merknadene til høvesvis § 2-2 og § 2-5.

Til § 2-1

Første ledd første punktum inneber at det ikkje ligg føre rett til godkjenning etter lova, men at departementet etter ei skjønnsmessig vurdering kan godkjenne nye skolar og driftsendringar ved allereie eksisterande skolar. Den skjønnsmessige vurderinga bør mellom anna byggje på kva konsekvensar godkjenninga vil få for den offentlege skolestrukturen, på skolefaglege omsyn, behovet for skolen og budsjettmessige omsyn. Ei skjønnsmessig opning for å godkjenne nye skolar og driftsendringar gir departementet høve til å stille vilkår for godkjenninga i den enkelte saka.

Første ledd andre punktum inneber at det må sendast søknad dersom ein grunnskole ønskjer å flytte verksemda til ein annan kommune eller ein vidaregåande skole ønskjer å flytte verksemda til eit anna fylke.

Første ledd tredje punktum slår fast at vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn før det blir gjort vedtak om godkjenning av ein skole eller flytting av ein skole. Fråsegna frå vertskommunen eller vertsfylket er ikkje avgjerande for om ein søknad skal innvilgast eller ikkje, men det vil vere relevant å leggje vekt på ei slik fråsegn i vurderinga av kva konsekvensar ei eventuell godkjenning vil få for den offentlege skolestrukturen. I første ledd tredje punktum blir det også presisert at vertskommunen og vertsfylket har rett til å klage på departementet sitt vedtak.

Første ledd fjerde punktum presiserer at skolar som er godkjende etter føresegna, har rett til stats-tilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter privatskolelova.

Andre ledd slår fast at skolane må drive verksemd på eit særskilt grunnlag for å kunne bli godkjende etter lova. Dette inneber at skolane i tillegg til å gi elevane jamgod opplæring, jf. § 2-3, må dokumentere at dei skal ha/har eit særskilt grunnlag. Bokstavane a til f gir ei uttømmende liste over alternative grunnlag. Sjå også vurderingane frå departementet i kapittel 8.2.

Tredje ledd første punktum fører vidare § 2-1 andre ledd tredje punktum om at grunnskolar som hovudregel skal ha norsk eller samisk som undervisningsspråk. For vidaregåande skolar inneber føresegna ei presisering i høve til gjeldande rett.

Tredje ledd andre punktum inneheld eit unntak frå første punktum, og er for grunnskolorne ei vidareføring av § 2-1 andre ledd tredje punktum. For vidaregåande skolar inneber føresegna ei presisering i høve til gjeldande rett. Føresegna slår fast at kravet om norsk eller samisk som undervisningsspråk ikkje gjeld internasjonale skolar i Noreg. Undervisningsspråket i desse skolane skal vere eit framandspråk som flest mogleg av innbyggjarane i Noreg beherskar. Skolen kan ikkje stille krav til elevane om eit visst kunnskapsnivå i det språket som undervisninga skal skje på. Dette har samanheng med at alle skolar som er godkjende og driv verksemda etter privatskolelova, skal stå opne for alle, jf. § 3-1 første ledd. Departementet viser til vurderingane i kapittel 8.2.6.

Tredje ledd tredje punktum inneber at alle dokument som er viktige for skoleverksemda skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk. Føresegna gjeld for alle skolar som er regulerte i § 2-1, og medfører at inntaksreglement, ordensreglement, læreplanar, rekneskap m.m. for skolen må liggje føre på norsk eller samisk.

Fjerde ledd første punktum slår fast at godkjenning med rett til tilskot fell bort dersom skolen ikkje har starta opp innan tre skoleår etter at godkjenninga er gitt.

Fjerde ledd andre punktum inneber at godkjenninga også fell bort når skoledrifta etter lova blir lagd ned. Ein skole kan såleis ikkje ta pause og deretter starte opp att utan at det ligg føre ny godkjenning. Likeeins må det søkjast om ny godkjenning dersom eit anna rettssubjekt ønskjer å drive skoleverksemda vidare. Sjå også departementet sine vurderingar i kapittel 8.4.2.3.

Femte ledd første punktum inneber at krava i andre ledd om særskilt grunnlag ikkje gjeld for skolar som var i drift etter lova 31. desember 2007.

Føresegna omfattar likevel berre skolar som var i drift etter friskolelova per 13. desember 2005, eller som er innvilga unntak etter tidlegare §§ 2-1 andre ledd eller 2-2 andre ledd. Departementet viser til vurderingane i kapittel 8.3.3.

Femte ledd andre punktum slår fast at departementet berre kan godkjenne driftsendringar som er nødvendige ved skolar som ikkje oppfyller krava i andre ledd. Med nødvendige driftsendringar er meint endringar i læreplanen som følgje av endringar i den offentlege læreplanen eller i strukturen for den offentlege 13-årige grunnopplæringa. Dette inneber at lova ikkje opnar for godkjenning av driftsendringar i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram for dei aktuelle skolane.

Sjette ledd er ei vidareføring av §§ 2-1 sjette ledd og 2-2 sjuande ledd. Føresegna gir departementet heimel for å fastsetje fristar i samband med behandlinga av søknader om godkjenning.

Til § 2-2

Første ledd første punktum er ei vidareføring av § 1-4 første ledd første punktum. Føresegna inneber at skolar berre kan drive skoleverksemd etter privatskolelova. Formålet med føresegna er å sikre at offentlege tilskot og skolepengar kjem elevane til gode, og at det ikkje skjer krysssubsidiering til verksemd som ikkje har rett til tilskot, jf. §§ 6-3 og 6A-8. Som skoleverksemd i samsvar med lova er mellom anna rekna verksemd som er formålstenleg eller nødvendig for å nå måla i den læreplanen skolen har fått godkjenning etter. Departementet viser til vurderingane i kapittel 10.2.3.

Første ledd andre punktum er ei vidareføring av § 1-4 første ledd andre punktum. Føresegna inneber at det ansvarlege rettssubjektet i tillegg til skoleverksemd likevel kan drive internat og skolefritidsordning som er knytt til skolen. Paragraf 1-4 andre og tredje ledd er ikkje foreslått vidareførte. Sjå departementet sine vurderingar i kapittel 10.2.3.

Andre ledd første punktum er ei vidareføring av §§ 2-1 fjerde ledd og 2-2 femte ledd. Føresegnene slår fast at skolen må vere registrert i Einingsregisteret, jf. lov 3. juni 1994 nr. 15, eller i tilsvarande register. Skolen må vere registrert på søknadstidspunktet. Søkjaren vil følgeleg vere eit rettssubjekt, for eksempel ein stiftelse, ei foreining eller eit aksjeselskap. Føresegnene må sjåast i samanheng med første ledd første punktum om at skolen ikkje har høve til å drive anna verksemd enn skole som er omfatta av godkjenninga etter privatskolelova, sjå likevel første ledd andre punktum. For å hindre samanblanding med anna verksemd må skolen

organiseraast som eige rettssubjekt. «Skoleeigaren» er det registrerte rettssubjektet som har fått godkjenning til å drive skole etter privatskolelova. Det er likevel ikkje nødvendig at det rettssubjektet som utgjer skolen sjølv, eig lokale og utstyr som blir brukte til skoledrifta. Formålet med føreseigna er å få klar identifisering av skolen og oversikt over styret og andre registrerte nøkkelopplysningar. Etter einingsregisterlova skal mellom anna medlemmer av styret, dagleg leiar og revisor registreraast. Ved dette får ein ekstra notoritet om slike viktige forhold. Føreseigna opnar for anna form for registrering enn registrering i Einingsregisteret, under føresetnad av at denne gir tilsvarende notoritet.

Andre ledd andre punktum inneber at nye skolar som søker om godkjenning, må kunne dokumentere at skolen har ein innskotskapital som minst tilsvare minimumsbeløpet i aksjelova § 3-1 første ledd før det kan givast godkjenning. Føreseigna gjeld ikkje for søknad om driftsendringar.

Tredje ledd første punktum inneber at godkjenninga med rett til statstilskot etter privatskolelova fell bort for skolar som har færre enn 15 elevar i alle rapporteringane av elevtal tre skoleår på rad.

Tredje ledd andre punktum fastset at den tilsvarende minimumsgrensa for norske skolar i utlandet er 10 elevar. Dette inneber at godkjenninga med rett til statstilskot etter privatskolelova fell bort for skole i utlandet som har færre enn 10 elevar i alle rapporteringane av elevtal tre skoleår på rad.

Tredje ledd tredje punktum slår fast at departementet i særlege tilfelle etter søknad kan gjere unntak frå kravet til elevtal. Dette er ein smal unntaksheimel for spesielle tilfelle, som kan nyttast i ein situasjon der kravet om høvesvis minimum 15 eller 10 elevar for å få halde fram med godkjenning etter privatskolelova står som urimeleg. Unntak kan vere aktuelt for eksempel i ein utbyggingsfase der ein skole kan dokumentere eller sannsynleggjere at han i løpet av eit visst tidsrom kan oppfylle kravet om respektive 15 eller 10 elevar. I slike tilfelle vil unntaket normalt vere tidsavgrensa. I tillegg kan det vere aktuelt med permanent unntak for skolar som berre tilbyr små og verneverdige handverksfag og andre små fag, der minimumskravet til elevtal vil medføre at slike fag ikkje lenger blir tilbodne i Noreg.

Til § 2-3

Første ledd første til fjerde punktum er ei vidareføring av gjeldande rett.

Første ledd femte punktum er nytt og slår fast at departementet i samband med godkjenninga av læreplanen har heimel for å fastsetje kva slags tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet. Departementet viser til vurderingane i kapittel 11.4.

Andre ledd første punktum fører vidare gjeldande forskriftsheimlar. I tillegg er departementet gitt heimel for å gi forskrift om krav til læreplanen. Andre ledd andre punktum er nytt og slår fast at departementet har heimel for å gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemål for grunnskoleelevar som får særleg språkopplæring, godskriving av tidlegare gjennomført vidaregåande opplæring eller praksis og fritak for den praktiske delen av kompetansemåla i faget kroppsøving i den vidaregåande skolen. Departementet viser til vurderingane i kapittel 11.4.

Til § 2-4

Første ledd er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett. Første ledd første punktum presiserer at departementet skal godkjenne skoleanlegget. Omgrepet *skoleanlegget* omfattar både undervisningslokale, andre lokale som blir brukte av elevane og uteareal. Godkjenninga etter første ledd første punktum omfattar ikkje lenger utstyr. Første ledd andre punktum er nytt og presiserer at skoleanlegget må liggje samla. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.2.4.

Andre ledd er ei vidareføring av gjeldande rett.

Til § 2-5

Føreseigna opnar for at departementet, etter søknad frå ein allereie godkjend skole, kan gi løyve til unntak frå lova og forskriftene til lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske og/eller organisatoriske forsøk. For å kunne innvilge ein søknad om forsøk må dette dreie seg om eit reelt forsøk: Formålet med forsøket må vere å finne ut om skolen kan finne fram til ei betre ordning på det aktuelle området ved å prøve ut alternative pedagogiske og organisatoriske løysingar. Det er føresett at forsøk skal evaluerast. På grunnlag av dei røynslene som blir gjorde, kan det så vere aktuelt å endre regelverket. Sjå også vurderingane frå departementet i kapittel 8.4.5.3.

Til § 3-1 første og andre ledd

Første og andre ledd fører vidare gjeldande rett. Det er tilføyd ei tilvising til opplæringslova §§ 2-1 tredje ledd og 3-1 første ledd. Tilføringa inneber ingen endringar i gjeldande rett.

Til § 3-1 femte ledd

Føresegna fører vidare den gjeldande forskriftsheimelen om inntak av utanlandske søkjarar. I forskriftsheimelen om inntak av vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring er det gjort ei endring som inneber at heimelen gjeld i særskilde tilfelle. Slike særskilde tilfelle vil mellom anna vere inntak til opplæring i små, verneverdige fag, og behov samfunnet har for kompetanse på bestemte område, mellom anna innanfor landbruks- og gartnarnæringa og enkelte omsorgsutdanningar. Sjå også vurderingane frå departementet i kapittel 12.4.

Til § 3-1 sjuande ledd

Føresegna fører vidare gjeldande rett.

Til § 3-3 tredje og fjerde ledd

Føresegnene inneber vidareføring av gjeldande rett. I fjerde ledd er det presisert at det er eleven sitt heimfylke som gjer vedtak om omval, jf. § 1-3.

Til § 3-4

Første ledd er ei vidareføring av gjeldande rett.

Andre og tredje ledd er nytt, og skal forstås på same måte som § 8-2 i opplæringslova om organiseringa av elevane i grupper.

Føresegna i andre ledd om at elevane må delast inn i grupper med forsvarleg storleik, er likevel ei presisering av allereie gjeldande rett. Kva som er pedagogisk forsvarleg i den konkrete opplærings-situasjonen, må vurderast etter skjønn. Behovet for tilpassing må vurderast konkret ut frå at alle elevar skal ha tilfredsstillande læringsutbytte. I den skjønnsmessige vurderinga må ein sjå gruppestorleiken i høve til ulike faktorar. Det vil for eksempel kunne avhenge av elevsamansetjinga, der det er lagt vekt på både individuelle og kollektive eigenskapar og aldersblanding. Vidare vil føresetnadene hos og talet på det pedagogiske personalet, det temaet det skal givast opplæring i, kva for ei arbeidsform som blir nytta og dei fysiske rammevilkåra ha betydning. Vurderinga vil derfor kunne variere over tid. Målet er heile tida å setje saman grupper slik at det gir det best moglege utgangspunktet for læring for alle elevane. Omgrepet *trygt* er på tilsvarande måte av same skjønnsmessige karakter. Kravet om sosial tilhør skal ta vare på det behovet elevane har for sosial tryggleik og stabilitet.

Tredje ledd inneber at elevar i private skolar som har godkjenning etter § 2-1, får same rett som elevar i offentlege skolar til å vere knytte til ein

kontaktlærar som har eit særleg ansvar for ein del sentrale gjeremål.

Sjå også vurderingane frå departementet i kapittel 13.

Til § 3-5 fjerde ledd

Føresegna er ny og presiserer at retten til særskild norskopplæring ikkje gjeld for elevar ved norske grunnskolar i utlandet. I dei tilfella da ein elev ved ein norsk skole i utlandet ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet på grunn av manglande norskkunnskapar, vil eleven ha rett til spesialundervisning etter § 3-6.

Sjå også vurderingane frå departementet i punkt 17.3.4.

Til § 3-6 andre ledd første punktum

Føresegna fører vidare gjeldande rett. Tilvisinga til § 1-3 er teken bort da ho er sedd som overflødig.

Til § 3-6 femte ledd

Endringa i ordlyden inneber inga endring i gjeldande rett.

Til § 3-7

Første og andre ledd er ei vidareføring av gjeldande rett. Andre ledd tredje punktum presiserer at det er heimfylket til eleven som er klageinstans ved klage på vedtak om skyss i vidaregåande skolar, jf. § 1-3.

Gjeldande tredje ledd er ikkje ført vidare. Dette inneber at norske grunnskolar i utlandet ikkje lenger har krav på statstilskot til delvis dekning av skyss og innlosjering for elevane. Departementet viser til merknaden til § 6-1 og departementet si vurdering i kapittel 14.3.3. Gjeldande fjerde og femte ledd er nytt *tredje og fjerde ledd*.

Til § 3-8

Endringa i føresegna har ikkje sjølvstendig rettsleg betydning, men klargjer at kommunehelsetenestelova med forskrifter ikkje gjeld i utlandet. Dette følgjer allereie av kommunehelsetenestelova med forskrifter og av alminnelege prinsipp om verkeområdet til lover.

Til § 3-10

Første og andre ledd fører vidare gjeldande rett. I første ledd er omgrepet *klassetrinna* erstatta med *årstrinna* som følgje av endringa i § 3-4. I andre ledd er det presisert at det med *fylkeskommunen* er meint *heimfylket* til eleven, jf. § 1-3. Andre ledd siste punktum er nytt og presiserer at dei norske vidare-

gåande skolane i utlandet sjølv skal gjere vedtak om bortvising. Departementet er klageinstans ved vedtak om mellom anna bortvising, jf. § 3-10 siste ledd.

Tredje og fjerde ledd fører vidare fjerde og femte ledd. Gjeldande tredje ledd blir ikkje ført vidare. Dette inneber at manglande betaling av skolepengar ikkje kan grunngi vedtak om bortvising etter § 3-10. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.5.4.

Til § 3-11 andre punktum

Endringa i ordlyden inneber inga endring i gjeldande rett.

Til § 3-12

Føresegna fører vidare gjeldande rett. Det er gjort endringar i føresegna som følgje av endringar i § 2-1 andre ledd.

Til § 3-13

Første punktum fører vidare gjeldande rett. Andre til fjerde punktum er nytt og slår fast at departementet er klageinstans for enkeltvedtak om permisjon i grunnskolen. Departementet viser til kapittel 17.6.

Til § 4-2 tredje ledd

Føresegna fører vidare gjeldande rett. Det er gjort endringar i første og andre punktum som følgje av endringar i § 2-1 andre ledd. I tredje punktum er det tilføyd ei tilvising til diskrimineringslova. Tilvisinga til diskrimineringslova §§ 4 og 7 er tilføyd som følgje av at diskrimineringslova tredde i kraft 1. januar 2006. Tilvisingane er ikkje uttømmande. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.7.4.

Til § 4-3 fjerde ledd

Endringa i ordlyden inneber inga endring i gjeldande rett.

Til § 4-4

Endringa i ordlyden inneber inga endring i gjeldande rett.

Til § 5-1

Føresegna fører vidare gjeldande rett. Gjeldande første ledd tredje punktum er nytt andre ledd. Gjeldande andre og tredje ledd er nytt tredje og fjerde ledd.

Til § 5-2 andre ledd bokstav c

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett, men presiserer at styret skal vedta både budsjettet og rekneskapen for skolen.

Til § 5-2 andre ledd bokstav f

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett, men presiserer at styret har ansvaret for at skolen har ei forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning.

Til § 5-2 andre ledd bokstav j

Føresegna er ny, og slår fast at styret skal tilsetje dagleg leiar. Myndet kan ikkje delegerast, jf. § 5-2 fjerde ledd. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.8.4.

Til § 5-2 tredje ledd andre punktum

Endringa er ei følgje av endringane i § 7-2.

Til § 5-3 første ledd

Endringane er ei følgje av endringane i § 3-4 andre ledd.

Til § 6-1

Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande §§ 6-1, 6-3 og 6-6 om statstilskot til høvesvis grunnskolar, vidaregåande skolar og særskilde skolar for funksjonshemma. Føresegna omfattar ikkje skolar som er godkjende etter § 6A-1, jf. siste ledd andre punktum og § 6A-8 andre ledd.

Tredje ledd andre punktum gir departementet heimel for å gi forskrift om kommunekorreksjonsfaktoren. Dette har samband med at gjeldande 6-1 nr. 1 andre ledd siste punktum om at det skal «takast omsyn til skilnaden mellom utgiftene i den kommunen der skolen ligg og utgiftene på landsbasis» (kommunekorreksjonsfaktoren), ikkje er vidareført. Departementet viser til vurderingane i kapittel 14.1.5.

Gjeldande § 6-1 nr. 2 andre ledd om tilskot til skyss og innlosjering i utlandet er ikkje vidareført. Departementet viser til § 3-7 og vurderingane i kapittel 14.3.3.

Fjerde ledd presiserer gjeldande forskriftsheimlar i §§ 6-1 nr.1 siste ledd og 6-3 siste ledd. Det er presisert at departementet kan gi forskrift om dokumentasjon for elevtal og om rapportering av elevtal.

Til § 6-2

Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande §§ 6-2 andre og tredje ledd og 6-4 andre og

tredje ledd om høvet til å krevje skolepengar ved grunnskolar, vidaregåande skolar og særskilde skolar for funksjonshemma. Føresegna omfattar ikkje skolar som er godkjende etter § 6A-1, jf. § 6A-8 tredje ledd.

Til § 6-3

Føresegna er ei vidareføring av §§ 6-2 første og fjerde ledd og 6-4 første og fjerde ledd.

Til § 6-4

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande § 6-5 første og tredje punktum om statstilskot til kompletterande undervisning. Det er presisert i føresegna at statstilskot til kompletterande undervisning ikkje kan givast til elevar ved skolar som er godkjende etter privatskolelova.

Gjeldande § 6-5 andre punktum om statstilskot til delvis dekning av skolepengar blir ikkje ført vidare. Departementet viser til vurderingane i kapittel 14.4.4.

Til § 6A-1

Første ledd første punktum slår fast at skolar som var i drift etter kapitlet 13. desember 2005 framleis kan drive verksemda etter lova. Føresegna omfattar også skolar som blir godkjende etter gjeldande unntaksføresegn i § 6A-1 og som var i drift innan utgangen av 2007. Departementet viser til § 8-2.

Første ledd andre punktum slår fast at departementet i særlege tilfelle kan godkjenne driftsendringar ved skolar som er omfatta av første punktum.

I *andre ledd* er det gjort endringar som følgje av endringane i første ledd.

Departementet viser til vurderingane i kapittel 9.4.

Til § 6A-2

Første ledd første til tredje punktum er ei vidareføring av gjeldande rett.

Første ledd fjerde og femte punktum er nytt. Fjerde punktum presiserer at opplæringa skal vere på norsk eller samisk. Departementet viser til vurderingane i kapittel 8.4.4.3. Femte punktum slår fast at departementet i samband med godkjenninga av læreplanen har heimel til å fastsetje kva slags tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet. Departementet viser til vurderingane i kapittel 11.4.

Andre ledd er ei vidareføring av gjeldande rett.

Til § 6A-3 sjette ledd

Som følgje av at det ikkje finst særskilde skolar for funksjonshemma som driv verksemda etter kapittel 6A, er ikkje føresegna ført vidare.

Til § 6A-4 tredje ledd

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Det er tilføyd ei tilvising til diskrimineringslova §§ 4 og 7 som følgje av at denne lova tredde i kraft 1. januar 2006. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.7.4.

Til § 6A-6 tredje og fjerde ledd

Tredje og fjerde ledd fører vidare gjeldande fjerde og femte ledd. Gjeldande tredje ledd blir ikkje ført vidare. Dette inneber at manglande betaling av skolepengar ikkje kan grunngi vedtak om bortvising etter § 6A-6. Departementet viser til vurderingane i kapittel 17.5.4.

Til § 6A-7

Departementet viser til merknadene til §§ 2-2, 2-4, 3-4, 7-1 og 7-2a.

Til § 6A-8

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Departementet viser til vurderingane i kapittel 14.1.5.

Til § 7-1

Første ledd slår fast at alle skolar som får tilskot etter denne lova, skal følgje rekneskapslova og bokføringslova, sjølv om dei ikkje er rekneskapspliktige etter rekneskapslova. Tilsvarande skal alle skolane ha revisjon i samsvar med revisorlova. Føresegnene om krava til å følgje norsk rekneskaps- og revisjonslovgiving gjeld også for norske skolar i utlandet som får tilskot etter denne lova.

Andre ledd gir departementet heimel for å gi forskrifter om rapportering frå private skolar. Det kan vere aktuelt med forskrifter om mellom anna heimel for å krevje rapportering, innhaldet i rapporteringa, krav til spesifikasjon av rekneskapen og gjennomføringa av rapporteringa.

Til § 7-2

Første ledd er ei vidareføring av gjeldande første ledd. *Andre og tredje ledd* er ei vidareføring av gjeldande fjerde og femte ledd.

Til § 7-2a

Første og andre ledd er ei vidareføring av § 7-2 andre og tredje ledd.

Tredje ledd slår fast at første og andre ledd også gjeld der det blir oppdaga forhold som står i strid med andre lover eller forskrifter, for eksempel marknadsføringslova, likestillingslova eller aksjelova, og brot på konvensjonar som Noreg er bunde av. Vilkåret for at første og andre ledd skal gjelde i slike tilfelle, er at forholdet svekkjer tilliten til skolen hos departementet. Kriteriet er retta mot dei tilfella der brot på andre regelverk er relevante for drifta av skolen etter privatskolelova, og såleis for departementet sin tillit til skolen som tilbydar av opplæring til elevane og som mottakar av statstilskot.

Til § 7-4

Føreseгна fører vidare gjeldande rett. Det er berre gjort endringar i ordlyden.

Til § 8-1

Første ledd inneber at departementet ikkje kan godkjenne nye særskilde skolar for funksjonshemma før 1. juli 2009.

Andre ledd gir departementet heimel for å fastsetje nærmare overgangsreglar i forskrift.

Til § 8-2

Første ledd første punktum inneber at kapittel 6A i lova blir oppheva 1. juli 2010. Første ledd andre punktum inneber at også den nemnde føreseгна blir oppheva 1. juli 2010. Departementet viser her til vurderinga i kapittel 9.4.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i friskolelova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i friskolelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i friskolelova

I

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova) blir det gjort følgjande endringar:

Ny tittel på lova skal lyde:

Lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)

§ 1-1 første ledd skal lyde:

Formålet med denne lova er å medverke til at det kan opprettast og drivast *private skolar*, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege.

§ 1-2 skal lyde:

§ 1-2 Verkeområdet

Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskot for *private* grunnskolar og *private* vidaregåande skolar, og vilkår for å få slikt tilskot.

Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av folkehøgskoleloven, fagskoleloven, voksenopplæringsloven eller skolar som driv verksemda si etter opplæringslova § 2-12. Lova gjeld heller ikkje skolar som blir drivne av politiske grupper eller parti på partipolitisk grunnlag.

Lova gjeld ikkje fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester.

§ 1-3 skal lyde:

§ 1-3 Definisjonar

Med heimkommune og heimfylke i denne lova er meint den kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret etter opplæringslova §§ 13-1, 13-2 og 13-3.

§§ 1-4 og 1-5 blir oppheva.

Kapittel 2 skal lyde:

Kapittel 2 Godkjenning med rett til statstilskot

§ 2-1 Godkjenning av skolar

Departementet kan godkjenne *private* skolar og driftsendringar ved godkjende *private* skolar. Depar-

tementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) religiøst
- b) anerkjend pedagogisk retning
- c) internasjonalt
- d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet
- f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshem-
ma

Opplæringa skal vere på norsk eller samisk. Dette kravet gjeld likevel ikkje internasjonale skolar. Viktige dokument om verksemda etter lova skal i alle høve vere tilgjengelege på norsk eller samisk.

Godkjenninga fell bort dersom ein skole ikkje startar opp verksemda si etter lova i løpet av tre skoleår etter at godkjenning vart gitt. Det same gjeld om drifta etter lova blir nedlagd.

Krava i andre ledd om eit særskilt grunnlag gjeld likevel ikkje allereie godkjende skolar som var i drift innan utgangen av 2007. Departementet kan berre godkjenne nødvendige driftsendringar ved skolar som ikkje oppfyller krava i andre ledd.

Departementet kan i forskrift fastsetje fristar i samband med søknader om godkjenning av *private* skolar.

§ 2-2 Krav til verksemda til skolen

Skolen kan ikkje drive anna verksemd enn skole i samsvar med denne lova. Skolen kan likevel drive internat og skolefritidsordning som er knytte til den enkelte skolen.

Skolen må være registrert i Einingsregisteret, jf. enhetsregisterloven, eller i tilsvarende register. Før det blir gitt godkjenning etter § 2-1, må skolen dokumentere at han har ein innskotskapital som tilsvarer minimumsbeløpet i aksjeloven § 3-1 første ledd.

Dersom ein skole har færre enn 15 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort. For norske skolar i utlandet gjeld ei tilsvarande minimumsgrense på 10 elevar. Departementet kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå minimumskrava til elevtal.

§ 2-3 Krav til innhald og vurdering i opplæringa

Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Skolane skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd og § 3-4 første ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom. I samband med godkjenninga fastset departementet kva for tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet.

Departementet kan gi forskrift om krav til læreplanen, vurdering av elevar, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon. Departementet kan også gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar i grunnskolen som får særleg språkopplæring, om godskriving av tidlegare gjennomgådd vidaregåande opplæring eller praksis, og om fritak for den praktiske delen av kompetansemåla i faget kroppsøving i den vidaregåande skolen.

§ 2-4 Krav til skoleanlegg og skolemiljø

Skoleanlegga må vere godkjende av departementet. Anlegga må liggje samla.

Opplæringslova kapittel 9a Elevane sitt skolemiljø gjeld også for skolar godkjende etter lova her. Departementet er klageinstans.

§ 2-5 Forsøksverksemd

I samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk ved ein godkjend skole kan departementet gjere unntak frå lova og forskriftene etter lova.

§ 3-1 første og andre ledd skal lyde:

Skolane skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar, jf. opplæringslova §§ 2-1 tredje ledd og 3-1 første ledd. Dette gjeld òg skolar i utlandet og internasjonale skolar i Noreg.

Ved inntak til vidaregåande skolar skal ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 prioriterast føre vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3. Skolar for funksjonshemma kan også ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring. Heimfylket skal vurdere realkompetansen til

ein vaksen søkjar før han eller ho kan takast inn som elev ved ein vidaregåande skole. Norske vidaregåande skolar i utlandet kan ikkje ta inn vaksne.

§ 3-1 femte ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om inntak av utanlandske søkjarar. Departementet kan gi forskrift om inntak av vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3 i særskilde tilfelle.

§ 3-1 sjuande ledd skal lyde:

Når det gjeld særskilde skolar for funksjonshemma, kan departementet gjere unntak frå reglane i andre ledd.

§ 3-3 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Ein elev som har fått plass ved ein vidaregåande skole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre trinnet med mindre eleven kan visast bort, jf. § 3-10.

Opplæringslova § 3-1 fjerde ledd om omval gjeld tilsvarande for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Heimfylket gjer vedtak.

§ 3-4 skal lyde:

§ 3-4 Tilpassa opplæring og organisering av elevane i grupper

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.

Kvar elev skal vere knytt til ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.

§ 3-5 nytt fjerde ledd skal lyde:

Føresegna gjeld ikkje for elever ved norske grunnskolar i utlandet.

§ 3-6 overskrifta skal lyde:

§ 3-6 Spesialundervisning og pedagogisk-psykologisk teneste

§ 3-6 andre ledd første punktum skal lyde:

Heimkommunen eller heimfylket til eleven sørgjer for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering,

gjør vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene til slik opplæring.

§ 3-6 femte ledd skal lyde:

Føresegna gjeld ikkje opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne.

§ 3-7 skal lyde

§ 3-7 Skyss m.m.

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7-1 første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7-2 første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7-3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7-4 om reisefølgje og tilsyn. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i *grunnskolar* gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur. For elevar i *vidaregåande* skolar gjeld retten til skyss, reisefølgje og tilsyn berre innanfor fylkeskommunegrensa i den fylkeskommunen der eleven bur.

Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjør vedtak om skyss, og dekkjer utgifter etter reglane i opplæringslova § 13-4. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen. *Heimfylket* er klageinstans ved klage på vedtak om skyss i vidaregåande skolar.

Departementet kan gi forskrift om skoleskyss og skyssgodtgjersle, og om at skyssbehovet til elevane i vidaregåande skolar i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.

Føresegna gjeld ikkje opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne, og for elevar ved norske skoler i utlandet.

§ 3-8 skal lyde:

§ 3-8 Helsetilsyn

Forskrift gitt i medhald av *kommunehelsetjenesteloven* § 1-3 femte ledd gjeld for elevar ved skolar i Noreg godkjende etter denne lova. Kommunen der skolen ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta i samsvar med *forskrifta* og å dekkje utgifter for helsetenesta ved skolane etter same reglar som for offentlege skolar.

§ 3-10 skal lyde:

§ 3-10 Bortvising av elevar og tap av rettar

Skolen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga. På *årstrinna* 1-7 kan elevar visast bort for enkelttimar eller for resten av dagen, og på *årstrinna* 8-10 kan

elevar visast bort i inntil tre dagar. Elevar i vidaregåande opplæring kan visast bort i inntil fem dagar. Den daglege leiaren av skolen vedtek sjølv bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Foreldra til elevar på *årstrinna* 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Når ein elev i vidaregåande skole vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven etter vedtak av *heimfylket* visast bort for resten av skoleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skoleåret kan *heimfylket* også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1. *Heimfylket* kan ikkje overlate til skolen å gjøre vedtak etter leddet her om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring. *Norske vidaregåande skolar i utlandet gjør sjølv vedtak om bortvising.*

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningsloven. Avgjerd om bortvising og tap av retten til vidaregåande opplæring er enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2. Departementet er klageinstans.

§ 3-11 andre punktum skal lyde:

Departementet kan gi nærare forskrift.

§ 3-12 skal lyde:

§ 3-12 Fritak frå aktivitetar m.m.

Opplæringslova § 2-3a gjeld tilsvarende for elevar i grunnskolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i grunnskolar som er oppretta av *religiøse grunnar*. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter *føresegna*.

§ 3-13 skal lyde:

§ 3-13 Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa

Når det er forsvarleg, kan skolen gi den enkelte eleven i grunnskolen permisjon i inntil to veker. Ved avgjerd etter *føresegna* gjeld forvaltningsloven. Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2. Departementet er klageinstans.

§ 4-2 tredje ledd skal lyde:

Ved tilsetjing av undervisningspersonale ved skole som er godkjend som *anerkjend pedagogisk retning*, kan departementet også godkjenne alternative kompetansekrav til dei som følger av § 10-1 i

opplæringslova med tilhøyrande forskrift. Ved tilsetjing av undervisningspersonale ved *skole som er godkjend på religiøst grunnlag*, kan departementet også godkjenne tilleggskompetansekrav til dei som følgjer av §10-1 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift. Ved tilsetjing gjeld *arbeidsmiljøloven §§13-3 og 13-4 og diskrimineringsloven §§ 4 og 7*.

§ 4-3 fjerde ledd skal lyde:

Departementet kan gi nærare *forskrift*.

§ 4-4 skal lyde:

§ 4-4 Lønns- og arbeidsvilkår

Undervisningspersonalet har rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarande offentlege skolar.

§ 5-1 skal lyde:

§ 5-1 Styret

Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Skolen sitt styre skal oppnemnst i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter.

Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

- a) ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole,*
- b) ein representant for elevrådet ved skolar som har slikt råd,*
- c) ein representant frå foreldrerådet ved skolar som har slikt råd,*
- d) ein representant for undervisningspersonalet ved skolen,*
- e) ein representant for andre tilsette ved skolen,*
- f) dagleg leiar av skolen.*

Departementet kan i særskilde tilfelle og etter søknad gjere unntak frå andre ledd.

Ved handsaming av saker der det gjeld teiepliktt etter lov og forskrift, skal styret sørge for at personar med møterett som er under aldersgrensa for å vere myndige, må forlate møtet.

§ 5-2 andre ledd bokstav c skal lyde:

vedta budsjett og rekneskap for skolen,

§ 5-2 andre ledd bokstav f skal lyde:

ha ansvar for at skolen har ei forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning,

§ 5-2 andre ledd ny bokstav j skal lyde:

tilsetje dagleg leiar.

§ 5-2 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Styret skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 7-2 *tredje* ledd.

§ 5-3 første ledd skal lyde:

Ved grunnskolar skal det vere elevråd for *årstrinna 5-10 med representantar for elevane*. Skolen fastset talet på *elevrepresentantar*. Vidaregåande skolar skal ha eit elevråd på minst 5 medlemmer med varamedlemmer.

Kapittel 6 skal lyde:

Kapittel 6 Offentlege tilskot og skolepengar m.m.

§ 6-1 Statstilskot

Godkjende skolar får statstilskot til godkjend opplæring med 85 prosent av eit tilskotsgrunnlag per elev. Til grunn for tilskotsgrunnlaget ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skolen. Tilskotsgrunnlaget blir korrigert for utgifter som den offentlege skolen har, men som ikkje skal inngå i tilskotsgrunnlaget. Tilskotsgrunnlaget blir rekna ut særskilt for barnesteget, ungdomssteget og dei ulike utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring.

Grunnskolar får innarbeidd 100 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskott i offentlege skolar i tilskotsgrunnlaget. Vidaregåande skolar får innarbeidd 85 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskott i offentlege skolar i tilskotsgrunnlaget.

For grunnskolar skal det takast omsyn til skilnaden i utgifter mellom små, mellomstore og store skolar. Departementet kan gi forskrift om at det for grunnskolar i Noreg skal takast omsyn til skilnaden i utgiftene i den kommunen skolen ligg, og til utgiftene på landsbasis.

Dei særskilde skolane for funksjonshemma får likevel alle driftsutgifter dekte ved statstilskot etter ein normalsats per elev per skoleår.

Departementet kan gi forskrift om dokumentasjon for elevtal og om rapportering av elevtal. Føresetna gjeld ikkje skolar som er godkjende etter § 6A-1, jf. § 6A-8.

§ 6-2 Skolepengar

Skolar som får statstilskot etter § 6-1 første ledd, kan krevje inn skolepengar. Styret fastset storleiken på skolepengane. Skolepengane kan utgjere inntil 15 prosent av tilskotsgrunnlaget, med eit beløp fastsett av departementet i tillegg for dekning av utgifter til husleige/kapitalkostnader. Departementet kan i særskilde tilfelle gjere tidsavgrensa unntak frå kravet.

Grunnskolar kan ikkje krevje noka form for betaling frå elevane eller foreldre utover det som følgjer av denne føresegna.

§ 6-3 Krav til bruken av offentlege tilskot og skolepengar

Alle offentlege tilskot og skolepengar skal kome elevane til gode. Dette inneber mellom anna at skolen ikkje kan

- a) gi utbytte eller på annan måte overføre overskot til eigarane eller deira nærstående, verken når skolen er i drift eller om drifta blir nedlagd*
- b) pådra seg kostnader i form av leigeutgifter for eiendom eller lokale som tilhører skolens eigarar eller deira nærstående eller på anna måte pådra seg kostnader som kan innebære at alle offentlege tilskot eller eigendelar frå elevane ikkje kjem elevane til gode*

Departementet kan gi nærare forskrift om forbod mot utbytte eller anna overføring som nemnt i første ledd bokstav a.

§ 6-4 Statstilskot til kompletterande undervisning

Til statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevane ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller grunnskole i utlandet, og som ikkje er elevane ved skole som er godkjend etter lova her, kan det givast tilskot til kompletterande undervisning. Departementet kan gi nærare forskrift.

§ 6A-1 skal lyde:

§ 6A-1 Godkjenning

Allereie godkjende skolar, som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar og som var i drift innan utgangen av 2007, har rett til statstilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle godkjenne driftsendringar. For skolar som er godkjende etter føresegna her, gjeld reglane i dette kapitlet.

Departementet kan i forskrift fastsetje fristar i samband med søknad om driftsendringar.

§ 6A-2 skal lyde:

§ 6A-2 Krav til innhald og vurdering i opplæringa

Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planane kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Skolen skal ha læreplanar som er på nivå med planar for offentlig vidaregåande opplæring. Opplæringa skal vere på norsk eller samisk. I samband med godkjenninga fastset depar-

tementet kva for tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det einstilte tilbodet.

Departementet kan gi forskrift om vurdering av elevane, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon.

§ 6A-3 sjette ledd blir oppheva.

§ 6A-4 tredje ledd skal lyde:

Ved tilsetjing gjeld arbeidsmiljøloven §§ 13-3 og 13-4 og diskrimineringsloven §§ 4 og 7.

§ 6A-6 tredje ledd blir oppheva. Noverande fjerde og femte ledd blir nytt tredje og fjerde ledd.

§ 6A-7 skal lyde:

§ 6A-7 Andre føresegner

For skolar som er godkjende etter § 6A-1 gjeld

§ 1-1 om formålet med lova

§ 1-2 om verkeområdet

§ 2-2 om krav til verksemda til skolen

§ 2-4 om krav til skoleanlegg og skolemiljø

§ 3-3 tredje ledd om skolegangen, jf. § 6A-6

§ 3-4 om tilpassa opplæring og organisering av elevane i grupper, med unntak av tredje ledd

§ 3-8 om helsetilsyn

§ 3-9 om ordensreglement og liknande

§ 3-11 om rådgiving

§ 4-1 om leiing

§ 5-1 om styret, med unntak av bokstavane a og c

§ 5-2 om styret sine oppgåver, med unntak av bokstavane a og e

§ 5-3 om elevråd, med unntak av første ledd første og andre punktum

§ 7-1 om budsjett, rekneskap og rapportering

§ 7-2 om tilsyn m.m.

§ 7-2a om moglege reaksjonsformer

§ 7-3 om teieplikt

§ 7-4 om opplysningsplikt til barneverntenesta

§ 7-5 om opplysningsplikt til sosialtenesta.

§ 6A-8 skal lyde:

§ 6A-8 Offentlege tilskot og skolepengar m.m.

Alle offentlege tilskot og skolepengar frå elevane skal kome elevane til gode. Dette inneber mellom anna at skolen ikkje kan

- a) gi utbytte eller på annan måte overføre over- skot til eigarane eller deira nærstående, verken når skolen er i drift eller når drifta blir nedlagd
- b) pådra seg kostnader i form av leigeutgifter for eigedom eller lokale som tilhører skolens eiga- rar eller deira nærstående, eller på annan måte pådra seg kostnader som kan innebere at alle offentlege tilskot eller eigendelar frå elevane ikkje kjem elevane til gode

Departementet kan gi nærare forskrift om forbod mot utbytte eller anna overføring som nemnt i bok- stav a.

Skolane får statstilskot til godkjend opplæring. For skolar godkjende etter § 6A-1 blir 75 prosent av dei driftsutgiftene som kjem inn under tilskotsgrunn- laget, dekte ved statstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein normalsats. Føresetnaden er at elevane får undervisning som minst svarer til eit halvt skoleår. Departementet kan gi forskrift om dokumentasjon for og om rapportering av elevtal.

Skolane kan krevje inn skolepengar. Styret fast- set storleiken på skolepengane. Skolepengane kan utgjere inntil 25 prosent av tilskotsgrunnlaget, med eit beløp fastsett av departementet i tillegg for dek- ning av utgifter til husleige/kapitalkostnader. Departementet kan i særskilde tilfelle gjere tidsav- grensa unntak frå kravet .

§ 7-1 skal lyde:

§ 7-1 Budsjett, rekneskap og rapportering

Skolane skal følgje rekneskapsloven og bokfø- ringsloven og ha revisjon i samsvar med revisorlo- ven. Skolane må leggje fram budsjett og revidert rekneskap etter forskrift fastsette av departementet.

Departementet kan gi forskrift om krav til rap- portering av informasjon om ressursbruk og teneste- produksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem.

§ 7-2 skal lyde:

§ 7-2 Tilsyn m.m.

Departementet fører tilsyn med skolar god- kjende etter denne lova og skal i den samanheng ha tilgjenge til skoleanlegg og dokumentasjon.

Ved opphør av skoledrifta kan departementet i alle tilfelle krevje tilbakeført gjenstående midlar som skriv seg frå det offentlege tilskotet.

Departementet kan gi forskrift som pålegg dei ansvarlege for opplæringsverksemda og dei som mot- tar opplæring, å gi opplysningar og delta i evaluerin-

gar og rapportere om forhold som er av betydning for evaluering av opplæringsverksemda.

Ny § 7-2a skal lyde:

§ 7-2a Moglege reaksjonsformer

Dersom det blir oppdaga forhold i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjenninga, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.

Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova, vilkår i forskrifter gitt med heimel i lova eller føresetnadene for godkjenninga ikkje blir fylte. Departementet kan òg krevje attende for mykje utbe- talt tilskot, og tilskotsmidlar som er brukte i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med hei- mel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjen- ninga.

Første og andre ledd gjeld også dersom det er opp- daga forhold i strid med andre lover og forskrifter, og forholdet svekker tilliten til skolen.

§ 7-4 andre ledd skal lyde:

Utan hinder av teieplikta skal personalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. barnevernloven §§ 4-10 til 4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvor- lege åtferdsvanskar, jf. § 4-24 i den same lova. Også etter pålegg frå dei organa som er ansvarlege for å gjennomføre barnevernloven, skal personalet gi slike opplysningar.

§ 8-1 skal lyde:

§ 8-1 Overgangsreglar

Departementet kan ikkje godkjenne nye skolar etter § 2-1 andre ledd bokstav f før 1. juli 2009.

Departementet fastset nærare overgangsreglar i forskrift.

§ 8-2 skal lyde:

§ 8-2 Føresegn om oppheving

Kapittel 6A opphøyrar å gjelde 1. juli 2010. Det same gjeld § 6-1 siste ledd siste punktum

II

Denne lova trer i kraft på det tidspunkt Kongen bestemmer. Dei enkelte reglane i lova kan tre i kraft til ulik tid.

